



Høgskulen på Vestlandet

Masteroppgave i organisasjon og ledelse

MR691-MA-2024-HØST-FLOW assign

Predefinert informasjon

Startdato: 04-10-2024 00:00 CEST
Sluttdato: 18-10-2024 14:00 CEST
Eksamensform: Masteroppgave
Termin: 2024 HØST
Vurderingsform: Norsk 6-trinns skala (A-F)
Flowkode: 203 MR691 1 MA 2024 HØST
Ekstern sensor: Ekstern sensor 1
Ekstern sensor 2

Deltaker

Kandidatnr.: 344

Informasjon fra deltaker

Antall ord *: 34492

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller of

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Frivilligpolitikk - medverknad, offentleg innovasjon og samskaping på nye måtar?

Voluntary sector policy- participation, public innovation, and co-creation in new ways?

Åge Avedal

Masterstudium i organisasjon og leiing, helse- og velferdsleiing og utdanningsleiing

Fakultet for teknologi, miljø og samfunnsvitskap

Handelshøgskulen HVL

Innleveringsdato: 18. oktober 2024

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord:

Denne masteroppgåva markerer avslutninga på fire år med deltidstudiar i master i organisasjon og leiing ved Høgskulen på Vestlandet. Det har vore fire lærerike og innhaldsrrike år, som har gitt meg kunnskap og erfaringar som eg vil ta med meg vidare i livet. Masterstudien har gitt meg interessante idear, tankar, erfaringar og kunnskap om både frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon – og kanskje nokre bidrag tilbake til samfunnet i ei tid der vi alle må jobbe i lag for å løyse dei store samfunnsutfordringane vi står ovanfor.

Eg vil derfor takke dei som har støtta meg i arbeidet med masteroppgåva, og som har bidratt med nyttige erfaringar og kunnskap i studien. Først og fremst vil eg takke alle informantane, både dei som representerer kommunen og frivilligheita i Stad kommune. Så vil eg rette ei stor takk til rettleiar Jill Merethe Loga, for å ha delt av sin rike kunnskap frå forskingsfeltet, for å ha hjelpt meg med framdrifta og med å løfte prosjektet, og for grundig og stødig rettleiing. Eg vil også takke arbeidsgjevar, Vestland fylkeskommune, som har vore støttande og gjeve meg rom til å kunne arbeide med dette prosjektet. Ein stor takk også til familie og vener som har støtta meg gjennom arbeidet.

God lesing!

Førde 18. oktober 2024

Åge Avedal

Samandrag

Målet med denne studien har vore å finne ut av korleis ein kommune har lagt opp prosessen med å utvikle frivilligpolitikk og på kva måte frivillig sektor er invitert til å medverke i politikktutviklinga. Eg har vidare sett på om den vedtekne frivilligpolitikken har vore med å legge til rette for offentleg innovasjon og nye former for samskaping.

Studien er ein kvalitativ enkeltcasestudie, gjennomført i ein kommune med ein vedtatt *frivilligpolitisk plattform* og med politiske mål om samskaping og innovasjon. I studien går eg i djupna på ein bestemt politikktutviklingsprosess, der eg har gjort metodetriangulering med tre kvalitative teknikkar for datainnsamling: Intervju, observasjon og dokumentanalyse. Til grunn for studien ligg modellar/teoriar om *den politiske stegmodellen*, *iverksetting*, *samskaping*, *offentleg innovasjon* og *magiske omgrep*.

Hovudfunna i studien tyder på at utviklinga av frivilligpolitikk i kommunen har endra seg noko sidan den første frivilligpolitiske plattformen vart vedtatt i 2018 og fram til vedtak av ny frivilligpolitisk plattform hausten 2024. Frivillighet Norge har bidratt aktivt i prosessen alle dei tre gongane det har blitt utvikla og vedtatt frivilligpolitikk, men kommunen tar ei større rolle på innspelsarenaene i 2024. Utviklinga av frivilligpolitikken kan bli sett på som iverksetting av idear nedanfrå, frå frivilligheita, eller ovanfrå, frå til dømes staten, KS og Frivillighet Norge. Frivillige organisasjonar er invitert til å medverke i utforminga av frivilligpolitikken, men er i mindre grad med å sette agenda, iverksette og ta del i evalueringa av politikken. Frivilligpolitikken er med å legge til rette for samskaping på lågare trinn, mellom anna gjennom frivillig innsats i offentlege tenester og innspel i offentlege prosessar. Kommunen ønskjer også å invitere til samskaping på høgare nivå, gjennom gjensidig dialog for å løyse felles utfordringar, men har ikkje utvikla institusjonelle arenaer for samarbeidande innovasjon. Studien viser at frivilligpolitikken i liten grad legg til rette for offentleg innovasjon, og at «samskaping» og «innovasjon» kan karakteriserast som «magiske omgrep» i samband med frivilligpolitikken.

Nøkkelord: Frivillig sektor, kommune, lokal frivilligpolitikk, politikktutvikling, samskaping, offentleg innovasjon, magiske omgrep

Summary

The purpose of this study has been to explore how a municipality has organized the process of developing voluntary sector policy and how volunteers has been invited to participate in the policy process. I have also examined whether the enacted voluntary sector policy has facilitated public innovation and new forms of co-creation.

The study is a qualitative single case study conducted in a municipality with an adopted voluntary policy platform and political goals regarding co-creation and innovation. In the study, I delve into a specific policy development process, employing methodological triangulation with three qualitative data collection techniques: interviews, observations, and document analysis. The study is grounded in models/theories of the *political step model*, *implementation*, *co-creation*, *public innovation*, and *magic concepts*.

The main findings suggest that the development of voluntary policy in the municipality has changed somewhat since the first voluntary policy platform was adopted in 2018, leading up to the adoption of a new voluntary policy platform in the autumn of 2024. Voluntary Norway (Frivillighet Norge) has actively contributed to the process the three times the municipality has developed and adopted voluntary policy, but the municipality has taken a larger role in the input arenas in 2024. The development of voluntary sector policy can be viewed as the implementation of ideas from below, from the voluntary sector, or from above, from the state, KS, and Voluntary Norway. Volunteers are invited to participate in shaping the voluntary policy, but are less involved in setting the agenda, implementing it, and participating in the evaluation of the policy. The voluntary sector policy facilitates co-creation at lower levels, including voluntary contributions to public services and input in public processes. The municipality also invites to co-creation at a higher level through mutual dialogue to address common challenges, but has not developed institutional arenas for collaborative innovation. The study shows that the voluntary policy does little to facilitate public innovation, and that "co-creation" and "innovation" can be characterized as "magic concepts" related to the voluntary policy.

Keywords: Voluntary sector, municipality, local voluntary sector policy, policy development, co-creation, public innovation, magic concepts

Innholdsliste

1	Introduksjon.....	1
1.1	Problemstilling og forskingsspørsmål.....	2
1.2	Studien sin relevans.....	3
1.2.1	Frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon som politiske mål.....	3
1.2.2	Frå klassisk byråkrati til New Public Governance.....	4
1.3	Kunnskapsstatus – samspel mellom offentleg og frivillig sektor.....	5
1.4	Skildring av casekommunen.....	8
1.5	Oppbygging av studien.....	9
2	Teori og analyserammer.....	10
2.1	Utvikling og iverksetting av politikk.....	10
2.1.1	Den politiske stegmodellen.....	10
2.1.2	Iverksettingsteori.....	11
2.2	Samskaping, innovasjon og magiske omgrep.....	12
2.2.1	Samstyring og samskaping.....	12
2.2.2	Offentleg innovasjon.....	15
2.2.3	Samskaping og innovasjon som magisk omgrep.....	16
3	Metodiske val.....	17
3.1	Ein casestudie med deskriptiv og eksplorativ tilnærming.....	17
3.1.1	Vitskapsteoretisk refleksjon.....	18
3.2	Datamateriale i studien.....	19
3.2.1	Intervjudata.....	20
3.2.2	Observasjonsdata.....	21
3.2.3	Dokumentdata.....	23
3.3	Val av informantar.....	23
3.4	Vurdering av datamaterialet sin kvalitet.....	25
3.4.1	Datamaterialet sin validitet.....	25
3.4.2	Datamaterialet sin reliabilitet.....	29
3.5	Refleksjonar kring etikk og personvern.....	30
3.6	Bearbeiding og analyse av datamaterialet.....	31
4	Utvikling og medverknad i frivilligpolitikken. Analyse av forskingsspørsmål 1.....	34
4.1	Frivilligpolitikk i dei to gamle kommunane.....	34
4.2	Utvikling av Frivilligpolitisk plattform 2022-2024.....	36
4.3	Utvikling av ny Frivilligpolitisk plattform 2025-2027.....	40

4.4	Kven har tatt initiativet til å iverksette frivilligpolitikken?	43
4.5	Innan kva stadium er frivilligheita invitert til å medverke politisk?	46
4.5.1	Får frivilligheita vere med å sette politisk agenda?	46
4.5.2	Tar frivilligheita del i politikkkutforming og politiske avgjersler?	48
4.5.3	Blir frivilligheita invitert til iverksetting av frivilligpolitikken?	52
4.5.4	Er frivilligheita med å evaluere frivilligpolitikken?	54
4.6	Utvikling av og medverknad i frivilligpolitikken.....	56
5	Samarbeid på nye måtar? Analyse av forskings spørsmål 2	59
5.1	Legg frivilligpolitikken til rette for samskaping på nye måtar?.....	59
5.1.1	Samskaping på trinn 1 til 3	60
5.1.2	Samskaping på trinn 4	63
5.1.3	Samskaping på trinn 5	66
5.2	Frivilligpolitikken og rammer for offentleg innovasjon	70
5.2.1	Innovative løysingar gjennom politikk.....	71
5.2.2	Innovative prosessar med samhandling frå ulike sektorar	72
5.2.3	Innovative institusjonar – plattformer og arenaer	74
5.3	Samskaping og innovasjon som magiske omgrep?	76
5.4	Legg frivilligpolitikken til rette for samskaping på nye måtar og offentleg innovasjon?	79
6	Oppsummering: Frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon.....	83
7	Vidare forskning	86
8	Litteraturliste.....	87
9	Vedlegg	93
9.1	Vedlegg 1: Informasjonsskriv.....	93
9.2	Vedlegg 2: Samtykkeerklæring	95
9.3	Vedlegg 3: Intervjuguide.....	96
9.4	Vedlegg 4: Kodegruppering	98
9.5	Vedlegg 5: SIKT: Vurdering av behandling av personopplysninger	99

1 Introduksjon

Velferdssamfunnet er i endring. Vi høyrer stadig frå nasjonalt hald og i lokalpolitikken at vi må førebu oss på omstilling og økonomisk utfordrande tider. Det blir av mange tatt til orde for at det offentlege i større grad må løyse oppgåver i lag med privat og frivillig sektor, og det er meir merksemd om «sivilsamfunnets potensial i samspill med og fornying av velferdsstaten» (Loga 2018, s. 58). Stadig fleire kommunar utviklar og vedtar lokal frivilligpolitikk.¹ Samtidig har samskaping mellom offentleg sektor og sivilsamfunnet segla opp som eit offentleg styringsideal, innanfor styringsregimet *New Public Governance* (Røiseland & Vabo, 2016).

Målet med denne masteroppgåva er å sjå på korleis kommunar utviklar lokal frivilligpolitikk, frivilligheita sin medverknad i politikikutviklinga og om samarbeidet mellom kommune og frivilligheita skjer på nye måtar. Eg har i studien tatt utgangspunkt i teoriar om politikikutvikling, samskaping og offentleg innovasjon, og gjort kvalitativt forskingsarbeid i ein mellomstor norsk kommune.

I Noreg har vi lange tradisjonar for samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor. Både KS, kommunesektoren sin organisasjon, og Frivillighet Norge, samarbeidsforumet for frivillige organisasjonar, har lokal frivilligpolitikk som ei satsing.² Det er samtidig ikkje forska så mykje på korleis frivilligpolitikken blir utvikla og korleis frivilligheita kan medverke i utviklinga av frivilligpolitikken, noko eg set lys på gjennom studien.

Dei seinare åra har samskappingsomgrepet tatt norsk offentleg sektor med «storm» (Torfing et al., 2022, s. 15). Samtidig blir det tatt til orde for at offentleg sektor må transformerast til ein «serieinnovatør» (Sørensen & Torfing, 2022). Kan frivilligpolitikken bidra til å skape rammer for samarbeid og samskaping på nye måtar og fremje offentleg innovasjon? Dette er eit felt det så langt ikkje er forska så mykje på, og som eg vil bidra med meir kunnskap om gjennom studien.

¹ <https://www.frivillighetnorge.no/verktoy/offentlige/samhandlingskoden/hvorfor-utvikle-en-kommunal-frivillighetspolitikk/stadig-flere-kommuner-vedtar-en-helhetlig-frivillighetspolitikk>

² <https://www.ks.no/contentassets/d19abaf4f3df4625bdbf455d8f836703/Plattform-for-samspill-og-samarbeid-mellom-frivillig-og-kommunal-sektor-15-.pdf>

1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Eg vil gjennom studien sjå på korleis kommunar utviklar lokal frivilligpolitikk, på kva måte frivilligheita blir invitert til å medverke i frivilligpolitikken og om samarbeidet mellom kommune og frivilligheit skjer på nye måtar. Kommunane er ein viktig demokratisk arena, produsent av velferdstenester og samfunnsutviklar (NOU 2022:10, s. 56-57). Kommunane har også tett samarbeid med sivilsamfunnet – med enkeltpersonar, næringsliv og frivillige organisasjonar. Eg har avgrensa studien til å sjå på forholdet mellom kommune og frivillige organisasjonar.

Eg har gjort kvalitative undersøkingar i Stad kommune, som har politiske mål om både samskaping og innovasjon. Kommunen har også vedtatt ein *frivilligpolitisk plattform* i samhandling med den lokal frivilligheita. Når eg i oppgåva omtalar «frivilligpolitikk» referer eg i hovudsak til den frivilligpolitiske plattformen i kommunen. Samtidig strekker samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita seg utover plattformen, og syner att i andre politiske dokument og ikkje minst i praktisk samhandling i det daglege.

Den overordna problemstillinga for masteroppgåva er:

Korleis utviklar og inviterer kommunar til medverknad om lokal frivilligpolitikk, og kan frivilligpolitikken legge til rette for offentleg innovasjon og nye former for samskaping?

Problemstillinga er vidare organisert i to forskingsspørsmål:

1. Korleis er prosessen rundt utvikling av frivilligpolitikk lagt opp i kommunen, og på kva stadium blir frivilligheita invitert til medverknad i utviklinga av frivilligpolitikken?
2. Kan frivilligpolitikken legge til rette for samarbeid på nye måtar mellom kommunar og frivillige organisasjonar?

Studien er ein enkeltcasestudie der eg går i djupna på ein bestemt politikktviklingsprosess. Eg har gjort metodetriangulering i studien (Grønmo, 2015, s. 67) gjennom tre kvalitative teknikkar for datainnhenting: Intervju, observasjon og dokumentanalyse. I analysekapitla og oppsummeringskapittelet vil eg svare ut problemstillinga og dei to forskingsspørsmåla.

1.2 Studien sin relevans

Som forskingsbidrag er studien min retta inn mot utvikling av frivilligpolitikk og frivilligheita sin medverknad i politikktutviklinga, og mot samskaping og offentleg innovasjon med kommune og frivillige organisasjonar som deltakarar. Frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon er vedtatt som politiske mål både nasjonalt og lokalt, med styringsregimet *New Public Governance* som bakteppe (Osborne, 2006). Både frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon er forskingsfelt som har vakse fram dei siste tiåra, og spesielt seinare år. Eg vil i dei neste kapitla komme nærmare inn på dette.

1.2.1 Frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon som politiske mål

I det offentlege ordskiftet blir det ofte tatt til orde for at det offentlege i større grad må løyse oppgåver i lag med privat og frivillig sektor. Dette er med å løfte interessa for politikk for frivilligheita, og stadig fleire kommunar har vedtatt frivilligpolitikk i samarbeid med frivillige organisasjonar.³ Frivillighet Norge og KS signerte i august 2023 *plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor*.⁴ Her blir det mellom anna slått fast at «Kommunene bør utvikle og iverksette en helhetlig frivillighetspolitikk som gir grobunn for en aktiv og voksende frivillig sektor».⁵

KS er også ein viktig pådrivar for både samskaping og innovasjon. Prosjektet *Sosial innovasjon i kommunene* har som mål å utvikle og sette i verk modellar for samskaping mellom ulike sektorar, med mellom anna ei handbok for «samskapende innovasjonsarbeid».⁶ I innovasjonsbarometeret 2020 undersøker KS korleis kommunar jobbar med innovasjon innan fem sektorar: Helse og omsorg, oppvekst og utdanning, sosial sektor, teknisk sektor og kultursektoren.⁷ Barometeret viser at berre om lag 5 prosent av respondentane oppgir å ha samarbeida med frivillige om innovasjon.

³ <https://www.frivillighetnorge.no/verktoy/offentlige/samhandlingskoden/hvorfor-utvikle-en-kommunal-frivillighetspolitikk/stadig-flere-kommuner-vedtar-en-helhetlig-frivillighetspolitikk>

⁴ <https://www.ks.no/contentassets/d19abaf4f3df4625bdbf455d8f836703/Plattform-for-samspill-og-samarbeid-mellom-frivillig-og-kommunal-sektor-15-.pdf>

⁵ Ibid.

⁶ <https://www.ks.no/fou-sok/2018/164036/>

⁷ <https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/innovasjonsledelse/innovasjonsbarometeret-2020/innovasjonsbarometeret-2020-metodeskriv/>

Samtidig med at frivilligpolitikk har fått auka interesse, blir samskaping halden fram som eit ideal for korleis offentleg sektor kan skape verdiar, levere tenester, utforme politikk og sette i verk tiltak og politiske vedtak i lag med privat og frivillig sektor (Røiseland & Lo, 2019). I stortingsmeldinga *En innovativ offentlig sektor — Kultur, ledelse og kompetanse* (Meld. St.30, 2019–2020) er ordet «samskaping» nytta 12 gongar. *Frivillig sektor* er berre omtalt i nokre korte avsnitt i meldinga, som mellom anna handlar om innovative samarbeid med frivillige organisasjonar innan idrett, kultur og friluftsliv, samt ideelle tenesteleverandørar og sosiale entreprenørar (ibid., s. 70-71).

I frivilligheitsmeldinga *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig — Den statlege frivilligheitspolitikken* (Meld. St.10, 2018–2019) blir det slått fast at «kommunane i samråd med den lokale frivilligheita har fridom til sjølve å utforme sin frivilligheitspolitikk ut frå lokale behov» (ibid., s. 89). Meldinga peikar på at det trengst auka kunnskap om samskaping med sivilsamfunnet i utviklinga av offentlege tenester. Sjølv om ordet «innovasjon» knapt er nytta i meldinga blir det likevel slått fast at «Innovasjonsarbeidet i offentleg sektor omfattar samspel mellom anna med frivillige organisasjonar, deriblant samskaping med sivilsamfunn og frivillige organisasjonar» (ibid., s. 83).

1.2.2 Frå klassisk byråkrati til New Public Governance

Den vestlege verda har vore prega av tre styringsregime etter siste verdskrigen (Røiseland og Vabo, 2016). *Offentleg administrasjon* er det klassiske styringsregimet som utvikla seg spesielt i tiåra etter andre verdskrig, medan *New Public Management* har sett spor etter seg frå 1980-talet og seinare. *New Public Governance* vart først omtalt av Osborne (2006). *New Public Governance* utvikla seg frå 1990-talet og utover, og er sett på som eit supplement til dei to andre styringsregima (Røiseland og Vabo, 2016).

Endringa frå eit regime til eit anna skuldast misnøye med og kritikk av eksisterande styringsformer. *New Public Governance* oppstod som ein kritikk av *New Public Management*, fordi ein oppfatta tenesteproduksjon og iverksetting av offentleg politikk som meir komplekst og fragmentert. Samarbeid mellom offentlege verksemder, private bedrifter og frivillige organisasjonar skulle sikre effektivitet og gjere det lettare å utforme og sette i verk tiltak. Ideane og teoriane om samstyring og samskaping er nært knytt til styringsregimet *New Public Governance* (ibid.).

1.3 Kunnskapsstatus – samspel mellom offentlig og frivillig sektor

Denne studien er eit bidrag til forskinga på frivilligpolitikk og nye former for samskaping og innovasjon i offentlig sektor. Eg bygger på tidlegare forskning, og vil i det følgjande gjere greie for noko av denne forskinga, og korleis studien min bidrar til å fylle eit gap i kunnskapsgrunnlaget. Ein av dei første norske forskingsrapportane som sette lys på utviklinga av kommunal frivilligpolitikk er rapporten *Organisasjonene og det offentlige. Har vi fått en ny frivillighetspolitikk?* (Selle & Strømsnes, 2012). Rapporten er gitt ut av *Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor*, som vart etablert som eit forskingsmiljø i 2008.⁸ Rapporten slår fast at forholdet mellom staten og sivilsamfunnet i lang tid har vore «nært og tillitsbasert» (Selle & Strømsnes, 2012, s. 5). Det var likevel først på 1970-talet at ein starta utviklinga av ein eigen policy for frivillig sektor i Noreg, og midt på 2000-talet vart det i frivilligheitsmeldinga til Stoltenberg-regjeringa tatt til orde for ein meir heilskapleg *kommunal frivilligpolitikk* (ibid., s. 45-46).

Artikkelen *State and civil society – A regime change?* byggjer på rapporten frå 2012, nemnt ovanfor. Her tar Selle, Strømsnes og Loga (2018) føre seg politikktutviklinga innan frivillig/offentleg-samarbeid dei siste 30 åra. I artikkelen peikar dei på at private marknadsaktørar har styrka posisjonen sin som storskala velferdsprodusentar på bekostning av ideelle aktørar. Samtidig er «småskala» frivilligheit like levande og omfattande som før. Denne tendensen blir omtalt på følgjande vis i rapporten frå 2012:

I stedet handler det i stor grad om en orientering mot det vi har kalt småskalafrivillighet. Det er snakk om integrering, om forebyggingsfrivillighet, om å skape den gode samfunnsborger, mens det som man gjerne tenker på som non-profit organisasjoner og frivillige organisasjoner som tjenesteleverandører utgjør en svært begrenset del, eller faller utenfor horisonten når det snakkes om frivillighetsfeltet (Selle & Strømsnes, 2012, s. 34).

I eit av kapitla i rapporten frå 2012 stiller Loga spørsmålet om det finst ein eigen kommunal frivilligheitspolitikk. Ho viser til at det har komme ulike initiativ ovanfrå om å utvikle ein «mer helhetlig frivilligheitspolitikk» i kommunane (ibid., s. 41). Omgrepet

⁸ <https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/om/>

«helhetlig politikk» viser då til behovet for samordning på tvers av ulike sektorar, og mellom ulike styringsnivå innan offentleg sektor. Dette blir gjerne knytt til teoriar om *samstyring*, som er ei norsk omsetting av omgrepet «governance» (ibid., s. 40). Loga har samanlikna ulike kommunar sine planar for frivilligfeltet, og ser eit tydeleg skilje mellom kommunar som vil ha ei aktiv eller passiv tilnærming til frivilligfeltet. Desse skilja er gjerne ideologisk funderte, der høgresida kan ha ønske om desentralisering og fridom for frivilligheita, medan venstresida er meir kjent for sentralstyring og å diktere politikkkutforminga ovanfrå og ned (ibid., s. 75).

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor har gjort fleire studiar av samarbeidet mellom frivilligheita og kommunane. Senteret gav i 2020 ut rapporten *Kommunal frivillighetspolitikk og lokale organisasjoner* (Trætteberg et al., 2020). Rapporten er basert på kvantitative undersøkingar i alle kommunar i landet, samt kvalitative intervjustudier i 11 utvalde kommunar/bydelar. Undersøkingane viser at kommunar med vedtatt frivilligpolitikk samarbeider betre med frivillige organisasjonar, spesielt innan integreringsfeltet og helse- og omsorgsfeltet, men at det også er samarbeid innan utdanning og oppvekst og innan kultur, fritid og idrett. Kommunar med vedtatt frivilligpolitikk har fleire koordineringsorgan og faste møtepunkt med frivilligheita. Dei inviterer i større grad til politikkkutvikling, iverksetting av politikk og til samarbeid om aktivitet. Rapporten peikar også på utfordringar for samspelet mellom kommune og frivilligheit, mellom anna manglande koordinering, kommunikasjon og møtepunkt (ibid.).

I rapporten *Nye samarbeidsrelasjoner mellom kommuner og frivillige aktører*.

Samskaping i nye samarbeidsforhold? (Eimhjellen & Loga, 2017) har 64 kommunar med vedtatt frivilligpolitikk svart på spørsmål som gjeld samarbeidsrelasjonar med lokal frivilligheit. I rapporten blir det peika på at nye samarbeidsrelasjonar mellom kommunar og frivillige aktørar kan bli definert som ulike variantar av samskaping. Rapporten slår også fast at forskinga ser ut til å støtte at samskaping kan gje demokratiske gevinstar, men at samskaping i liten grad ser ut til å føre til innsparing og effektivisering.

I artikkelen *Sivilsamfunnets roller i velferdsstatens omstilling* (Loga, 2018) blir det sett på korleis ulike offentlege styringsdokument argumenterer for auka involvering frå sivilsamfunnet i omstillinga av velferdsstaten. Det blir argumentert for at dette kan gje

økonomisk innsparing, styrka demokratisk legitimitet, auka brukarmedverknad og meir involvering i velferdsproduksjonen. Artikkelen diskuterer tre roller frivillig sektor kan ha i dette samarbeidet. Den første handlar om ideell velferdsproduksjon basert på kontrakt mellom offentlege og frivillige aktørar. Den andre gjeld frivillig arbeid som supplement til offentleg sektor. Den tredje rolla handlar om at frivilligheita i større grad blir tatt med i innovasjonsarbeid, noko som har fått fornya merksemd seinare år (ibid., s. 62-63).

Det tette samarbeidet vi finn mellom frivilligheita og det offentlege i Noreg og Norden blir gjerne omtalt som «demokratimodellen» og «konsensusmodellen» (ibid., s. 59). Dette heng mellom anna saman med uformelle og formelle kontaktformer og arenaer. Gjennom formelle kontaktformer blir frivilligheita invitert til å delta i råd, styre, utval og høyringar. Ofte blir det dratt eit skilje mellom sivilsamfunnet sin politiske og demokratiske funksjon på ei side, og funksjonen som tenesteproducent på den andre sida (ibid.).

Kommunen si samhandling med frivillig sektor aktualiserer også litteraturen om samskaping. Tre av dei som har bidratt i feltet, og som eg har henta litteratur frå i studien, er Torfing, Sørensen og Røiseland. Dei står bak mellom anna artiklane *Samskapelse er bedre og billigere* (2016) og *Samskaping - frå ide til strategi* (2020), som gir eit raskt overblikk over utbreiinga av samskappingsomgrepet i Noreg. I artikkelen frå 2016 introduserer forfattarane «samskapelse» som ein alternativ reformstrategi som er i ferd med å ta over etter fleire tiår med New Public Management, som eit svar på offentleg sektor sine utfordringar med stigande forventningar og knappare økonomiske og menneskelege ressursar. I artikkelen frå 2020 skriv dei at ordet «samskaping» har glidd inn i det norske styringspråket, og blitt ein formell endringsstrategi som pregar samfunnet sterkt. I artikkelen blir det peika på at det er behov for meir kunnskap om korleis samskaping blant anna mellom kommunar og frivillig sektor fungerer i praksis.

I Noreg har vi ei lang historie for samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor, og interessa for frivilligpolitikk har auka jamt sidan 1970-talet (Selle & Strømsnes, 2012). Det nye i samarbeidet er muligens at samskaping har blitt eit styringsideal, slik Torfing mfl. (2020) hevdar, og ei fornya interesse for frivilligheita si rolle i innovasjonsarbeid (Loga, 2018). Det er forska ein del på frivilligpolitikk, samskaping og offentleg innovasjon dei seinare åra. Kunnskapsstatusen som det er gjort greie for ovanfor viser likevel at det er

behov for meir empirisk forskning på utvikling av lokal frivilligpolitikk, frivilligheita si medverknad i politikktutviklinga og om frivilligpolitikken legg til rette for offentleg innovasjon og samskaping på nye måtar. Studien min er eit bidrag til dette.

1.4 Skildring av casekommunen

Casen i denne studien er Stad kommune, ein mellomstor kommune i Vestland fylke. Kommunen har nesten 10 000 innbyggjarar som bur relativt spreidd i ulike tettstadar, bygder og grender. Mange av dei offentlege tenestene er sentrert rundt to litt større tettstadar i kommunen, Nordfjordeid og Selje. Kommunen vart samanslått av Eid kommune, Selje kommune og delar av Vågsøy kommune i 2020. Då kommunane vart slått saman vart Venstre det største partiet og fekk ordføraren. Venstre hadde også ordføraren i Eid kommune før samanslåinga, medan Kristeleg Folkeparti hadde ordføraren i Selje kommune. Senterpartiet vart størst og fekk ordføraren etter kommunevalet i 2023.⁹

Eid kommune hadde brei erfaring med frivilligpolitikk med mellom anna vedtak av ein *frivilligpolitisk plattform*¹⁰ i 2018, medan Selje kommune ikkje hadde ein eigen vedtatt politikk for frivilligfeltet. Stad kommune vedtok i 2021 *Frivilligpolitisk plattform 2022-2024* med følgjande samfunns mål/visjon: «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag. Frivillige og frivillig engasjement er ein viktig grunnstein i å byggje dette samfunnet» (Stad kommune, 2021, s. 2). Stad kommune er interessant for studien min fordi kommunen satsar breitt på frivilligfeltet og dei seinare åra har deltatt i prosjektet «Den samskapende kommunen».¹¹ Kommunen er kjent for å ha eit aktivt frivillig organisasjonsliv som bidrar til og tar initiativet til mange store og små arrangement og satsingar, i tett samarbeid med kommune og private aktørar.

Kommunen sette i gang ei kartlegging blant frivillige organisasjonar i kommunen, gjennomført av Rambøll Management Consulting på vegne av Frivillighet Norge i 2023. Rapporten, som er utgitt av Frivillighet Norge, viser at det er minst 364 frivillige

⁹ <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/ordforar-og-varaordforar/ordforar-og-varaordforar/>

¹⁰ https://stad.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-1461265_11_A!d-2021034893!RGzGNV

¹¹ <https://stad.kommune.no/tenester/samfunnsutvikling/den-samskapende-kommunen-pilot/>

organisasjonar i kommunen. 228 av desse svarte på undersøkinga. Det finst alle slags typar organisasjonar i kommunen, men kulturorganisasjonar (21 %), idrettsorganisasjonar (17 %) og organisasjonstypen lokalmiljø og bustad (17 %) skil seg ut som dei høgast representerte i undersøkinga (Frivillighet Norge, 2023, s. 7-9).

1.5 Oppbygging av studien

Studien er bygd opp med dette første kapitelet som ein introduksjon der eg presenterer problemstilling, forskingsspørsmål og skildrar studien sin relevans knytt til politiske mål og kunnskapsstatus på feltet. I kapittel 2 vil eg presentere det teoretiske rammeverket, som spesielt handlar om *iverksetting* og *den politiske stegmodellen*, teoriar om *samskaping* og *offentleg innovasjon*, og med teoriane om *magiske omgrep* som ein kritisk refleksjon til desse omgrepa og teoriane. I kapittel 3 vil eg gjere greie for dei metodiske vala mine i studien. Kapittel 4 og 5 er studien sin analysedel der eg skal drøfte og diskutere den innsamla empirien i oppgåva i lys av dei to forskingsspørsmåla. Kapittel 6 inneheld oppsummeringar med mål om å svare på oppgåva si problemstilling og kapittel 7 inneheld forslag til vidare forking.

2 Teori og analyserammer


I dette kapittelet vil eg ta for meg relevante teoretiske bidrag og gjere greie for sentrale omgrep i studien. Eg startar med å gjere greie for *den politiske stegmodellen*, som viser politikktutvikling som ein forenkla modell i fem steg: agendasetting, politikktutforming, beslutning, iverksetting og evaluering (Vabo et al., 2020). Eg vil så introdusere teori om *iverksetting* - ein prosess som kan gå ovanfrå og ned eller nedanfrå og opp (Offerdal, 2014). Deretter vil eg presentere idear og teoriar om *samskaping*, der spesielt Torfing mfl. (2019) sine *fem ulike trinn av samskaping* er interessante. Sørensen og Torfing (2022) sine *tre rammer eller nivå for offentleg innovasjon* blir så introdusert, før eg avsluttar teorikapittelet med teoriane om *magiske omgrep* (Pollitt & Hupe, 2011) som eit mogleg kritisk bidrag til ideane om samskaping og innovasjon.

2.1 Utvikling og iverksetting av politikk

Den politiske stegmodellen og *iverksettingsteori* skaper gode analyserammer rundt korleis kommunar kan invitere frivilligheita til medverknad i politiske prosessar. Den politiske stegmodellen skildrar den politiske prosessen som ein forenkla modell med fem steg som går i syklus (Vabo et al., 2020). Iverksettingsteori skildrar det som skjer etter at politiske vedtak er fatta og det er fastlagt politikk på eit samfunnsområde (Offerdal, 2014).

2.1.1 Den politiske stegmodellen

Stegmodellen har vore sentral i studiet av offentleg politikk sidan 1950-talet. Howlett, Ramesh og Perl utvikla *den politiske stegmodellen* som ein forenkla modell med fem steg i 2009 (Vabo et al., 2020), slik figuren nedanfor viser:



Figur 1, *Den politiske stegmodellen* (Vabo et al., 2020, s. 34)

Stegmodellen er skildra gjennom fem steg som går i syklus (Vabo et al., 2020, s. 34-37):

1. Det første steget er *agendasetting*, der offentlege myndigheiter blir merksame på problem i samfunnet, avgjer kva problem som skal få plass på agendaen og definerer problemet sin karakter.
2. På det andre steget, *politikkutforming*, blir mål, verkemiddel, kostnader og effektar greidd ut. Her blir ulike løysingar presentert og syn og interesserer frå ulike grupper blir formidla.
3. *Avgjersle* (beslutning) er det tredje steget, og omfattar prosessane der offentlege myndigheiter bestemmer kva politikk som skal gjelde og kva prosessar som skal legitimere dette valet. I denne fasen kan myndigheitene også legge opp til høyringsprosessar, før dei gjer vedtak i saka.
4. Det fjerde steget er *iverksetting*, der den valde løysinga blir operativ og avgjersle gjort om til handling. Her blir det peika på kven som får ansvar for å gjennomføre politikken og kva ressursar som er til rådvelde. Iverksetting kan studerast som prosessar som går ovanfrå og ned eller som eit samarbeid mellom ulike aktørar.
5. Det femte og siste steget i modellen er *evaluering*, der myndigheitene og offentlegheita vurderer resultatata av vedtatt politikk og sjå om problemet faktisk er løyst eller om den valde løysinga fekk ønska effekt. I denne fasen vurderer ein også om politikken skal vidareførast, justerast eller avsluttast.

Stegmodellen er intuitiv og forenkla, og ikkje ein teori (Vabo et al., 2020). Den har ikkje mål om å forklare kva som skjer, men er normativ ved å uttrykke korleis avgjersle bør bli fatta på ein systematisk måte. Stegmodellen har sine avgrensingar (ibid.). Dette handlar mellom anna om kor rasjonelle politiske prosessar faktisk er og om stega i realiteten følgjer etter kvarandre i sekvensiell logisk orden. Modellen legg vekt på at også aktørar utanfor det offentlege engasjerer seg i dei ulike stega. Av dei fem stega er det berre avgjerslesteget som vanlegvis blir tatt hand om av offentlege myndigheiter åleine.

2.1.2 Iverksettingsteori

I studiet av *iverksetting* blir det retta søkelys mot kva som skjer, om noko, etter at politiske vedtak er fatta og politikken på eit samfunnsområde er fastlagt (Offerdal, 2014). I iverksettingsfasen blir den vedtekne politikken gitt innhald. Det har utvikla seg to

hovudtilnærmingar i studiet av iverksetting, ein som ser iverksettingsprosessen ovanfrå og ned og ein som ser den nedanfrå og opp (ibid.). I ovanfrå-og-ned-tilnærminga tar vi utgangspunkt i målsettingar som er utforma og definert av aktørar sentralt i organisasjonen gjennom politiske vedtak. I nedanfrå-og-opp-tilnærminga går iverksettinga føre seg som eit samarbeid mellom offentleg forvaltning og interesser i samfunnet elles. Dei offentlege myndigheitene som set i verk vedtaka opptrer då i samspel med andre gjennom uformelle strukturar og tilpassing gjennom forhandling, kompromiss, interessepolitikk og nettverksbygging.

Offerdal (2014) skriv at enkelte forskarar meiner at iverksetting føreset prosessar som både går ovanfrå og ned og nedanfrå og opp. På denne måten blir spørsmålet om iverksettingsprosessen lykkast eller ikkje eit spørsmål om organisasjonsstrukturen passar til politikken og spelar på lag med omgjevnadene eller ikkje.

2.2 Samskaping, innovasjon og magiske omgrep

Ideane og teoriane om *samskaping* har blitt populære dei seinare åra, knytt til det nye styringsregimet *New Public Governance* (Torfing et al., 2019). Teoriane om *fem ulike trinn av samskaping* er sentrale i studien min av om frivilligpolitikken legg til rette for samskaping på nye måtar (ibid.). Samskaping blir også sett i samanheng med idear og teoriar om *offentleg innovasjon*. Sørensen og Torfing (2022) skildrar tre rammer som kan fremje offentleg innovasjon, som eg vil nytte i studien: Politiske avgjersler og vedtak, samarbeid på tvers og plattformer og arenaer for innovasjon. Spørsmålet er likevel i kva grad omgrepa *samskaping* og *innovasjon* står på eigne bein, eller om dei i realiteten er «*magiske omgrep*», slik enkelte tar til orde for (Pollitt & Hupe, 2011; Torfing et al., 2022)? Teoriane om samskaping, offentleg innovasjon og magiske omgrep skaper viktige analyserammer for studien min av frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon.

2.2.1 Samstyring og samskaping

I følgje Osborne (2006) utvikla styringsregimet *New Public Governance* seg på 1990-talet som ein kritikk av New Public Management. Røiseland og Vabo (2016) har gitt New Public Governance det norske ordet «samstyring», definert som «den ikke-hierarkiske prosessen hvorved offentlige og/eller private aktører og ressurser koordineres og gis felles retning

og mening» (ibid., s. 21). Medan samstyringsomgrepet er nært knytt til det engelske ordet «governance» (ibid., s. 18) har «samskaping» utspring frå det danske omgrepet «samskapelse» (Torfing et al., 2020, s. 28) og det engelske omgrepet «co-creation» (Torfing et al., 2016, s. 31). Det finst ulike definisjonar av omgrepet samskaping. Eg vil i denne oppgåva nytte definisjonen «at offentlige og private og/eller sivile aktørar arbeider saman gjennom å dele kunnskap og ressurser med kvarandre» (Røiseland & Lo, 2019, s. 54). Både samstyring og samskaping blir nytta som omgrep i offentleg styring, der offentleg og sivil sektor samarbeider. Teoriane om dei er derfor nyttige for studien, men eg vil i hovudsak konsentrere meg om samskaping i dei seinare delane av oppgåva.

Torfing, Sørensen og Røiseland (2019) sine tankar om *co-creation* (omsett til *samskaping*) er med å fylle ut teoriane. Dei skildrar fem ulike trinn av samskaping (ibid., s. 11-12):

1. Det lågaste trinnet handlar om å myndiggjere innbyggjarane til å delta i produksjonen av velferdstenester som dei blir tilbydd av det offentlege.
2. Trinn to utvidar dette til at innbyggjarar også tar del i frivillig arbeid for å styrke dei offentlege velferdstenestene.
3. På det tredje trinnet er enkeltpersonar eller grupper med å spele inn i prosessar der oppgåver og løysingar blir utforma, gjennom til dømes digital dugnad, fokusgruppe-intervju og offentlege høyringar.
4. På det fjerde trinnet er offentlege og private aktørar i gjensidig dialog med kvarandre gjennom ad hoc møte, for å skape nye og betre løysingar og koordinere implementeringa av desse.
5. På det øvste trinnet er sivil og privat sektor deltakarar på institusjonelle arenaer saman med offentleg sektor, der det blir lagt til rette for samarbeidande innovasjon med mål om å sette agenda, definere problem, designe og teste nye løysingar og koordinere implementeringa i lag.

Det kan vere vanskeleg å realisere samskapinga sitt fulle potensial, fordi ein må gjere avvegingar av i kva grad ein vil involvere sivilsamfunnet i avgjersle- og iverksettingsprosessar (ibid.). Torfing mfl. (2019) meiner likevel at offentleg sektor har mykje å hente på å involvere sivilsamfunnet i alle delar av prosessane, og at dette må vere det ultimate målet med samskaping.

Røisland og Vabo (2016) skriv at samstyring kan vere ei nødvendig tilpassing til utfordringane offentlege myndigheiter skal handtere, i eit samfunn som har endra seg mykje dei siste 20-30 åra. Samstyring kan likefullt vere ei problematisk styringsform. Det ser vi spesielt i konfliktfylte situasjonar, i tilfelle der makt og innflytelse står på spel eller om aktørane ikkje kjenner gjensidig nytte av å styre i lag (ibid.). Ved samstyring kan det vere vanskelegare å plassere ansvar, sidan avgjerslene blir tatt utanfor dei demokratiske systema. Dermed kan det bli reist spørsmål ved den demokratiske legitimiteten.

Torfinng mfl. (2019) skildrar fleire ulike risikoar ved samskaping. Dette handlar om at samskaping kan favorisere sterke grupper med ressursar til å ta del i prosessane, og at deltaking frå ikkje-valde aktørar kan svekke den demokratiske legitimiteten. Samskapinga kan verte kostbar gjennom ressursane som blir brukt på å fasilitere og delta i prosessane, og den kan medføre destruktive konflikter. I verste fall kan samskaping legitimere kostnadskutt der det offentlege dumpar oppgåver over på sivilsamfunnet (ibid.).

På den andre sida kan samskaping ha mange fordelar (ibid.). Først og fremst handlar dette om å auke den demokratiske deltakinga og offentlege diskusjonen i ei tid der mange ønskjer å spele ei meir aktiv rolle i offentlege prosessar. Den kan også legge til rette for meir effektive løysingar og fremje innovasjon. Og ikkje minst kan samskaping styrke sosialt samhald og skape meir fleksible samfunn ved å gje meir makt til lokale aktørar, styrke den gjensidige tilliten og utvide den sosiale kapitalen (ibid.).

Røisland og Vabo (2016) tar til orde for ei viss styring av samstyringa, og at både over- og understyring kan vere uheldig. Dette stemmer langt på veg med det Torfinng mfl. (2019) skriv om metastyring av samskaping, som handlar om at det offentlege bør legge til rette for, ramme inn, støtte og delta i samskapinga – utan å ty til for mykje kontroll.

Torfinng og Ansell (2021) skriv at det offentlege bør jobbe med å utvikle plattformer og arenaer som kan støtte opp under og fasilitere samskaping. Både digitale og fysiske plattformer er viktige i prosessane der ein skal diskutere felles utfordringar. Medan plattformene er relativt permanente infrastruktur, er arenaene meir midlertidige og relativt sjølv-organiserte stadar for deltaking, kommunikasjon, avgjersle og felles aksjonar.

2.2.2 Offentleg innovasjon

Offentleg sektor har endå ikkje blitt transformert til ein «serieinnovatør», i følgje Sørensen og Torfing (2022), og dei lanserer derfor «three orders of public innovation», omsett til tre rammer eller nivå for offentlig innovasjon, som dei meiner kan vere med å styrke offentlig sektor sin innovative kapasitet. Innovasjon kan bli definert som «the development and implementation of new and promising solutions that break with common wisdom and existing practices in a particular context» (ibid., s. 37).

Sørensen og Torfing argumenterer for meir forskning på innovasjon i offentlig sektor, og meiner at medan innovasjon i privat sektor handlar om profitt er hovudmålet med offentlig innovasjon å løyse problem og spesielt «wicked problems» (ibid., s. 37).

Det er tre nøkkelutfordringar som krev auka fokus på innovasjon i det offentlege (ibid., s. 27): 1. Auka krav til offentlege tenester kombinert med avgrensa ressursar. 2. Fleire komplekse problem som det er vanskeleg å finne løysingar på. 3. Målet om å gjere verda betre ved å fjerne fattigdom, analfabetisme, dødelege sjukdomar mv.

Sørensen og Torfing lanserer derfor *tre rammer eller nivå for offentlig innovasjon* (ibid., s. 39-46):

1. *Innovative løysingar gjennom politiske avgjersler og reguleringar*, som medfører at offentlege tenester blir produsert på nye måtar. Ei innovativ politikkkutforming er nødvendig når dagens politikk ikkje kan levere ønska resultat.
2. *Innovative prosessar med gjensidig samhandling på tvers av sektorar og miljø*, med auka fokus på «generative governance» (omsett til generativ samstyring) gjennom t.d. samarbeidande innovasjon, «design thinking» og samskaping.
3. *Innovative institusjonar i form av permanente plattformer eller ad hoc arenaer* for samarbeidande innovasjon, slik som workshop, nettverk og partnerskapsgrupper. Dei innovative institusjonane kan gjerne vere meta-styrt av offentlege aktørar, og både nye og eksisterande institusjonar kan fungere til formålet.

Sørensen og Torfing (2022, s. 45-46) tar til orde for læring, regulering og transformering mellom dei tre nivåa eller rammene for innovasjon, og ser dette som viktig for å utvikle offentlege sektor til ein *serieinnovatør*.

2.2.3 Samskaping og innovasjon som magisk omgrep

I diskursen rundt offentlig styring finst det i følgje Pollitt og Hupe (2011) enkelte ord, såkalla *magic concepts* (omsett til *magiske omgrep*), som har ei retorisk særstilling, på grunn av orda sitt breie omfang, store fleksibilitet og positive konnotasjonar. Dei magiske omgrepa har nokre felles kjennetrekke (ibid., s. 643): 1. Dei er breie og har multiple, overlappende og tidvis motstridande definisjonar som gjerne er knytt til andre konsept/ord. Dei har breitt omfang og høg valens. 2. Dei er normative og med positive konnotasjonar, noko som betyr at det er vanskeleg å vere imot dei, og dei blir gjerne brukt for å erstatte utdaterte idear om offentlig styring. 3. Dei impliserer konsensus, ved å heve seg over tradisjonelle samfunnsvitskaplege tankar om interesser som står i konflikt med kvarandre. 4. Dei har global «salsverdi», er fasjonable og ofte brukt i politiske dokument, som titlar på reformprosjekt eller som tema for seminar og artiklar.

Dei magiske omgrepa har ein del begrensingar, i følgje Pollitt og Hupe (2011). Omgrepa i seg sjølv tar oss ikkje langt og er ikkje del av ein spesifikk ideologi eller interessegruppe. Det er heller ikkje mogleg å hente ut bestemte reglar eller handlingar frå dei, sidan naturen deira er for abstrakt og generell. Sjølv om dei magiske omgrepa er upresise og ustabile, spelar dei likevel ei sentral rolle i artikuleringa av offentlege reformer, påverkar akademisk og hjelper med å sette agenda og skape debatt. Krafta i omgrepa kan bidra til å skape endringar og innovasjon (ibid.). Pollitt og Hupe (2011) peikar på fleire omgrep med desse kjenneteikna, slik som *innovation*, *governance*, *accountability* og *networks*.

I følgje Torfing, Sørensen og Breimo (2022, s. 2) passar «samskaping» godt til definisjonen av eit magisk omgrep, som ein abstrakt, men positivt lada term som lovar å løyse nøkkelpoble. Dei har sett på korleis samskaping har blitt tatt i bruk i offentlig sektor i Noreg, og korleis det blir spreidd mellom organisasjonar og nivå. Gjennom studiane peikar dei på at meiningsinnhaldet i omgrepet ser ut til å variere, men at samskaping har fått svært stor rekkevidde på knapt ti år. Samskaping har i følgje Torfing mfl. «taken the Norwegian public sector by storm» (ibid., s. 15). Utifrå dette kan ein hevde at samskaping og innovasjon er ord med ei retorisk særstilling som magiske omgrep. Teoriane om magiske omgrep kan vere med å danne eit kritisk bakteppe i diskusjonane om samskaping og innovasjon, noko eg kjem tilbake til i analysedelen.

3 Metodiske val

I dette kapittelet vil eg gjere greie for dei metodiske vala eg har gjort og datamaterialet som er samla inn i studien. Eg har valt å gjere ein enkeltcasestudie der eg går i djupna på ein bestemt politikktutviklingsprosess i ein kommune med mål om å studere utviklinga av lokal frivilligpolitikk, frivilligheita sin medverknad i politikktutviklinga og om denne kan legge til rette for offentleg innovasjon og samskaping på nye måtar. Eg har gjort metodetriangulering i studien (Grønmo, 2015, s. 67) gjennom tre kvalitative teknikkar for datainnhenting: Intervju, observasjon og dokumentanalyse.

3.1 Ein casestudie med deskriptiv og eksplorativ tilnærming

Formålet med studien har vore å undersøke kommunar sitt arbeid med å utvikle lokal frivilligpolitikk, frivillig sektor sin medverknad, og om frivilligpolitikken kan legge til rette offentleg innovasjon og samskaping på nye måtar. Med utgangspunkt i dette bestemte eg meg tidleg for å bruke *casedesign*. Casestudiar handlar om å studere samfunnsfenomen i sin verkelege kontekst, der grensene mellom fenomenet og konteksten ikkje er klare og der vi brukar fleirfaldige datakjelder (Bukve, 2021). Casedesign blir ofte sett i samanheng med kvalitative studiar. Det sentrale er at ein vil studere eit sosialt fenomen i sin heilskap og kontekst. I studien min er ein kommune konteksten for studien, der samarbeidsforholdet mellom frivillig sektor og kommunen er sentralt.

Tidleg i studien vurderte eg å gjennomføre ein komparativ casestudie mellom to kommunar, for å kunne samanlikne kommunane sitt arbeid med frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon. På denne måten kunne eg ha fokusert på variasjon innan ramma av fenomenet eg skulle studere (Bukve, 2021). Eg valde etter kvart å gjennomføre ein *enkeltcasestudie* med utgangspunkt i problemstillinga «Korleis utviklar og inviterer kommunar til medverknad om lokal frivilligpolitikk, og kan frivilligpolitikken legge til rette for offentleg innovasjon og nye former for samskaping?». Dette for å redusere omfanget av studien og for å kunne gå meir i djupna på ein konkret politikktutviklingsprosess på frivilligfeltet. Eg fant at komparasjon medførte svært mange variablar med stor relevans, til dømes kommunestorleik, ulikt politisk styre og ulike erfaringar med frivilligpolitikk. Eg har derfor gjennomført ein enkeltcasestudie i ein kommune med vedtatt frivilligpolitikk, med samskaping og innovasjon som sentrale politiske mål.

Til grunn for studien ligg teoriar om politikktutvikling, spesielt *den politiske stegmodellen* (Vabo et al., 2020) og *iverksettingsteori* (Offerdal, 2014). Studien er verken reint induktiv, dvs. empiridreven, eller deduktiv, dvs. teoridreven, men *abduktiv* – ved at den startar med empiri, men der teori spelar inn i forskingsprosessen (Tjora, 2017, s. 33). Basert på dette har eg valt følgjande som forskingsspørsmål nr. 1: *Korleis er prosessen rundt utvikling av frivilligpolitikk lagt opp i kommunen, og på kva stadium blir frivilligheita invitert til medverknad i utviklinga av frivilligpolitikken?* Dette forskingsspørsmålet har ein deskriptiv og beskrivande karakter. Målet med slike studiar er «å avdekke og belyse faktiske forhold eller fenomenar i samfunnet» (Grønmo, 2015, s. 376).

Forskingsspørsmål 2: *Kan frivilligpolitikken legge til rette for samarbeid på nye måtar mellom kommunar og frivillige organisasjonar?* har ein meir eksplorativ karakter. Eksplorerande studiar er «undersøkelser innenfor et tema hvor man vet lite» (Tjora, 2017, s. 257). Til grunn for dette forskingsspørsmålet ligg teoriar om samskaping og innovasjon, spesielt Torfing mfl. (2019) sine *fem ulike trinn av samskaping* og Sørensen og Torfing (2022) sine *tre rammer eller nivå for offentlig innovasjon* (mi omsetjing). Med dette forskingsspørsmålet vil eg undersøke om kommunen sin vedtekne frivilligpolitikk kan ha ført til nye former for samskaping på høgare trinn og om frivilligpolitikken er med å legge til rette for offentlig innovasjon med frivilligheita og kommune som dei viktigaste aktørane. Eg skal altså ikkje gjere ein effektstudie av denne frivilligpolitikken, noko som ville ha vore ei krevjande oppgåve. Eg skal heller søkje etter døme på nye former for samarbeid som kan relaterast til den bestemte frivilligpolitikken.

3.1.1 Vitskapsteoretisk refleksjon

Målet med studien er å sjå på ein bestemt politikktutviklingsprosess i éin kommune med utgangspunkt i problemstillinga «Korleis utviklar og inviterer kommunar til medverknad om lokal frivilligpolitikk, og kan frivilligpolitikken legge til rette for offentlig innovasjon og nye former for samskaping?». Gjennom stillinga mi i Vestland fylkeskommune har eg frivilligfeltet som eit sentralt arbeidsområde, der eg mellom anna har vore med å utvikle *Kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor i Vestland*¹² og har ansvar for oppfølging av

¹² [Kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor i Vestland](#)

ordninga *tilskot til utvikling av lokal frivilligpolitikk*.¹³ Casekommunen, Stad kommune, er ein av kommunane som har fått tilskot gjennom ordninga. Eg har også lang erfaring som frivillig, tillitsvald og tilsett i frivillige organisasjonar, og er folkevald i kommunen eg bur i – noko som bidrar til at eg har stor interesse for både frivilligfeltet og politikktutvikling.

Når det gjeld det vitskapsteoretiske perspektivet tilseier den kvalitative tilnærminga med enkeltcase og innsamling av tre typar data at studien min er nærmare *konstruktivisme* enn *positivisme*. Positivismen ser kunnskap som uavhengig av sosiale prosessar forut for forskinga (Thagaard, 2018, s. 41), medan det konstruktivistiske perspektivet ser forskingskunnskap som resultat av relasjonen mellom forskar og dei som blir studert. Forskar og dei som blir forska på utformar kunnskapen i fellesskap (ibid., s. 41). Egholm (2014) skriv at sosialkonstruktivismen er kritisk og frigjerande, opptatt av korleis fenomen blir skapt i den konkrete konteksten og at menneska er representantar for overordna kollektiv definert gjennom diskurs og sosiale konstruksjonar.

Mi forforståing av politiske prosessar som folkevald og av frivilligfeltet gjennom dagens jobb og mange år i ulike frivillige organisasjonar vil medføre at eg tar ei aktiv rolle i kunnskapsutviklinga i studiane, i tråd med sosialkonstruktivistisk perspektiv. Mi eiga rolle som forskar og tilsett i fylkeskommunen, med erfaring frå frivilligfeltet og politisk arbeid, tilseier at eg ikkje er ein fråkopla forskar som studerer fenomenet objektivt og på distanse. Dette kan vere til fordel i forskingsarbeidet, men eg må også passe på at ikkje mi eiga forforståing blir dominerande i det empiriske arbeidet og i analysen og drøftinga av empirien i lys av teori.

3.2 Datamateriale i studien

Studien min er basert på kvalitativ metode, der formålet er å sjå på korleis ein kommune utviklar og inviterer frivillig sektor til medverknad i frivilligpolitikken, og om dette kan legge til rette for offentleg innovasjon og samskaping på nye måtar. Kvalitative metodar er ofte kjenneteikna ved at ein er spesielt merksam på konteksten studien blir gjennomført i og at forskaren har nærleik til dei ein forskar på (Tjora, 2017). Både frivilligpolitikk,

¹³ <https://vestlandfylke.no/kultur/kunst-og-kulturutvikling/tilskot-til-utvikling-av-lokal-frivilligpolitikk/>

samskaping og innovasjon er felt det har blitt forska ein del på, samtidig er det forska mindre på samanhengen mellom dei, slik eg har gjort greie for i første kapittel.

Datagrunnlaget består av *primærdata*, slik som intervjudata og observasjonsdata som eg sjølv har gjennomført, og *sekundærdata*, slik som dokument produsert av andre. Sidan eg har nytta fleire datakjelder, har eg gjennomført ei metodetriangulering, der eg kombinerer ulike data (Grønmo, 2015). Metodetriangulering er med å auke dataene sin eksterne validitet (Bukve, 2021), noko eg vil komme tilbake til seinare i kapittelet.

3.2.1 Intervjudata

Ein stor del av studien sitt datagrunnlag vart henta inn gjennom intervju med 11 informantar, slik det er gjort greie for i tabell 1 nedanfor. Informantane er engasjerte som frivillige med leiarverv i ulike frivillige organisasjonar eller er tilsette i kommunen, anten som leiarar eller som rådgjevarar/medarbeidarar med frivillig sektor som del av arbeidsfeltet. Eg gjennomførte dei fem intervjuar med representantar frå frivillige organisasjonar som individuelle intervju. Intervjuar med dei tilsette i kommunen gjennomførte eg som to fokusgruppeintervju, det eine med tilsette med leiarstillingar og det andre med medarbeidarar utan leiarfunksjon.

For å sikre at dei relevante og aktuelle tema for studien vart dekkja, valde eg å ha ein viss grad av struktur på intervjuar. Samtidig var det behov for fleksibilitet med omsyn til rekkefølga på spørsmåla og det å kunne stille oppfølgingsspørsmål. Dette førte til at eg valde å gjennomføre semistrukturerte intervju / djupneintervju, som er kjenneteikna ved at intervjuet har ein halvfast struktur (Tjora, 2017). Eg valde å stille opne spørsmål for å la informantane snakke fritt om tema. Eg sendte ut spørsmåla til alle informantane på førehand, slik at dei fekk høve til å førebu seg til intervjuet.

Eg nytta den same intervjuguiden ved alle intervjuar, for å kunne stille mest mogleg like, men likevel opne spørsmål. Intervjuguiden er lagt ved oppgåva. Eg varsla på førehand at intervjuar ville ta mellom 45 og 60 minutt. Dette stemte i praksis, med unntak av det eine fokusgruppeintervjuet som varte i om lag 75 minutt. I dette tilfelle spurte eg informantane om vi kunne gå over tida, for å komme gjennom alle spørsmåla.

Alle intervjua vart gjennomført digitalt via *Teams*. Eg bad om og fekk løyve til å gjere opptak av alle intervjua, og desse vart transkribert ved hjelp av *Teams*. Transkriberinga kravde stor bearbeiding i etterkant, då ord og setningar ofte var ufullstendige. Ved å gjere intervjua digitalt var at det var lettare å få gjennomført dei trass i stor avstand. Samtidig fekk eg høve til å helse på åtte av informantane fysisk gjennom deltakinga mi på frivilligkvelden i januar 2024, der eg gjorde observasjon. Dei tre informantane eg ikkje hadde møtt fysisk ringte eg til for å spørje om dei kunne tenke seg å delta i studien. Eg opplevde det at eg hadde snakka med alle deltakarane på førehand som ein fordel i gjennomføringa av dei digitale intervjua. Alle informantane fekk også e-post før intervjua med spørsmåla frå intervjuguiden, informasjon om studien og samtykkeskjema.

Tabell 1: Oversikt over informantar

#	Rolle	Sektor	Type intervju
F1	Tillitsvald og frivillig	Frivillig sektor	Individuelt
F2	Tillitsvald og frivillig	Frivillig sektor	Individuelt
F3	Tillitsvald og frivillig	Frivillig sektor	Individuelt
F4	Tillitsvald og frivillig	Frivillig sektor	Individuelt
F5	Tillitsvald og frivillig	Frivillig sektor	Individuelt
K1	Leiar	Kommunal sektor	Gruppeintervju 1
K2	Leiar	Kommunal sektor	Gruppeintervju 1
K3	Leiar	Kommunal sektor	Gruppeintervju 1
K4	Rådgjevar/medarbeidar	Kommunal sektor	Gruppeintervju 2
K5	Rådgjevar/medarbeidar	Kommunal sektor	Gruppeintervju 2
K6	Rådgjevar/medarbeidar	Kommunal sektor	Gruppeintervju 2

3.2.2 Observasjonsdata

Til grunn for studien ligg observasjonsdata frå to årlege arrangement i kommunen, det eine frå *frivilligkveld* i januar 2024 og det andre frå *innbyggjartreff* i august 2024. Eg har skrive observasjonsnotat frå begge arrangementa.

Det deltok om lag 90 deltakarar under frivilligkvelden, der ca. 15 var frå kommunen og resten frå frivillige organisasjonar. Eg hadde avtalt deltakinga mi med tilsette kommunen,

og gjennomførte ein såkalla interaktiv observasjon (Tjora 2017, s. 62). Dette innebar at eg som observatør var synleg for deltakarane og veksle mellom å ha ei aktiv og passiv observatørrolle. Eg hadde på førehand avtalt med ordstyrar at eg skulle presentere meg kort og fortelje at eg jobba med ei masteroppgåve om frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon. Dette gjorde eg tidleg i møtet, og var dermed synleg for deltakarane.

Eg synest det var litt utfordrande å avgjere kva eg skulle fokusere særskilt på under observasjonen. Eg landa ned på at eg ville ha ei open tilnærming, men sjå spesielt på dynamikken mellom tilsette i kommunen og representantar frå frivilligheita. Eg observerte også kva som kom opp av forslag, idear og tankar som gjeld samarbeid mellom kommune og frivilligheita. Frivilligkvelden hadde som eit av måla at deltakarane skulle få komme med innspel til rulleringa av kommunen sin frivilligpolitiske plattform. Frivilligkvelden skaffa meg på denne måten nyttige observasjonsdata til studien.

Den andre observasjonen gjorde eg under innbyggjartreff i august 2024. I invitasjonen¹⁴ stod det at alle innbyggjarar, lag og organisasjonar var invitert, og at frivillige lag og organisasjonar kunne delta med stand og aktivitetar. Det var 32 standar frå frivillige organisasjonar og eit stort infotorg frå kommunen. Eg hadde avtalt at eg ville observere innbyggjartreffet med ein av arrangørane frå kommunen. Eg gjennomførte dermed ein såkalla interaktiv observasjon (Tjora 2017, s. 62), der eg som observatør var synleg for deltakarane og veksle mellom å ha ei aktiv og passiv observatørrolle. Eg hadde ei open tilnærming i observasjonen, men nytta høve til å snakke med ein del frå både frivilligheita og kommunen om temaet for studien min. Dette for å få innblikk i synspunkt som gjeld frivilligheita sin medverknad, frivilligpolitikk og samarbeid/samskaping.

Tabell 2: Oversikt over observasjonar

#	Arrangement/tiltak	Tidspunkt for observasjon
O1	Frivilligkveld	Januar 2024
O2	Innbyggjartreff	August 2024

¹⁴ <https://stad.foreningsportal.no/nyhet?pamelding--stand-ogeller-inspirasjonssamling-pa-innbyggjartreffet-2024-for-lag-ogorganisasjonar-eigenorganiserte-frivillige-tilsette-politikarar-og-andre-interesserte-i-stad-kommune&Id=42291>

3.2.3 Dokumentdata

Ein viktig del av datagrunnlaget mitt kom frå ulike typar dokument. Eg har spesielt nytta to styringsdokument frå kommunen, *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032* (Stad kommune, 2020) og *Frivilligpolitisk plattform 2022-2024* (Stad kommune, 2021). Eg nytta også rapporten frå ei kartlegging blant frivillige organisasjonar i kommunen hausten 2023, samt kommunen sitt samandrag frå frivilligkvelden januar 2024, der eg deltok som observatør (sjå avsnittet ovanfor). Tabell med dokumentdata er lagt ved nedanfor.

Alle dokumenta eg har nytta er offentlege tekstar. Formålet med analysen har vore å nytte dei som ei kjelde til eit sakstema. Det er derfor viktig med ei kritisk vurdering av kjeldene (Thagaard, 2018, s. 117). Eg har nytta dokumentdata i arbeidet med analysen av begge forskingsspørsmåla, både korleis kommunen har utvikla og invitert frivilligheita til å medverke i frivilligpolitikken, og om frivilligpolitikken har lagt til rette for offentlig innovasjon og samskaping på nye måtar. Eg har ikkje gjort ei systematisk tekstanalyse av dokumenta, men har gjort ei koding av dei, med mål om å utvikle kodegrupper, i tråd med stegvis-deduktiv induktiv-metoden (Tjora, 2017), som eg vil skildre seinare i dette kapittelet. Eg har nytta data frå dokumenta i analysekapitla i oppgåva.

Tabell 3: Oversikt over dokumentdata

#	Produsent/forfattar	Tittel
1	Frivillighet Norge (Rambøll Management Consulting)	Kartlegging av frivillige organisasjoner i Stad kommune 2023
2	Stad kommune	Samandrag av frivilligkveld 2024
3	Stad kommune	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032
4	Stad kommune	Frivilligpolitisk plattform Stad kommune 2022-2024

3.3 Val av informantar

I dette avsnittet vil eg forklare korleis eg har kome fram til utval av informantar. Eg har valt Stad kommune som case-kommune, og har derfor rekruttert alle informantane frå denne kommunen. Eg valde to strategiar for utveljing, *strategisk utval* og *snøballmetoden*. Strategisk utval betyr å nøye vurdere kven i kommunen det vil vere

strategisk å snakke med, med utgangspunkt i problemstillinga (Grønmo, 2015). Snøballmetoden inneber at ein byrjar med eit lite utval som gradvis veks ved at forskarane får tips til nye informantar frå førstekontaktane (Tjora, 2017).

Sidan eg allereie kjente enkelte tilsette og frivillige i kommunen starta eg med å ta kontakt med ein av dei eg kjenner som er tilsett i kommunen og som jobbar med frivilligfeltet. Vedkomande bad meg om å snakke med nærmaste leiar, noko eg gjorde. Eg spurte begge desse om dei kunne tenke seg å vere informantar i prosjektet, i tråd med det ein kan kalle strategisk utval (Grønmo, 2015). Eg spurte òg om dei ville hjelpe meg med å finne fram til fleire aktuelle informantar blant kommunen sine tilsette og frivilligheita i kommunen, i tråd med snøballmetoden (Tjora, 2017).

Begge dei tilsette kom med tips om andre i kommunen som kunne vere aktuelle informantar, med og utan leiaransvar. Eg kom derfor fort fram til tre leiarar og fire medarbeidarar/rådgjevarar som eg spurte om å delta i studien. Eg fekk ja frå alle leiarane og tre av medarbeidarane. Eg vart samd med informantane frå kommunen om å gjennomføre to fokusgruppeintervju, eitt med leiarane og eitt med medarbeidarane. Eg såg det som nyttig å dele i to grupper, for å kunne få svar frå leiarhald i det eine intervjuet og frå medarbeidarar som jobbar i førstelinjetenesta ut mot frivilligheita i det andre.

Når det gjeld val av informantar frå frivillig sektor spurte eg kommunen sine tilsette om hjelp til å lage ei liste over personar frå ulike delar av kommunen som hadde vore frivillige i nokre år, helst med tillitsverv frå organisasjonar innan ulike område (kultur, idrett, friluftsliv, nærmiljø etc.). To av medarbeidarane i kommunen sa ja til å hjelpe meg med dette. Etter nokre veker fekk eg tilsendt ei liste med om lag ti namn på frivillige frå organisasjonar innan ulike område og frå ulike delar av kommunen. Tre av informantane gjorde eg intervjuavtale med under frivilligkvelden i januar 2024, og to via telefon. Den eine av desse var ikkje med på lista eg fekk frå dei tilsette i kommunen, men kom som tips frå ein av informantane frå frivilligheita. Alle dei fem frivillige takka ja til å bli intervjuet. Dei representerte organisasjonar innan idrett, grendelag, religiøs organisasjon og barne- og ungdomsorganisasjon. Dei fleste informantane var engasjerte i fleire ulike organisasjonar. Fullstendig oversikt over informantane og deira roller er lagt inn i tabell 1.

3.4 Vurdering av datamaterialet sin kvalitet

I dette delkapittelet vil eg reflektere over eige datamateriale og kvaliteten på det.

Kvaliteten i studien heng saman med forskinga sin *validitet, reliabilitet og overførbarheit* (Thagaard, 2018). Validitet handlar om gyldigheita til resultata vi kjem fram til og korleis vi tolkar dei, reliabilitet handlar om forskinga sin pålitelegheit, medan overførbarheit er knytt til om forståinga vi utviklar innanfor ramma i eit prosjekt også kan vere relevant i andre situasjonar (ibid.).

3.4.1 Datamaterialet sin validitet

Validiteten til datamaterialet handlar om gyldigheita – om undersøkinga er utforma slik at vi kan bruke data til å trekke slutningar om tilsvarende fenomen eller meir generelle forhold på forsvarleg vis (Bukve, 2021). Vi kan snakke om tre typar av validitetskrav: *intern validitet, ekstern validitet og konstruksjonsvaliditet* (ibid.). Eg vil kommentere mi forskning utifrå desse tre krava i dei neste avsnitta.

Den *interne validiteten* handlar om vi har trekt rette slutningar om årsakssamanhengar i datamaterialet – om vi har gode argument for samsvar mellom den teoretiske modellen og mønstera i observasjonar og data (ibid.). Den interne validiteten er på denne måten ei vurdering av om studien er gjennomført på ein tilfredsstillande måte og om konklusjonane i årsakssamanhengane er gyldige (Grønmo, 2015).

I studien min la eg stegmodellen, iverksettingsteori og teoriar om samskaping og innovasjon til grunn for problemstillinga og forskingsspørsmåla. Eg hadde frå før valt ein case-kommune som hadde utvikla og vedtatt frivilligpolitikk for nokre år sidan, etter medverknad frå frivilligheita. Kommunen hadde også satsa på samskaping ved å delta i eit fleirårig prosjekt med dette som mål, og har både samskaping og innovasjon som mål i kommuneplanen sin samfunnsdel. Valet av case-kommune for studien vil eg vurdere til å vere med å styrke den interne validiteten, sidan kommunen har satsa på område som ligg nær teorigrunnet i studien – politikktutvikling, samskaping og innovasjon.

Når det gjeld intervjudata så har eg samla inn datamateriale frå i alt 11 forskjellige informantar, gjennom fem enkeltintervju med frivillige og to fokusgruppeintervju med i

alt seks tilsette i kommunen med frivilligheit som del av ansvarsområdet. Informantane vart rekruttert gjennom to utvalsstrategiar, *strategisk utval* og *snøballmetoden* (Grønmo, 2015). På denne måten fekk eg rekruttert informantar som var kjent med frivilligfeltet i kommunen. Det var viktig for meg å få gjort intervju både med representantar frå kommunen og frivilligheita. Forskingsspørsmåla byggjer på teoriane i studien og var retningsgivande for intervjuguiden. Både mengda av informantar, rekrutteringa av informantar og det at forskningsspørsmåla og spørsmåla i intervjuguiden er knytt mot teoriane i prosjektet kan vere med å styrke den interne validiteten.

Dei fleste av informantane var kjent med at kommunen hadde vedtatt ein frivilligpolitisk plattform og alle var kjent med dei årlege møteplassane der frivilligheita er invitert til innspel, samarbeid og læring. Alle informantane, utanom éin frå frivillig sektor, kjente til kommunen sitt arbeid med samskaping. Informantane frå kommunen var meir kjente med både den frivilligpolitiske plattformen, møteplassane og arbeidet med samskaping enn informantane frå frivilligheita. Eg hadde gode samtalar med alle informantane gjennom intervjuet, men erfarte at kunnskapen om kommunen sin frivilligpolitikk var dels mangelfull hos enkelte av informantane frå frivilligheita. Spørsmåla i intervjuguiden fungerte stort sett godt, og gav meg relevante svar. Eg måtte tidvis komme med supplerande opplysningar til spørsmåla, spesielt dei som galdt frivilligpolitikk og samskaping. Eg erfarte at omgrepet «frivilligpolitikk» vart for upresist for enkelte av informantane frå frivilligheita, og måtte då forklare at dette handla om den frivilligpolitiske plattformen. Eg måtte også bruke supplerande opplysningar og spørsmål knytt til samskaping på høgare trinn. Alle informantane vart utfordra til å seie kva dei legg i omgrepa «samskaping» og «innovasjon», og kom med nokså likelydande svar på dette. Eg opplevde gjennom intervjuet at informantane ofte tok opp dei same emna, til dømes at kommunen oftare inviterer til møteplassar, samarbeid og innspelsmøte no enn tidlegare. På denne måten vil eg påstå at studien innanfor enkelte område nærma seg ei metning (Tjora, 2017) som er med å auke studien sin interne validitet.

Observasjonane eg gjennomførte var også styrt av det teoretiske rammeverket for prosjektet og forskningsspørsmåla. Eg fokuserte her spesielt på korleis frivilligheita medverkar i utviklinga og iverksettinga av politiske vedtak, i tråd med stegmodellen, og på teikn til samskaping mellom kommunen og frivillige. Observasjonen av frivilligkvelden

i januar 2024 gav meg relevante data til studien, spesielt knytt til medverknad og samskaping. Eg har nytta observasjonsnotatet aktivt, og meiner observasjonen av frivilligkvelden hadde høg intern validitet i studien. Observasjonen av innbyggjartreffet i august 2024 gav ganske lite data, då det var ein utfordrande arena å observere med over 30 ulike stands. Eg vurderer derfor denne observasjonen til å ha lågare intern validitet.

I analysen av dokumentdata i studien har eg også leita etter data som kan underbygge teoriane og forskingsspørsmåla. Dei to politiske dokumenta eg har nytta, *Frivilligpolitisk plattform 2022-2024* (Stad kommune, 2021) og *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032* (Stad kommune, 2020) har gitt meg mange relevante data, og dermed styrka den interne validiteten i studien. Dei to andre dokumenta eg analyserte, *Samandrag frivilligkveld 2024* (Stad kommune, 2024) og rapporten frå *Kartlegging av frivillige organisasjoner i Stad kommune 2023* (Frivillighet Norge, 2023) gav meg færre data, og hadde mindre validitet i studien. Jamt over vurderer eg både observasjonsdata og dokumentdata til å vere med auke studien sin interne validitet.

Den *eksterne validiteten* handlar om kor vidt ein kan trekke generaliserte slutningar om årsakssamanhengar frå den aktuelle studien og til andre situasjonar (Bukve, 2021; Yin, 2018). I casesdesign vurderer vi ekstern validitet ut frå eit spørsmål om casane er teoretisk eller strategisk representative (Bukve, 2021). Ekstern validitet er ikkje nødvendigvis målet i ein enkeltcasestudie. I studien min er det ikkje gitt at ein kan trekke generaliserte slutningar om årsakssamanhengar i casekommunen til andre kommunar. Dette tyder på at den eksterne validiteten ikkje er særleg høg. Det at eg gjorde ei metodetriangulering med intervju, observasjon og dokumentdata som kjelder, kan likevel vere med å løfte den eksterne validiteten, sidan eg har nytta ulike datakjelder i studien (ibid.).

Tjora (2017, s. 239) skisserer tre former for generalisering i kvalitativ forskning: naturalistisk generalisering, moderat generalisering og konseptuell generalisering. *Naturalistisk generalisering* handlar om at ein gjennom rapporteringa av forskinga er tydeleg nok i forklaringane til at lesaren sjølv kan vurdere om funna har gyldigheit. *Moderat generalisering* handlar om at forskaren kan velje å skildre i kva situasjonar resultatata kan vere gyldige. *Konseptuell generalisering* handlar om at ein ved kvalitativ forskning kan utvikle konsept, typologiar eller teoriar som vil ha relevans for andre tilfelle

enn dei som er studert. Tjora (2017) er tydeleg på at hans sympati går i favør av den siste forma for generalisering. Konseptuell generalisering er også målet med SDI-metoden (ibid., s. 245). For å sikre relevans utover data som er analysert i prosjektet nyttar ein tidlegare forskning og teoriar, som støttar opp under større gyldigheit og generalisering. Dette blir gjort i steget *konseptutvikling* i SDI-modellen (ibid., s. 245-246). Det er då viktig at generaliseringa ikkje blir gjort direkte ut frå det empiriske materialet, men etter systematisk koding og kodegruppering. Dette kan sikre ei konseptuell generalisering.

Eg har i analysen av det empiriske datamaterialet i studien nytta SDI-metoden, i tråd med Tjora (2017) sine skildringar. Dette kjem eg tilbake til seinare i kapitlet. SDI-metoden har vore med å strukturere analysen min gjennom induktive prosessar der eg har jobba frå data mot teori og deduktive prosessar med inntil seks testar for å sjekke det teoretiske mot det empiriske (ibid.). Metoden var nyttig i analysen for å skape struktur og utvikle kodar og kodegrupper, og eg vil påstå at denne måten å jobbe seg gjennom det empiriske materialet har vore med å gjere den eksterne validiteten høgare. Samtidig har det vore utfordrande å konseptualisere tema for studien. Formålet har først og fremst vore å gå i djupna på ein case for å få auka forståing for eit fenomen og nokre omgrep. Ein annan casekommune eller andre informantar frå den valde casekommunen kunne ha gitt til dels andre resultat og potensielt styrka ekstern validitet. Studien er derfor kanskje berre middels eigna til generalisering. Funna frå studien er likevel med å gje ny kunnskap om område som det ikkje er forska så mykje på, og kan vere nyttige som bidrag både for å forklare eit fenomen og i vidare forskning på frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon.

Konstruksjonsvaliditet handlar om kor vidt data faktisk målar det teoretiske omgrepet vi vil måle (Bukve 2021). Dette for å sikre at ein studerer det ein vil studere – om t.d. eit intervjuobjekt forstår tema og omgrep det blir spurt om (Yin, 2018). Det er derfor viktig at vi ved utforming av spørjeskjema og intervjuguide er merksam på om spørsmåla er eigna til å etablere operasjonelle mål på dei teoretiske omgrepa vi brukar (Bukve, 2021).

Det kan vere krevjande å vurdere konstruksjonsvaliditet, og eg kan risikere å feiltolke informantane si forståing av omgrep og fenomen. I studien min har eg vore spesielt opptatt av å finne ut av korleis informantane ser på involveringa av frivilligheita i utviklinga av frivilligpolitikk og om dei meiner at det blir lagt til rette for samskaping og

innovasjon. Fleire av desse omgrepa kan vere utfordrande å forstå, og informantane kan legge ulik meining i dei. Eg merka meg fort at det var naudsynt å presisere kva eg meinte med «frivilligpolitikk», at eg faktisk meinte den frivilligpolitiske plattformen. Eg endra derfor spørsmålsformuleringa på dette punktet på dei seinare intervjuane. At informantane hadde ulik forståing av kva som ligg i omgrepet «frivilligpolitikk» kan vere med å svekke konstruksjonsvaliditeten. Informantane gav nokså like svar på kva dei meiner ligg i omgrepa «samskaping» og «innovasjon». Dei vart også spurt om dei kjente til om kommunen nytta desse orda i samband med frivilligpolitikken. Mange svarte at kommunen ofte nytta ordet «samskaping», men i mindre grad «innovasjon». Det at eg brukte såpass med tid i intervjuane på å få fram informantane si eiga tolking av omgrepa, for å sjå om det stemte overeins med dei teoretiske definisjonane, vil eg påstå er med å styrke konstruksjonsvaliditeten i studien.

Det er heller ikkje så enkelt å vurdere konstruksjonsvaliditeten i dokumenta som eg har nytta i studien. «Samskaping» er nytta ein del som omgrep i dei to politiske dokumenta eg har analysert, men berre to gongar i samandraget frå frivilligkvelden 2024 og ikkje i det heile i rapporten etter kartleggingsundersøkinga blant frivilligheita hausten 2023. «Innovasjon» er ikkje nytta i verken samandraget eller rapporten, og berre nokre få gongar i eit av dei politiske dokumenta. Under observasjonane eg gjennomførte av frivilligkvelden januar 2024 og innbyggjartreffet i august 2024 merka eg meg at både eg sjølv og enkelte av dei eg snakka med nytta ordet «samskaping» ein del i samtalanene, men at vi i liten grad nytta ordet «innovasjon». Eg har ikkje problematisert dette noko vidare i observasjonsnotatane. Både «samskaping» og «innovasjon» er omtalt som såkalla «magiske omgrep» (Pollit & Hupe, 2011; Torfing et al., 2022) med eit mangfaldig innhald, slik eg har skildra det i teori- og analysedelen. At omgrepa er såkalla «magiske» kan vere med å svekke konstruksjonsvaliditeten i studien min.

3.4.2 Datamaterialet sin reliabilitet

Reliabilitet handlar om kor vidt ei undersøking er påliteleg. Då står dei empiriske målingane og samanhengane i fokus, og ikkje samanhengen mellom teori og empiri. Undersøkinga er påliteleg om andre som gjennomfører undersøkinga på ny, får dei same resultatane (Bukve, 2021; Yin 2018). Målet er å unngå feil om forskingsprosjektet blir gjentatt (Yin, 2018). Validitet er viktigare i denne typen kvalitativ studie enn reliabilitet.

Sidan eg nyttar ein sosialkonstruktivistisk innfallsvinkel (Egholm, 2014) i studien er det viktig å streke under at forskingskunnskapen er eit resultat av relasjonen mellom forskar og dei som blir studert. Det vil seie at forskar og dei som blir forska på utformar kunnskapen i fellesskap (Thagaard, 2018). Dette betyr at ein annan forskar vil kunne komme fram til andre resultat enn studien min. For å styrke reliabiliteten har eg derfor vore så transparent som mogleg med framgangsmåten i prosjektet, slik at resultatata kan bli så nær som mogleg om studien blir gjennomført av nokon andre og med eit anna case.

Eg har nytta semistrukturert design på intervju, noko som medfører at informantane si forståing og meiningar kan bli endra over tid. Dermed kan vi ikkje sikre at resultatata blir dei same om forskinga blir gjentatt. Gjennomføringa av intervju og formuleringane til intervjuar vil også påverke svara frå informantane. Observasjonane og analysen av dokument er også prega av meg som forskar. Eg vil derfor konkludere med at reliabiliteten i forskingsprosjektet mitt ikkje er særleg høg, samanlikna med eit meir positivistisk designa forskingsprosjekt. Designet, intervjuguiden og skildringa av prosessen er likevel tilgjengeleg for alle, noko som er med å gjere undersøkinga meir transparent.

3.5 Refleksjonar kring etikk og personvern

Som forskarar møter vi på ein del ulike etiske problemstillingar. Det er derfor viktig å ha ein gjennomtenkt plan for korleis vi tar omsyn til etikk og personvern hos informantane (Thagaard, 2018). Etiske omsyn i forskingsarbeid er regulert gjennom forskrifter, lover, verdiar og normer.¹⁵ Det er særleg viktig å ta i vare personvern og handtere data på ein god måte. Dei etiske retningslinjene for forskning krev «redelighet og nøyaktighet i hvordan vi presenterer forskningsresultatene, og hvordan vi vurderer andre forskeres arbeid» (Thagaard, 2018, s. 20-21). Desse etiske retningslinjene handlar om behandling av personopplysningar, om at forskaren må ha deltakaren si informerte samtykke, ta i vare konfidensialitet og vurdere konsekvensane forskinga kan ha for deltakarane (ibid.).

For å kunne hente inn data av informantar skal ein, i følge god forskningsetikk, søkje *SIKT – kunnskapssektorens tenesteleverandør* – om godkjenning før ein hentar inn

¹⁵ <https://www.hvl.no/forsking/forskingsetikk/>

forskningsdata.¹⁶ Eg starta prosessen rundt informantar med å sende inn meldeskjema til SIKT, der eg gjorde greie for dei delane av prosjektet som handla om personvern. Problemstillinga handla ikkje om eit sensitivt tema, kravde ikkje innsikt i sensitive personopplysningar og informantane var vaksne. Dette gjorde til at eg hadde færre etiske utfordringar knytt til personopplysningar. Gjennom prosessen med å utarbeide meldeskjema må forskaren gjere val knytt til mellom anna datahandtering og personvern. Dette er med å styrke etikken i forskingsarbeidet. Eg fekk vurdering/godkjenning frå SIKT før eg starta arbeidet med observasjon og intervju. Vurderinga er lagt ved oppgåva.

Eg gjorde ei rekke grep for å informere og ta vare på personvernet til informantane, samt behandle data på ein god måte. Først av alt gav eg informantane god informasjon om forskingsprosjektet, først via samtale og så gjennom e-post i forkant av intervjuet. Her fekk dei informasjon om rettane sine og at dei kan trekke seg frå studien. Informantane fekk også tilsendt spørsmåla frå intervjuguiden og eit samtykkeskjema med informasjon om studien som måtte signerast før intervjuet. Eg gjekk kjapt gjennom denne informasjonen ved starten av intervjuet. Eg utforma ein intervjuguide med spørsmål om temaet. Det var lett å unngå personlege og sensitive opplysningar i intervjuguiden, sidan temaet for studien ikkje var av sensitiv karakter.


Eg gjorde opptak av intervjuet via Teams frå kontoen min hos Høgskulen på Vestlandet, noko som gjorde at berre eg hadde tilgang til desse – og at videoopptaka vart sletta etter tre månader. Alle intervjuet vart transkribert og lagra trygt på område som berre eg har tilgang til. Eg valde å anonymisere alle informantane, slik at dei kunne snakke fritt og ope rundt problemstillinga. Eg har også passa på å vere tru mot dei innsamla data ved å ikkje vri på informantane sine ord slik at dei passar inn i forskaren sitt bilde av kva eg ønskjer at forskinga skal vise. På denne måten har eg tatt personvernet til informantane godt i vare.

3.6 Bearbeiding og analyse av datamaterialet

Analyseprosessen, der eg gjennom datatriangulering har vore gjennom eit relativt omfattande datamateriale, har vore både spennande og ressurskrevjande. Eg har nytta

¹⁶ <https://sikt.no/tjenester/personverntjenester-forskning/fylle-ut-meldeskjema-personopplysninger>

stegvis-deduktiv induktiv (SDI)-metode i analysen (Tjora, 2017). Metoden er basert på ein induktiv prosess der ein jobbar frå data mot teori med opp mot sju trinn: 1. Generering av empiriske data, 2. Bearbeiding av data, 3. Koding, 4. Gruppering av kodar, 5. Utvikling av konsept, 6. Diskusjon av konsept og 7. Teoriutvikling. Det er også ein deduktiv prosess med inntil seks testar som skal gjennomførast mellom kvart av dei sju induktive trinna, der ein sjekkar frå det «meir teoretiske» til det «meir empiriske»: 1. Utvalstest, 2. Datatest, 3. Kodetest, 4. Grupperingstest, 5. Konsepttest og 6. Teoritest. Prosessen er ikkje så lineær i røyndomen, men modellen dannar likevel eit godt utgangspunkt for systematikk og framdrift i eit kvalitativt forskingsprosjekt (ibid.). Figuren nedanfor viser korleis modellen er bygd opp, og i det vidare vil eg forklare nærmare korleis eg har nytta den i analysearbeidet:



Figur 2: Stegvis-deduktiv induktiv metode (Tjora, 2017, s. 19)

Eg starta prosessen med å samle inn data gjennom intervju, observasjon og dokument, og gjorde så ein enkel utvalstest. Deretter bearbeidde eg data gjennom transkripsjon og observasjonsnotat. Eg nytta Teams sitt digitale transkripsjonsverktøy, men måtte gå gjennom tekstane igjen – samtidig med at eg lytta meg gjennom intervjuet – for å få transkriberinga korrekt. Eg gjennomførte så ein datatest for å sjekke om dataene var relevante og hadde OK detaljeringsgrad. Eg koda deretter data frå intervju, observasjon og dokument, og gjennomførte ein kodetest for å teste om kodane var empirinære. I neste steg grupperte eg kodane for å samle like kodar og skilje ut irrelevante kodegrupper. Dette var ei nyttig øving der det danna seg mønster i datamaterialet.

Etter å ha koda datamaterialet gjorde eg kontinuerlege grupperingstestar for kvar grupperte kode, for å kople ein kode til ei eksisterande gruppe eller opprette ei ny kodegruppe. Eg erfarte undervegs at eg hadde for mange kodegrupper, og måtte derfor slå saman kodegrupper med likt innhald. Etter å ha sortert, forkasta kodar og testa kodegruppene, landa eg til slutt ned på 20 ulike kodegrupper (vedlagt). Eg gjekk så i gang med å prøve å utvikle konsept basert på kodegruppene og teste desse. Dette gjorde eg ved å knytte kodegruppene opp mot teoriane i studien, *stegmodellen*, *iverksettingsteori*, *samskaping*, *innovasjon* og *magiske omgrep*. 17 av dei 20 kodegruppene kunne knytast mot teoriar, medan dei tre siste var meir generelle syn på arbeidet med frivillig sektor.

I følge Tjora (2017) kan det vere utfordrande å komme opp på dei høgste nivåa i SDI-modellen, der ein kan gjere teoritestar og utvikle teoriar. Dette har heller ikkje vore eit mål i studien min. SDI-modellen har like fullt hjulpet meg mykje med å strukturere og analysere datamaterialet. På denne måten er studien min *abduktiv*, med ein posisjon mellom *induksjon* og *deduksjon* (Thagaard, 2018). Ei abduktiv tilnærming inneber at vi «både utvikler teori på grunnlag av systematiske og dyptpløyende analyser, og at vi tolker data i lys av eksisterende teori» (ibid., s. 184).

Analysedelen har eg valt å dele i to, der kvar del er knytt mot eit forskingsspørsmål. I kapittel 4 ser eg det empiriske materialet i lys av teoriar opp mot forskingsspørsmål 1. Denne delen er i hovudsak av deskriptiv og beskrivande karakter (Grønmo, 2015). I kapittel 5 ser eg det empiriske materialet i samanheng med teoriar knytt til det andre forskingsspørsmålet. Denne analysedelen er av meir eksplorativ karakter (Tjora, 2017).

4 Utvikling og medverknad i frivilligpolitikken. Analyse av forskingsspørsmål 1

I dei to neste kapitla vil eg presentere funna i studien min med tilhøyrande analyse. Eg har valt å organisere analysedelen etter dei to forskingsspørsmåla, der kapittel 4 tar for seg forskingsspørsmål 1: *Korleis er prosessen rundt utvikling av frivilligpolitikk lagt opp i kommunen, og på kva stadium blir frivilligheita invitert til medverknad i utviklinga av frivilligpolitikken?* Analysen blir gjort i lys av det teoretiske rammeverket i studien, *iverksettingsteori* (Offerdal, 2014) og *den politiske stegmodellen* (Vabo et al., 2020).

Eg har organisert kapittelet slik at eg i dei tre første delkapitla går empirisk gjennom korleis kommunen la opp prosessen med å utvikle frivilligpolitikk. Eg startar med ein gjennomgang av korleis dei to kommunane som i dag er slått saman til Stad kommune jobba med politikk for frivilligfeltet. Deretter vil eg skildre korleis den nye kommunen utvikla *Frivilligpolitisk plattform 2022-2024*. Eg vil så skildre prosessen kommunen er inne i no med å utvikle ein ny frivilligpolitisk plattform for 2025-2027. I dei seinare delkapitla vil eg legge teori til grunn for analysen. Eg ser då først på utviklinga av frivilligpolitikken i lys av teoriar om *iverksetting*. Deretter ser eg på spørsmålet om kva stadium frivilligheita blir invitert til å medverke i frivilligpolitikken, spesielt relatert til *den politiske stegmodellen*. Kapittelet blir avrunda med ei oppsummering av forskingsspørsmål 1 – om prosessen rundt utvikling av frivilligpolitikk og frivilligheita sin medverknad i arbeidet.

4.1 Frivilligpolitikk i dei to gamle kommunane

Stad kommune, der eg har gjennomført studien, er ein mellomstor kommune med nesten 10 000 innbyggjarar. Kommunen er samanslått av Eid og Selje kommune, og delar av Vågsøy kommune. Eg har gjennom studien sett på korleis dei to tidlegare kommunane jobba med frivilligfeltet, og om dei har hatt ein vedtatt frivilligpolitikk. Dei to kommunane var til dels ulike både når det gjeld innbyggjartal, natur, sentralitet, nærings- og arbeidsliv, offentlege tenester, kultur- og fritidstilbod, og kva parti som styrte kommunane.

Selje kommune, den minste av kommunane, låg langs kysten og hadde i 2019 eit folketal på 2747 innbyggjarar fordelt på mange grender og to tettstadar.¹⁷ Jordbruk og fiske, industri og reiseliv var dei viktigaste næringane, i tillegg til offentleg forvaltning. Kultur- og fritidstilboda i kommunen var i stor grad organisert gjennom frivillige organisasjonar. Kommunen fekk eigen frivilligsentral i 2019, kort tid før samanslåing til ny kommune (K5).

Eid kommune låg langs fjorden og hadde i 2019 eit folketal på 6151 innbyggjarar, der over halvparten var busett i den største tettstaden.¹⁸ Jordbruk, industri og offentleg tenesteyting sysselsette flest. Kommunen var kjent for eit sterkt frivillig engasjement, som bidrog både til festivalar og andre store kulturarrangement.¹⁹ Kommunen sin frivilligsentral vart etablert i 1996, og var drifta av kommunen dei to første åra, før den vart ei ideell stifting fram til 2019, då sentralen igjen kom i kommunal drift.²⁰ Kommunen gjorde for første gong vedtak av ein *frivilligpolitisk plattform* i 2018.²¹ Initiativet til frivilligplattforma kom frå styret i frivilligsentralen i 2016, som den gongen var ei ideell stifting. Slik skildrar informant K4 dette initiativet: «vi hadde vært på konferanse med Frivillighet Norge og her - om frivilligpolitikk. Og tenkte at det måtte Eid kommune ha. Så det.. Og på det tidspunktet så var jo frivilligsentralen en del av frivilligheten» (K4).

Arbeidet med å utvikle frivilligpolitisk plattform 2018-2021 vart gjennomført i 2017 og 2018, og plattformen vart vedtatt av kommunestyret i 2018.²² I arbeidet med utvikling av den frivilligpolitiske plattformen vart det gjennomført to kafédialogar i 2017, éin med politikarar i kommunestyret og éin med representantar frå frivillige organisasjonar. Målet med kafédialogane var å få innspel til den frivilligpolitiske plattformen. Møta vart leia av representant frå Frivillighet Norge. Kommunen hadde i forkant av dette signert ein samarbeidsavtale med Frivillighet Norge, der det vart slått fast at den nasjonale

¹⁷ https://snl.no/Selje_-_tidlegare_kommune

¹⁸ https://snl.no/Eid_-_tidligere_kommune

¹⁹ [https://no.wikipedia.org/wiki/Eid_\(Sogn_og_Fjordane\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Eid_(Sogn_og_Fjordane))

²⁰ <https://frivilligsentral.no/sentral?eid-frivilligsentral&Id=258956>

²¹ https://stad.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-1461265_11_A!d-2021034893!RGzGNV

²² *ibid.*

paraplyorganisasjonen skulle bidra i prosessen med å utvikle frivilligpolitikk.²³

Informantane K4 og K3 skildrar innspelsprosessen på følgjande måte:

Så har vi nå hatt innspillsmøter med frivilligheten. Og så har det jo vært kanskje litt begrenset hvor mange som har deltatt der. Men vi har egentlig fulgt malen i fra Frivillighet Norge med innspillsmøter. Første gangen så hadde vi Frivillighet Norge på plass som.. som fasilitatorer for.. for innspillsmøtet (K4)

Men vi hadde jo en stor prosess i forhold til det her.. den første runden vi gjorde i Eid kommune. Mye involvering, møter i både i operahuset og andre plasser, og der også politikere var til stede. Selvfølgelig frivillighet og var til stede (K3)

Sitata viser at det vart lagt opp til innspel frå både politikarar og frivilligheita i samband med utviklinga av den frivilligpolititiske plattformen. Det at ein av dei to tidlegare kommunane hadde utvikla og gjort politisk vedtak av ein frivilligpolitisk plattform var i følgje informant K3 med å gjere prosessen med å utvikle frivilligpolitikk i den nye, samanslåtte kommunen enklare, noko eg vil komme meir tilbake til i neste del.

Som vi ser hadde Selje og Eid kommune ulik politikk for frivilligfeltet ved inngangen til nye Stad kommune. I Selje kommune var dei politiske måla for frivilligfeltet ikkje nedfelt i ein eigen plan, medan Eid kommune gjorde vedtak av frivilligpolitisk plattform i 2018. I forkant av kommunestyret i Eid sitt vedtak av plattformen gjennomførte kommunen fleire innspelsmøte i lag med Frivillighet Norge.²⁴ Arbeidet med frivilligpolitikk i Eid kommune vart eit viktig grunnlag for utviklinga av frivilligpolitisk plattform 2022-2024 i Stad kommune, som vi skal sjå i det neste delkapittelet.

4.2 Utvikling av Frivilligpolitisk plattform 2022-2024

Frivilligpolitisk plattform 2022-2024 er slått fast som tiltak i kommunen sin planstrategi, og plattformen vart vedtatt i kommunestyret i desember 2021.²⁵ I forkant av vedtaket i

²³ https://stad.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-1461265_11_A!d-2021034893!RGzGNV

²⁴ *ibid.*

²⁵ *ibid.*

kommunestyret var plattformen lagt fram for innspel i ulike politiske organ i kommunen – eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, utval for areal og eigedom, utval for helse og omsorg, utval for kultur, idrett, samfunn og næring, utval for oppvekst og opplæring og formannskapet. Alle dei politiske organa gjorde likelydande vedtak: «Frivilligpolitisk plattform for Stad kommune 2022 – 2024 vert godkjent».²⁶ I saksframlegget frå kommunestyret vart prosessen med å utvikle plattformen skildra slik:

*Hausten 2019 vart det saman med Frivillighet Norge halde kafédialog med lag og organisasjonar i heile nye Stad kommune. Innspela frå dette møtet er oppsummert av Frivillighet Norge. Framlegg til Frivilligpolitisk plattform for Stad tek utgangspunkt i desse innspela, erfaringar gjort under pandemien og tilbakemeldingar på utkast til frivilligpolitisk plattform frå eit utval frivillige organisasjonar i Stad kommune.*²⁷

Sitatet viser at Frivillighet Norge var ein viktig samarbeidspart i utviklinga av frivilligpolitikken, og at det vart gjennomført ulike former for innspel i prosessen. Oppsummerande rapport frå innspelsmøta oktober 2019, utforma av Frivillighet Norge, var lagt ved saksframlegget til kommunestyret, saman med fire andre vedlegg. I oppsummeringa²⁸ kjem det fram at Frivillighet Norge ville bistå i utviklinga av frivilligpolitikken. Dette innebar mellom anna å halde foredrag for politikarar og frivillige organisasjonar, og å lage ein oppsummerande rapport basert på innspela frå frivilligheita, politikarar og administrasjon frå kafédialogar som vart gjennomført i oktober 2019.

Dei andre vedlegga i den politiske saka i kommunestyret i desember 2021²⁹ var forslaget til ny frivilligpolitisk plattform 2022-2024, frivilligstrategien til Vestland fylkeskommune 2021-2022, frivilligpolitisk plattform for Eid kommune 2018-2021 og eit notat frå *Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor* som skildra Eid kommune i samspel med lokalt frivilligliv. Både den politiske saka og fleire av informantane peikar på at erfaringane

²⁶ *ibid.*

²⁷ *ibid.*

²⁸ https://stad.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-1462750_1_A!d-2021034893!iJncBY

²⁹ https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/#/details/m-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-145!rzsL0c

frå gamle Eid kommune var sentrale i arbeidet med å lage ein ny frivilligpolitisk plattform, noko informant K3 slår fast:

Og så når vi gjorde det i Stad, baserte vi oss jo mye på det, men samtidig oppdaterte opp imot [...] kommuneplanens samfunnsdel. Så da skrev vi jo sånn at det matcher de.. visjonen og verdiene som er i Stad kommune oppimot frivilligheten (K3)

Sitatet viser at kommunen nytta erfaringane frå Eid kommune sin frivilligpolitikk og kommuneplanen sin samfunnsdel aktivt i arbeidet med den nye frivilligpolitiske plattformen. Informant K2 strekar under noko av det same som K3:

Og nå har jeg jobbet i gamle Selje kommune, sånn at jeg hadde ikke noe innsikt i hva arbeid de gjorde i Eid, som på en måte var grunnlaget for det som ble vedtatt i Stad. Men planen kom i hvert fall godt ut før den skulle politisk vedtas. Sånn at vi har vært kjent med innholdet og sånn, både i administrasjonen, og jeg har et inntrykk av i frivilligheten (K2)

Ein av informantane frå frivilligheita, F2, skildrar prosessen med å utvikle frivilligpolitisk plattform som positivt for kommunesamanslåinga:

Når man begynte med den her frivilligpolitiske plattformen og frivilligplan og sånt, så var jo det i lag med at kommunen ble bygd i hop. Så der har vi hatt innbyggertreff, for eksempel. Der lag og organisasjoner har blitt invitert inn. Da har en jo og laget det til sånn at man kan ha mulighet til å si hva som er viktig, for eksempel. Og så har man hatt de der frivilligkveldene (F2)

Sitatet viser at enkelte informantantar frå frivilligheita var kjent med prosessen med ny frivilligpolitisk plattform, og meinte dette var positivt for kommunesamanslåinga. To av informantane frå frivilligheita fortel at dei ikkje kjenner til prosessen med å utvikle frivilligpolitikk i den nye kommunen, noko sitatet frå F5 viser:

Hmmm? Nei, jeg er ikke så orientert om det. Og jeg tok over daglig leder-stillingen for et år siden. Så det kan godt hende at han som var daglig før meg, at han visste mer om det. Så det kan jo ha noen naturlige årsaker der. Ellers så vet jeg jo.. vi får jo stadig mailer og sånn om.. om frivilligkvelder eller sånne type ting (F5)

Sitatet viser at ein del av informantane ikkje kjenner til innspelsprosessane i samband med utviklinga av frivilligpolitikken i kommunen. Både informant F3 og F1 er kjent med at kommunen har ein frivilligpolitisk plattform, men kan ikkje hugse å ha deltatt med innspel til denne. Dette seier informant F3: «Vi vet jo at den er der, men kanskje vi er litt sånn her.. ubevisst har vært med og hjulpet til, fordi det eneste jeg kan tenke meg at vi har vært med på å gjøre er disse her møtene der vi har møttes og prater» (F3). Informant F1 har følgjande utsegn om medverknad: «Ja, jeg har prøvd å tenke på det, og jeg har sikkert vært på en god del møter og sånn. Men jeg har ikke noe bevisst forhold til at vi har vært så veldig involvert» (F1). Sitata frå informantane frå frivilligheita viser at to av informantane ikkje er kjent med at det har vore ein medverknadsprosess i samband med utviklinga av den frivilligpolitiske plattformen, medan tre av informantane er kjent med prosessen, men har ulike oppfatningar av kor mykje dei har vore involvert. I tillegg til innspelsmøta vart plattformen også lagt ut offentleg for innspel, i følge informant K4: «... den har jo vært lagt ut til offentlig ettersyn i noen få uker og begge gangene ja. Sånn at alle har hatt mulighet til å komme med innspill» (K4).

Frivillighet Norge var aktiv i prosessen med å utvikle frivilligpolitikk både i den gamle og nye kommunen. I saksframlegget til kommunestyret frå 2021 står det at «KS og Frivillighet Norge tilrår at alle kommunar vedtek ein heilskapleg frivilligpolitikk». ³⁰ I saksframlegget blir Frivillighet Norge sitt bidrag i både kafédialogane og med å lage ein oppsummerande rapport vektlagt. I den oppsummerande rapporten³¹ skildrar først Frivillighet Norge si rolle i utviklinga av frivilligpolitikken, før den tar for seg innspela frå kafédialogen med frivilligheita og med politikarar og administrasjon. Innspela er i rapporten organisert innan tema som utfordringar, kommunen som tilretteleggar, ressursar og samarbeid og kontaktpunkt mellom kommunen og frivilligheita. Rapporten avsluttar med nokre tilrådingar for den vidare dialogen om frivilligpolitikk, formulert som åtte punkt.

Intervjua og dokumentanalysen frå studien min viser dermed at måla frå frivilligpolitisk plattform i gamle Eid kommune og kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032 (Stad

³⁰ https://stad.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-1461265_11_A!d-2021034893!RGzGNV

³¹ https://stad.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-1462750_1_A!d-2021034893!iJncBY

kommune, 2020) har vore sentrale i utviklinga av frivilligpolitisk plattform 2022-2024. Samarbeidet med Frivillighet Norge gjennom mellom anna fasilitering av innspelsmøte og oppsummerande rapport frå desse møta ser ut til å ha vore sentralt i arbeidet med frivilligpolitikken. I tillegg vart plattformen lagt ut til offentleg ettersyn. Det er ulikt syn på kor sterkt frivilligheita har medverka i prosessen. Informantane frå kommunen meiner jamt over at det var god medverknad, medan dei frå frivilligheita har eit meir delt syn.

4.3 Utvikling av ny Frivilligpolitisk plattform 2025-2027

Det er slått fast i Frivilligpolitisk plattform 2022-2024 at plattformen «skal evaluerast/rullerast i 2024» (Stad kommune, 2020, s. 8). Den nye frivilligpolitiske plattformen er p.t. ikkje vedtatt, men målet er at den blir lagt fram for vedtak i kommunestyret i desember 2024, i følgje informantar frå kommunen. Mykje av prosessen med å utvikle plattformen var likevel gjennomført fram mot oktober 2024. Eg har fått høve til å følgje denne prosessen, noko eg vil skildre vidare i oppgåva.

Det vart gjennomført ei større kartlegging av frivillige organisasjonar i Stad kommune i november og desember 2023. Det framstår for meg litt uklart kven som står bak rapporten frå undersøkinga. I dokumentet står det at «Rapporten er utarbeidet av Rambøll Management Consulting, på vegne av Frivillighet Norge» (Frivillighet Norge, 2023, s. 2). På framsida står det at dokumentet er «utgitt av Frivillighet Norge 2023» (ibid., s. 1), og eg vel derfor å bruke Frivillighet Norge som referanse i studien, og ikkje Rambøll Management Consulting. I rapporten står det at «Hensikten med undersøkelsen er å bistå kommunen i arbeidet med videreutviklinga av sin frivillighetspolitikk og samarbeid med frivillig sektor» (ibid., s. 5). Ein del av funna vart presentert digitalt av rådgjevar i Frivillighet Norge då rapporten vart lansert under den årlege frivilligkvelden, i januar 2024. Informant K3 er fornøgd med svarprosenten i undersøkinga:

Pluss at vi selvfølgelig har gjort en kjempekartlegging nå i høst i forhold til lag og organisasjoner, med over 60 % svarrespons der. Som gjør at vi har et enda bedre og mer oppdatert grunnlag for å nå ut til styre og stell i de mange, mange ja.. flere 100 organisasjoner som vi har i Stad kommune (K3)

Informanten fortel at 60 % av dei frivillige organisasjonane svarte på undersøkinga. Fire av dei fem informantane frå frivilligheita hadde svart på spørjeundersøkinga, men ingen av desse hadde lest funna i rapporten ved intervjutidspunktet.

Gjennom kartleggingsundersøkinga svarte respondentane frå frivilligheita på spørsmål om mellom anna medlemer, rekruttering, frivillig innsats, økonomi, lokale og samarbeid med andre organisasjonar, kommune og næringsliv (Frivillighet Norge, 2023). I rapporten frå undersøkinga kjem Frivillighet Norge med anbefalingar som kommunen kan ta med i det vidare arbeidet med frivilligpolitikk. Desse handlar mellom anna om å styrke samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane, og at kommunen må legge til rette for frivillig aktivitet, etablere møtepunkt, lage plattformer for synleggjering og bidra til at alle barn og unge får delta i organiserte fritidsaktivitetar (ibid.).

I tillegg til kartlegginga var den årlege frivilligkvelden i januar 2024 ein viktig del av prosessen med å revidere den frivilligpolitiske plattformen. Eg deltok som observatør under frivilligkvelden og har i tillegg analysert kommunen sitt samandrag frå kvelden.³² I invitasjonen stod det at frivilligkvelden er ein møtestad for frivillige organisasjonar og tilsette/politikarar i kommunen. Det deltok om lag 90 på frivilligkvelden, inkludert om lag 15 tilsette frå kommunen. Eit av måla var at deltakarane skulle få komme med innspel til rulleringa av kommunen sin frivilligpolitiske plattform (O1). I observasjonsnotatet (O1) frå frivilligkvelden skildrar eg diskusjonane på «dialogborda» på denne måten:

Alle deltakarane har meldt seg på eitt tema dei vil diskutere og spele inn til. Tema strekker seg frå inkludering, tilbod til eldre og samarbeid med skule, til rekruttering, økonomi, beredskapsarbeid, søknadsarbeid, lokale til aktivitetar og samarbeid m.m. Det slår meg at breidda av tema speglar ein tanke om at frivilligheita og kommune kan samarbeide innan mange område, både kultur og fritid, beredskap, oppvekst, helse og inkludering (O1)

Refleksjonen eg gjorde på dette møtet, og som eg skreiv ned i eit observasjonsnotat i etterkant, tilseier at det vart lagt til rette for diskusjonar rundt mange ulike område som

³² https://stad.kommune.no/_f/p1/i6ac91bee-5ed5-4cc6-81fb-845de700e341/samandrag-frivilligkveld-2024-2.pdf

kommunen og frivilligheita samarbeider om. I observasjonsnotatet (O1) skreiv eg vidare at kvart gruppebord vart leia av ein tilsett i kommunen, som såg ut til å jobbe med området som vart diskutert. Gruppene starta med å dele idear og tankar utifrå eigen organisasjon om temaet/utfordringa. Deretter svara dei på spørsmålet «korleis kan kommune og frivillige løyse desse utfordringane saman?» (O1). Til slutt skulle gruppene prioritere dei tre viktigaste tiltaka innan kvart tema. I observasjonsnotatet skildrar eg gruppediskusjonane som «Ein god metode for å få fram mange innspel om ulike tema, og samtidig prioritere kva som er viktigast» (O1). Observasjonen min var at dei tilsette på kvar gruppe var mest opptatt av å notere og lytte til innspela frå frivilligheita:

Metoden med at gruppene blir leia av tilsett i kommunen som ser ut til å jobbe med området som blir diskutert, ser ut til å fungere greitt. For meg verkar dei tilsette til å ta ei prosessleiarrolle, utan å vere for aktive sjølv i diskusjonane. Dei tilsette er sekretærar, presenterer tema og jobbar med å skape framdrift, men lar dei frivillige vere dei mest aktive når det handlar om å komme med idear, forslag og utfordringar (O1)

Observasjonane mine tilseier at dei tilsette frå kommunen ser ut til å ta ei lyttande rolle, men samtidig har ansvar for å drive gruppearbeida fram. Etter gruppediskusjonane presenterte kvar gruppe dei viktigaste tiltaka dei ville prioritere, før programleiar oppsummerte med å takke for alle innspela og fortelje at kommunen vil systematisere desse og bruke dei i arbeidet med ny frivilligpolitisk plattform (O1). Om lag ein måned seinare er kommunen klar med eit samandrag frå frivilligkvelden. I samandraget står det mellom anna at målet med kvelden er at kommune og frivillige vert kjende med kvarandre, og at innspel frå frivilligkvelden blir tatt med i ny frivilligpolitisk plattform.³³

Studien min viser at arbeidet med å utvikle ein ny frivilligpolitisk plattform 2025-2027 er gjennomført på delvis nye måtar, samanlikna med tidlegare. Kommunen har i 2023, med hjelp frå Frivillighet Norge og Rambøll Management Consulting, gjennomført ei kartlegging blant frivillige organisasjonar, der det kjem anbefalingar som kommunen kan ta med i arbeidet med å utvikle frivilligpolitikken (Frivillighet Norge, 2023). Frivillighet

³³ https://stad.kommune.no/_f/p1/i6ac91bee-5ed5-4cc6-81fb-845de700e341/samandrag-frivilligkveld-2024-2.pdf

Norge har, i motsetnad til ved utviklinga av dei føregåande frivilligpolitiske plattformene, ikkje deltatt i innspelsmøta til den nye plattformen. Innspelsmøtet var no del av den årlege frivilligkvelden, og vart leia av kommunen sine tilsette, som også har skrive samandrag av innspela frå møtet. Den nye frivilligpolitiske plattformen vil i følgje ein av informantane (K4) bli lagt fram for politisk vedtak i desember 2024. Den same informanten fortel at plattformen blir lagt fram for innspel gjennom offentleg ettersyn før den blir politisk vedtatt – i tråd med tidlegare praksis. Studien min viser på denne måten at kommunen tar ei meir aktiv rolle i innspelsmøta til den nye frivilligpolitiske plattformen, og at Frivillighet Norge denne gongen bidrar med ei kartleggingsundersøking blant frivilligheita.

4.4 Kven har tatt initiativet til å iverksette frivilligpolitikken?

I denne delen vil eg sjå nærmare på kven som kan ha tatt initiativet til å sette i verk arbeidet med frivilligpolitikk i kommunen. Som bakteppe vil eg nytte *teoriar om iverksetting* (Offerdal, 2014), der ein kan sjå iverksetting av politikk som ein prosess som går ovanfrå og ned eller nedanfrå og opp. Offerdal skriv i artikkelen at enkelte forskarar meiner iverksetting føreset prosessar som både går ovanfrå og nedanfrå. Eg vil først ta for meg spørsmålet om ideen om å utvikle frivilligpolitikk i kommunen er kome som eit initiativ frå lokalt hald, altså nedanfrå, eller ovanfrå, frå nasjonalt hald. Deretter vil eg sjå på korleis prosessen rundt frivilligpolitikken går føre seg i kommunen, om dette er resultat av initiativ nedanfrå – frå frivilligheita, eller ovanfrå – frå kommunen.

Eid kommune sette i gang prosessen med utvikling av lokal frivilligpolitikk i 2016. Initiativet til dette kom frå styret i frivilligsentralen, som den gongen var ei ideell stifting, etter idear frå Frivillighet Norge, i følgje informant K4:

Det kommer fra styret i stiftinga av frivilligsentralen i Eid i 2015-2016. For det at vi hadde vært på konferanse med Frivillighet Norge og her, om frivilligpolitikk, og tenkte at det måtte Eid kommune ha. Så det.. Og på det tidspunktet så var jo frivilligsentralen en del av frivilligheten. (K4)

Informanten skildrar vidare kva som skjedde etter at styret i frivilligsentralen hadde tatt initiativet til å utvikle frivilligpolitikk: «du kan teknisk sett si at det kommer fra frivilligheten og styret, som da.. i frivilligsentralen. Men.. det var jo kommunen som

iverksatte selve.. De tok ballen og gjennomførte» (K4). Informanten viser med andre ord at ideen om å utvikle frivilligpolitikk kom ovanfrå, gjennom ein konferanse i regi av Frivillighet Norge, men at forslaget til kommunen om å sette i gang prosessen med ein frivilligpolitisk plattform kom nedanfrå, frå den frivilligeigde frivilligsentralen.

KS og Frivillighet Norge signerte i 2011 for første gong ein samarbeidsavtale. Denne har blitt signert på nytt fleire gongar, seinast i 2023.³⁴ Eit sentral punkt i samarbeidsavtalen er punktet om at «Kommunene bør utvikle og iverksette en helhetlig frivillighetspolitikk».³⁵ Skiftande regjeringar har også hatt kommunal frivilligpolitikk som eit mål, slik vi mellom anna ser i frivilligheitsmeldinga (Meld. St.10, 2018–2019). Dette, saman med utsegn frå informant K4 (ovanfor), kan tyde på at ideen om å utvikle frivilligpolitikk har kome ovanfrå, jf. Offerdal (2014). Eit par av informantane frå frivillig sektor uttrykker også at dei trur at iverksettinga av frivilligpolitikk er eit resultat av initiativ ovanfrå:

Jeg vet ikke om dette er noe de er dyttet på av staten at de skal vedta denne typen planer, men.. (F1)

...i utgangspunktet så handler det vel om noen statlige føringer, sant? Det gjør det nok absolutt og... Og det tror jeg er lurt. [...] Ja, staten har jo på en måte gjennom ymse.. [...] ja ymse stortingsmeldingene sikkert og sånt, da egentlig lagt til rette for at det frivillige skal redde mye av velferdsstaten [...] Så jeg tenker jo kanskje at det er litt der at staten ønsker å kunne styre det frivillige på en måte da.. (F2)

Desse sitata viser at fleire av informantane meiner at initiativet til å utvikle frivilligpolitikk har kome ovanfrå. Frivilligheitsmeldinga (Meld. St.10, 2018–2019) og samarbeidsavtalen mellom KS og Frivillighet Norge³⁶ tyder også på dette.

Når Stad kommune no skal utvikle frivilligpolitisk plattform 2025-2027, byggjer denne på dei to føregåande frivilligpolitiske plattformene. Dette viser at ideane og føringane som

³⁴ <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/frivillighet-norge-og-ks-resignerer-samarbeidsplattform>

³⁵ <https://s3.eu-west-1.amazonaws.com/frivillighet-norge/Plattform-for-samspill-og-samarbeid-mellom-frivillig-og-kommunal-sektormed-sign.pdf>

³⁶ <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/frivillighet-norge-og-ks-resignerer-samarbeidsplattform>

ein gong kom ovanfrå, frå staten, KS og Frivillighet Norge, har fått meir lokalt rotfeste. Det er derfor interessant å sjå nærmare på om iverksettinga av frivilligpolitikken lokalt blir sett på som noko som kjem ovanfrå – frå kommunen, eller nedanfrå – frå dei frivillige. Her kjem informantane med litt sprikande svar. Eit av desse handlar om at det var styret i frivilligsentralen, altså frivilligheita, som først tok initiativet til å utvikle frivilligplattform – slik informant K4 legg vekt på. Ein annan informant, F4, meiner initiativet til utvikling av frivilligpolitikk må ha kome mest frå kommunen: «Så jeg tror ikke det at det kom så mye fra frivilligheten inn til kommunen, men der tror jeg kommunen faktisk har vært.. har sett fokus på dette med frivillighetsarbeid» (F4). Dette synet blir også formidla av informant F3: «Jeg ser ikke for meg at det er frivilligheten som kommer og sier «hei Stad kommune, vi ønsker oss..» Men det har vært mer at de inviterer inn med åpne armer..» (F3).

Fleire av informantane tar til orde for at initiativet til ein frivilligpolitikk har kome både frå frivilligheita og kommunen, i tråd med det Offerdal (2014) skriv om at prosessen kan gå både ovanfrå og ned og nedanfrå og opp. Vi ser dette m.a. i kommentar frå informant K3:

...jeg mener at det var en vekselvis virkning mellom frivilligheten og [...]frivilligsentralen, som da på det tidspunktet var da frivi.. altså en stiftelse. Men som ble kommunal. Og i den prosessen så tok vi det med oss inn.. Og så fikk man til en frivilligpolitisk plattform (K3)

Informant K2, som deltok i det same fokusgruppeintervjuet, stør opp om dette synet:

Sånn sett litt fra utsiden, så tror jeg det er rett, K3, det du sier da. Og så i tillegg så vedtok vi og en.. i samfunnsplanen, og vi ble en kommune. Og der står det jo at vi skal drive med samskaping og samarbeid med samfunnet, og dra i lag og alt dette her. Så det kommer jo ifra både ovenfra og nedenfra, tror jeg (K2)

Sitata frå dei to informantane i kommunen viser at dei meiner at initiativet til å utvikle frivilligpolitikk har kome både ovanfrå og nedanfrå. Dette synet blir også framført av ein av informantane frå frivilligheita, F2, som meiner at initiativet til frivilligpolitikk har kome delvis frå kommunen og delvis frå frivilligheita.

Studien min viser at det ikkje er eit klart svar på om iverksettinga av frivilligpolitikk i Stad kommune og gamle Eid kommune har kome ovanfrå eller nedanfrå. Intervjua med representantar frå kommunen som deltok i prosessen med den første frivilligpolitiske plattformen i Eid kommune, meiner ideen kom ovanfrå – under ein konferanse i regi av Frivillighet Norge. Dette samsvarar også med samarbeidsavtalane mellom Frivillighet Norge og KS, som tar til orde for lokal frivilligpolitikk.³⁷ Samtidig var det styret i frivilligsentralen i Eid, som den gong var eigd av frivilligheita, som bad kommunen om å sette i gang arbeidet med frivilligpolitikk – noko som kan bli sett på som eit initiativ nedanfrå. Studien viser vidare at ein del av informantane frå frivilligheita meiner at dei frivilligpolitiske plattformene er initiert ovanfrå – av kommunen sjølv, og ikkje av frivilligheita, medan enkelte av informantane frå kommunen ser utviklinga av frivilligpolitikk som ein vekselverknad mellom initiativ ovanfrå og nedanfrå – eit syn som langt på veg stemmer med Offerdal (2014) sine teoriar om iverksetting.

4.5 Innan kva stadium er frivilligheita invitert til å medverke politisk?

Ein sentral del av studien min handlar om å finne meir ut av på kva stadium frivilligheita får delta og medverke i politikktutvikling. Eg vil legge *den politiske stegmodellen* (Vabo et al., 2020) til grunn for analysen av dette, og sjå funna mine opp i mot denne forenkla modellen. Stegmodellen er skildra gjennom fem steg som går i syklus: Agendasetting, politikktutforming, avgjersle, iverksetting og evaluering. Eg vil i dei følgjande delane ta føre meg kvart av desse stega, og gjere ein analyse av i kva grad frivilligheita får medverke, utifrå funna eg har gjort gjennom dei empiriske studiane.

4.5.1 Får frivilligheita vere med å sette politisk agenda?

Vabo mfl. (2020) skildrar *agendasetting* som eit steg der offentlege myndigheiter blir merksame på problem i samfunnet, definerer problemet sin karakter og avgjer kva problem som får plass på agendaen. Kommunen har gjennom verdigrunnlaget i kommuneplanen sin samfunnsdel (Stad kommune, 2020) slått fast at kommunen ønskjer å vere «Nær» (ibid, s. 13) uttrykt i følgjande setning: «Som handlar om å vere lett å nå, open, tilstades, engasjert, villig til å delta, omtenkjam og empatisk» (ibid, s. 13).

³⁷ <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/frivillighet-norge-og-ks-resignerer-samarbeidsplattform>

Verdiane frå samfunnsplanen er også sentrale i den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024, der det m.a. står at kommunen skal vere «Nær dei frivillige» (Stad kommune, 2021, s. 4), uttrykt vidare gjennom følgjande setningar:

- vere lett å nå, open, tilstades, engasjert, villig til å delta/inkludere, omtenkjam og empatisk. Frivillig innsats stimulerer til å ta samfunnsansvar, vere medmenneske og utvikle dugnadsånd og samkjensle. Har vi ei dør inn for dei frivillige, er synlege for kvarandre og møtest med jamne mellomrom, vert dette mykje lettare (ibid, s. 4).

Den frivilligpolitiske plattformen slår også fast at «Stad kommune skal arrangere minst eitt årleg kontaktmøte mellom frivillige lag og politisk/administrativ leiing i kommunen. Der kan frivillige setje sine viktige saker på dagsorden» (ibid, s. 7). Desse måla og tiltaka inviterer sivilsamfunnet til å ta del, men kanskje ikkje fullt ut til å sette utfordringar på agendaen? Datamaterialet mitt peikar heller ikkje veldig klart på om frivilligheita er med å sette agenda, men denne utsegna frå informant F2 seier likevel noko om medverknad:

...fra medvirkning har vi egentlig god erfaring både fra Selje kommune.. og der var det nå ganske enkelt å komme i kontakt med - fra organisasjonene sin side - opp mot kommunen. Og så jobber jo noen av de som jobbet i Selje, jobber jo fortsatt i Stad kommune med frivillighet, sånn at vi har en god kontinuitet [...] Så ja.. så jeg tenker at det er god mulighet til å påvirke (F2)

Sitatet frå informant F2 viser at hen meiner at frivilligheita får medverke, men ikkje noko om agendasetting. Ein av informantane frå kommunen, K3, meiner det er viktig at kommunen til ei kvar tid er open for initiativ frå frivilligheita:

Så vi må jo bare rigge oss for å ta imot initiativ når de kommer. Ikke bare gjennom de to møtene som vi har nevnt mange ganger nå, men at vi også er åpen.. har åpne dører for initiativ i løpet av året også (K3)

Ein av informantane frå frivilligheita, F1, fortel at organisasjonen han representerer har fått høve til å delta i politiske møte for å fortelje om planar og utfordringar:

Så nå skal vi til dette her utvalget da, 28. februar, og så skal vi i kommunestyret en eller annen gang i mars, da. Så det.. Og det blir jo en arena, fordi at da treffer vi nødvendigvis ikke så mye administrasjon, men hele kommunestyret og politikerne da. Sånn at vi i større grad kan få forklart problemstillingene våre der, og forhåpentlig få en litt sånn bevissthet om hva de rent praktisk skal... stort og smått kan... gjøre for å forbedre vilkårene... (F1)

Ein annan av informantane, F4, fortel om fleire prosjekt som frivillige organisasjonar har sett på agendaen ovanfor kommunen, men at desse ikkje har blitt følgt opp: «Vi brukte 100 000 på et forprosjekt [...] Det vart sendt inn til Stad kommune da, men det.. det ble bare lagt i skuffen. Ble ikke ført noe vidare i hele tatt da» (F4). Informant F5, stiller spørsmål ved om frivilligheita har kapasitet til å engasjere seg i politiske spørsmål: «...så er det et engasjementsgap inn til å skulle engasjere seg politisk med frivilligpolitikken i kommunen. Det kan være et litt stort gap å ta. Fordi ofte så har man så mye internt...» (F5). Sitata frå fleire av dei frivillige informantane viser at dei er kjent med at dei kan påverke politisk, men at dei meiner det kan vere utfordrande å sette politisk agenda.

Kommuneplanen sin samfunnsdel og den frivilligpolitiske plattformen peikar på at kommunen skal vere lett å nå, open, til stades og engasjert. Dette blir også streka under av enkelte av informantane frå kommunen og frivilligheita. Andre har likevel inntrykk av at det kan vere utfordrande å få løfta saker politisk eller ha nok ressursar i frivilligheita til å sette agenda. Dette tyder på at frivilligheita i mindre grad er med sette agenda ved å definere problem i samfunnet, problemet sin karakter og avgjere kva som får plass på den politiske agendaen, jf. Vabo mfl. (2020).

4.5.2 Tar frivilligheita del i politikktutforming og politiske avgjersler?

I følgje Vabo mfl. (2020) er *politikktutforming* det andre steget på den politiske stegmodellen. Dette handlar om at problem som har kome på den politiske agendaen blir konkretisert, og at mål, verkemiddel, kostnader og effektar blir greidd ut. I dette steget blir ulike løysingar presentert og ulike syn og interesserer frå ulike grupper blir formidla. Det tredje steget, *avgjersle*, omfattar prosessane der offentlege myndigheiter bestemmer kva politikk som skal gjelde og kva prosessar som skal legitimere dette valet. I denne fasen kan det bli lagt opp til høyringsprosessar, før det blir gjort vedtak. I følgje Vabo mfl. (2020) blir avgjerslesteget vanlegvis tatt hand om av offentlege myndigheiter åleine. Eg vil

i denne delen derfor konsentrere meg om politikktutforming, og går ikkje nærmare inn i avgjerslefasen, sidan vedtak av frivilligpolitisk plattform blir gjort av dei folkevalde organa i kommunen, med kommunestyret som endeleg avgjersleorgan.

Kommunen har lagt opp til ulike formelle og uformelle arenaer for å delta i politikktutforminga knytt til frivilligpolitisk plattform. Frivilligkveldane som blir arrangert årleg er ein viktig arena for dette. Dette er eit av tiltaka i Frivilligpolitisk plattform 2022-2024: «Stad kommune skal arrangere minst eitt årleg kontaktmøte mellom frivillige lag og politisk/administrativ leiing i kommunen. Der kan frivillige setje sine viktige saker på dagsorden» (Stad kommune, 2021, s. 7). Eit anna tiltakspunkt peikar også i retning av deltaking i politikktutforming: «Stad kommune skal invitere frivillige tidleg inn i arbeidet med kommunale planar og større saker – særleg utbyggingsprosjekt» (ibid., s. 7).

Under den årlege frivilligkvelden, i januar 2024, var gruppediskusjonane retta inn mot ulike tema, og programleiar frå kommunen streka fleire gongar under at innspela ville bli tatt med i arbeidet med ny frivilligpolitisk plattform. I observasjonsnotatet (O1) frå frivilligkvelden skildrar eg det eg meiner er politikktutforming i praksis:

Eg går rundar i salen for å sjå og lytte på gruppene. Eg legg merke til at det er mange tema oppe og at praten går. Dei frivillige er aktive, pratar, lyttar og argumenterer. Det blir skrive mange post-it lappar, og gruppene brukar tid på å snakke om kva dei helst vil prioritere av forslaga som er komne opp (O1)

Fleire av informantane nemner også den årlege frivilligkvelden som ein arena der dei som representantar frå frivillige organisasjonar får spele inn til kommunen sin frivilligpolitikk. Ein av informantane sa til dømes: «Når man begynte med den her frivilligpolitiske plattformen og frivilligplan og sånt, så var jo det i lag med at kommunen ble bygd i hop. [...] Og så har man hatt de der frivilligkveldene, der.. og jeg mener at frivilligpolitikk kanskje var tema på den frivilligkvelden som var i fjor» (F2). Ein av informantane, F3, fortel at frivilligpolitikk har vore tema for frivilligkveldane, men at vedkomande er usikker på om det var frivilligpolitisk plattform ein spelte inn til:

Jeg har vært med på det møtet, og jeg tror at der.. Det er iallfall den arenaen der jeg vet at jeg kanskje har sagt noe om det. Uten at jeg helt vet at det var det vi jobber med da. [...] Fordi at vi har jo snakket om hva utfordringer, hva ønsker vi, hvordan vil vi det skal være å være frivillig i Stad. Ja, og jeg tror jeg bare tenker at de må ha brukt de svarene vi har kommet med der til noe fornuftig og kanskje brukt de som grunnlag til å lage den her da, men at vi har vært på noe møte eller direkte uttalt oss om hva som skal stå der? Ja, det kan jeg da i alle fall ikke huske at jeg.. på at det var det vi gjorde på, nei (F3)

På spørsmål om frivilligheita sin moglegheit til å medverke i utviklinga av frivilligpolitikken svarar fleire av informantane frå kommunen positivt på dette. To av dei sa til dømes:

Jo, jeg tenker at det var ganske bra. Vi hadde jo flere sånne treff der man har en god mulighet til å delta og medvirke på forskjellige måter. Og i år brukte vi jo liksom media og.. og prøvde å nå ut bredt for at alle skulle få med seg dette, at det skjedde (K5)

Det er jo ikke alltid sånn at alle får med seg, selv om vi.. selv om vi sender ut bredt og inviterer og annonserer og kjører flere runder, så det er.. alltid vil være noen som tenker at «å ja, men det fikk ikke jeg med meg». Men jevnt over så tenker jeg at det var godt kommunisert ut hva vi holdt på med, også når det har vært til høring i etterkant. Sånn at folk har kommet med innspill og.. Men jeg tror faktisk at vi er enda bedre stilt nå i forhold til det vi var tidligere, fordi at nå har vi fått innarbeidet det her med to årlige møtepunkt. Sånn at.. Folk er veldig klar over når de store slags.. innspillsrunder er da (K3)

Fleire av informantane nemner kartlegginga av frivillige organisasjonar hausten 2023 (Frivillighet Norge, 2023) som sentral i arbeidet med den nye frivilligpolitiske plattformen som blir vedtatt hausten 2024: «Vi har svart på den spørreundersøkelsen. Så jeg regner med at den skal gå inn i det arbeidet..» (F3). «...kartleggingen [...] blir grunnlag for neste frivilligpolitiske plattform» (K4).

Det blir av informantane frå kommunen også nemnt at dei to tidlegare frivilligpolitiske plattformene var lagt ut til offentlig ettersyn, og at målet er å gjere dette også med plattformen som blir vedtatt hausten 2024 – for å få innspel frå innbyggjarane. Informant K4 seier mellom anna: «...den har jo vært lagt ut til offentlig ettersyn i noen få uker og begge gangene ja. Sånn at alle har hatt mulighet til å komme med innspill» (K4).

Informantane frå kommunen er jamt over fornøgd med måten frivilligheita får medverke i politikktutforminga, men peikar på enkelte forbetningsområde - noko utsegna frå informant K5 viser:

Jo, jeg tenker at det var ganske bra. Vi hadde jo flere sånne treff der man har en god mulighet til å delta og medvirke på forskjellige måter. [...] Men hvis jeg skulle si noe som kanskje kunne ha vært enda bedre da, så er jo dette.. kanskje vi kunne reist enda mer ut i bygdene og hatt det litt mer sånn.. små samlinger. [...] Det tror jeg kunne ha vært fint da.. kanskje fått med enda flere. Og så jobbe litt mer sånn.. direkte da. Men jeg vil jo si at det er ganske bra, men kan alltid bli bedre (K5)

Sitatet viser at informanten meiner kommunen legg til rette for ein del medverknad i utforminga av frivilligpolitikken, men også har forbetningspotensiale. Tilbakemeldingane frå informantane frå frivillig sektor er også litt delte når det gjeld i kva grad dei meiner at dei får høve til å medverke i politikktutviklinga. To av informantane seier at dei har gode moglegheiter til medverknad: «Ja, det kommer ganske ofte informasjon fra kommunen og ut til organisasjonene da. Så ja.. så jeg tenker at det er god mulighet til å påvirke» (F2). «... det er veldig nyttig i de møtene vi har hatt, der vi tar tak i utfordringer og så koker vi det ned i.. ja hva.. hva er faktisk utfordringene og hva er faktisk positivt» (F3). To av dei andre informantane er meir kritiske til spørsmålet om medverknad: «Ja, jeg har prøvd å tenke på det, og jeg har sikkert vært på en god del møter og sånn. Men jeg har ikke noe bevisst forhold til at vi har vært så veldig involvert» (F1). «Alle vil jo ha frivillighet. [...] Men jeg føler ikke spesielt det at.. at frivilligheten er involvert så veldig mye, enda da altså» (F4).

Dette viser at informantane frå frivilligheita har dels ulikt syn på i kva grad dei får vere med i politikktutforminga. Både den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 (Stad kommune, 2021) og informantane peikar på at det er etablert arenaer der frivilligheita kan ta del i politikktutforminga, slik som dei årlege frivilligkveldane, invitasjon til innspel i politiske saker til offentleg ettersyn og ved å svare på kartleggingsundersøkinga. Det blir frå informantane i spesielt frivilligheita likevel teikna eit litt delt bilete av i kva grad frivilligheita får medverke i politikktutforminga, jf. Vabo mfl. (2020). Informantane frå

kommunen meiner på si side jamt over at kommunen er god på å invitere til medverknad i politikkkutforminga, men det blir frå desse også peika på forbetningsområde.

4.5.3 Blir frivilligheita invitert til iverksetting av frivilligpolitikken?

Vabo mfl. (2020) skildrar *iverksetting* som det fjerde steget i den politiske stegmodellen. Her blir den valde løysinga gjort operativ, avgjersle gjort om til handling, ansvar plassert og det blir avgjort kva ressursar som er til rådvelde. Men korleis blir frivilligheita invitert til å sette i verk frivilligpolitikken – etter at den er politisk vedtatt? Dette vil eg komme nærmare inn på nedanfor.

I kommuneplanen sin samfunnsdel blir «samfunns målet» uttrykt på følgjande vis: «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag» (Stad kommune, 2020, s. 8). Det same målet er også tatt med i frivilligpolitisk plattform 2022-2024, med følgjande setning som vedheng: «Frivillige og frivillig engasjement er ein viktig grunnstein i å byggje dette samfunnet» (Stad kommune, 2021, s. 2). Både kommuneplanen sin samfunnsdel og den frivilligpolitiske plattformen viser dermed at kommunen har mål om at alle «dreg i lag».

Den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 inneheld ei rekkje ulike tiltak. I all hovudsak peikar desse tiltaka på kva kommunen skal gjere for å «legge til rette for at frivillige, lag og organisasjonar kan skape aktivitet, møteplassar og engasjement..» (ibid, s. 5). Tiltaka handlar om mellom anna kontaktpunkt mellom kommunen og frivilligheita, synleggjering, innbyggjartreff, informasjonsflyt, tilgang til lokale, tilskotsordningar, involvering i politiske planar og tverrfagleg arbeid frå kommunen si side ut mot frivillig sektor. I all hovudsak peikar altså tiltaka inn mot kommuneorganisasjonen, og ikkje på kva frivilligheita skal bidra med. Dette er kanskje heilt naturleg, sidan kommunen ikkje kan pålegge frivilligheita å sette i verk tiltak som er politisk bestemt. Dette peikar også informant K1 på: «...frivilligarbeid er frivillig. Altså - det er jo på de frivillige sine premisser, og det skjer jo gjennom det som de frivillige ønsker å ville bidra med da» (K1).

Det er truleg på bakgrunn av dette at informantane frå frivilligheita verkar usikre på om dei er med å sette i verk tiltaka i plattformen, noko informant F1 fortel om: «Ja vi, vi har vel sannsynligvis vært med uten at vi har liksom skjönt at det har vært en del av en evaluering eller oppfølging på planen da» (F1). Utsegna frå to av dei andre informantane

frå frivilligheita viser også at informantane er usikre på om dei er med å sette i verk frivilligpolitikken:

Nei, det vet jeg ikke helt. Jeg vet jo liksom disse her.. punktet om at det skal være enkelt, og det skal være ja.. Det er ikke sånn at jeg føler at det er vanskelig å være frivillig i Stad kommune. [...] Sånn i forhold til grendelaget, så har jeg liksom ikke merket så mye til kommunen sånn sett, annet enn den spørreundersøkelsen som ble sendt ut (F3)

Ja, det er kanskje litt mer usikkert. Det er jo litt sånn.. Jeg tenker jo det at det er ulike organisasjoner, og de jobber jo på en måte med det en har jobbet med til alle tider, sant? [...] kan bruke frivillige opp mot integrering, for eksempel. Det har blitt mer aktuelt i det siste. Og ja, opp mot eldre og omsorg egentlig og sånt.. At man har for eksempel begynt med middagskjøring i ytre deler av kommunen. Sånn at.. det var ikke vanlig før (F2)

Sitata ovanfor viser at informantane ikkje er sikre på om frivilligheita er invitert til å iverksette tiltak i den frivilligpolitiske plattformen, men er likevel kjent med at frivillige bidrar i kommunen sine tenester. Fleire av informantane frå kommunen har også inntrykk av at det først og fremst er kommunen sine tilsette som jobbar med å sette i verk måla og tiltaka frå den frivilligpolitiske plattformen, noko denne utsegna vitnar om:

Jeg tenker.. jeg tenker at der har vi kanskje et stort forbedringspotensiale. Klart det at vi har jo tiltak i frivilligpolitikken som.. som går på.. på foreningsportal, få synliggjort frivilligheten og sånn og der inviterer vi jo inn til å delta og hjelpe oss med å holde foreningsportalen oppdatert og sånn og ja, men... Hverken på det med evaluering eller.. eller iverksetting, så tror jeg. Hmmm.. Jeg tror vi kunne vært flinkere der altså (K4)

Informant K5, som deltar i same fokusgruppeintervjuet, utfyller dette med å streke under at det er mykje samarbeid mellom kommunen og frivilligheita, men at ein ikkje alltid synleggjer dette og knyter det til den frivilligpolitiske plattformen. Dette leiår vidare til ein ny refleksjon frå informant K4 relatert til spørsmålet om iverksetting av frivilligpolitikk:

kanskje den største jobben som.. som er gjort i etterkant av.. av at vi har fått frivilligpolitikk i Stad, den er gjort internt i kommuneorganisasjonen. For vår tidligere kommunedirektør, hun var jo veldig tydelig på at alle avdelinger skulle rapportere på hva

konsekvenser frivilligpolitikken hadde for avdelingen, og hvordan de jobber med frivilligpolitikken i avdelingen. Og det er jo en revolusjon og.. og en god start [...] Og så kan det hende at det blir mer i lag med frivilligheten etter hvert? (K4)

Sitatet viser at informanten meiner at ein viktig del av iverksettinga av frivilligpolitikken har føregått internt, ved at alle avdelingar i kommunen må rapportere på korleis dei arbeider med frivilligpolitikken i praksis.

Kommuneplanen sin samfunnsdel og den frivilligpolitiske plattformen er bygd opp rundt samfunns målet om eit samfunn der alle dreg i lag, og i plattformen er det lista opp mange tiltak som skal styrke frivilligheita. Tiltaka peikar likevel langt på veg på kommunen sin eigen organisasjon. Kan dette vere med å forklare kvifor informantane frå både frivilligheita og kommunen ikkje kan gje eit klart svar på om frivilligheita er med å iverksette frivilligpolitikken, jf. Vabo mfl. (2020)? Eller er det eit teikn på at kommunen og frivilligheita ikkje «dreg i lag»? Fleire av informantane peikar på frivilligheita si frie rolle, og at frivilligpolitikken må reflektere dette, slik utsegnen frå informant K4 viser: «...frivilligheten får bestemme, uten at de.. at de ikke føler en forespørsel som tvang» (K4). Ideen om frivilligheita si frie rolle står sterkt blant informantane, og forklarar kanskje kvifor så få gir eit klart svar på om frivilligheita bidrar i iverksettinga av frivilligpolitikken.

4.5.4 Er frivilligheita med å evaluere frivilligpolitikken?

Det femte og siste steget i stegmodellen er, i følgje Vabo mfl. (2020) *evaluering*. På dette steget vurderer myndighetene og offentlegheita resultatene av vedtatt politikk og ser om problemet faktisk er løyst eller om den valde løysinga fekk ønska effekt. I denne fasen blir det også vurdert om politikken skal vidareførast, justerast eller avsluttast.

I frivilligpolitisk plattform 2022-2024 (Stad kommune, 2021) står det at plattformen skal evaluerast/rullerast i 2024. I samtalen med informantane er det likevel få som meiner at dei har blitt invitert til å evaluere frivilligpolitikken. Blant dei som representerer frivilligheita svarar F1: «Nei evaluering er ikke noe jeg kjenner meg så veldig igjen i egentlig, da. Vi gir jo på en måte tilbakemeldinger til enkeltpersoner i de møtene vi har, men at noe på en måte har, at det er liksom en evaluering det, det har ikke jeg liksom følt..» (F1). Informant F2 svarar «Nei, det kjenner jeg egentlig ikke til..» og informant F3

«Ikke som jeg har vært med på». Det same synet kjem fram hos informant F4 og F5. Dette viser at informantane ikkje veit om frivilligheita er invitert til å evaluere frivilligpolitikken. Når eg spør nærmare om dei har svart på kartlegginga blant frivillige organisasjonar hausten 2023, og om dette kan ha vore del av evalueringa, svarar informantane positivt. Ein av informantane, F1, meiner likevel at kommunen bør bli betre på evaluering:

Så vi var flink å se framover da, men bakover ser man ikke så veldig mye da.. Og det er ikke det at jeg synes det er så viktig å se bakover for bare å se bakover og gjerne kritisere og sånn. Men det er jo det man lærer av da. Er jo på en måte å... Ja, evaluering det er å se seg tilbake. Hva... hva skjedde, hva gikk bra, hva gikk dårlig og hva kan vi lære av det før neste runde, liksom? (F1)

Dette sitatet viser at informant F1 meiner det er mykje å lære ved å evaluere. Informantane frå kommunen kjem med utsegn som viser at dei meiner det er viktig å invitere frivilligheita til å vere med å evaluere frivilligpolitikken. Informant K2 svarar følgjande på spørsmålet om evaluering: «Er det ikke det vi skal til på nå da i 2024? Og bruke den rapporten på? Gjøre det, systematisk» (K2).

Fleire av informantane frå kommunen tar til orde for at rapporten frå kartlegginga blant frivilligheita i 2023 er ein sentral del av evalueringa av frivilligpolitikken. Informant K4 viser også til kravet frå kommunedirektør om at alle avdelingar må rapportere på korleis dei jobbar med frivilligpolitikken: «Så jeg tror den.. den viktigste jobben i forhold til å evaluere frivilligpolitikken er gjort internt i kommuneorganisasjonen, mer enn i lag med frivilligheten» (K4). Dette viser at informanten ser det interne arbeidet i alle avdelingane i kommunen som sentral i evalueringsarbeidet knytt til den frivilligpolitiske plattformen.

Det er slått fast i den frivilligpolitisk plattformen 2022-2024 at denne skal evaluerast og rullerast. Informantane frå frivilligheita kjenner likevel lite til at dei har blitt invitert til å evaluere frivilligpolitikken. Kartlegginga blant frivillige organisasjonar (Frivillighet Norge, 2023) blir nemnt av fleire av informantane frå kommunen som sentral i evalueringa, i tillegg til innspelsrundane til den nye frivilligplattformen, gjennom den årlege frivilligkvelden og det at plattformen blir lagt ut til offentleg høyring. Studien min tyder likevel på at kommunen kan jobbe meir systematisk med evaluering av frivilligpolitikken.

4.6 Utvikling av og medverknad i frivilligpolitikken

I forskingsspørsmål 1 har eg sett lys på følgjande: *Korleis er prosessen rundt utvikling av frivilligpolitikk lagt opp i kommunen, og på kva stadium blir frivilligheita invitert til medverknad i utviklinga av frivilligpolitikken?* Dette spørsmålet har eg svart ut først gjennom ei deskriptiv skildring av korleis utviklinga av frivilligpolitikk gjekk føre seg i dei to gamle kommunane, Selje og Eid, og i nye Stad kommune. Eg skildrar så korleis prosessen med ny frivilligpolitisk plattform 2025-2027 er lagt opp. Deretter har eg sett på frivilligheita si medverknad i frivilligpolitikken, i lys av teoriane om *iverksetting* (Offerdal, 2014) og *den politiske stegmodellen* (Vabo et al., 2020). Eg vil i dette delkapittelet oppsummere funna eg har gjort rundt det første forskingsspørsmålet.

Proessen med å utvikle frivilligpolitisk plattform har vore lagt opp på nokolunde likt vis alle tre gongane, både i forkant av Eid kommune sitt vedtak i 2018, og Stad kommune i 2021 og i 2024. Fram mot 2018 og 2021 har prosessen starta med at kommunen har inngått eit samarbeid med Frivillighet Norge, som har heldt foredrag for og leia innspelsmøte med politikarar og administrasjon og med frivilligheita. Innspela vart samla i ein oppsummerande rapport, ført i pennen av Frivillighet Norge. Rapportane vart brukt i utforminga av forslag til frivilligpolitisk plattform både i 2018 og i 2021. Plattformen vart deretter lagt ut for innspel gjennom offentleg ettersyn. Den vart så lagt fram for politiske råd og utval i kommunen, før endeleg vedtak i kommunestyret. Både intervju og dei politiske saksframlegga viser at Frivillighet Norge har spelt ei sentral rolle i prosessen fram mot vedtak både i 2018 og 2021.

I arbeidet med frivilligpolitisk plattform 2025-2027 er prosessen noko endra. For det første gjennomførte kommunen, med hjelp av Rambøll Management Consulting og Frivillighet Norge, ei kartlegging blant dei frivillige organisasjonane hausten 2023 (Frivillighet Norge, 2023). Funna frå denne kartlegginga er brukt i arbeidet med å utvikle ei ny plattform. I 2024 tok kommuneadministrasjonen sjølv oppgåva med å leie innspelsmøta til den nye plattformen, og med å skrive samandrag av innspela.³⁸ Målet er at den nye frivilligpolitiske plattformen blir lagt fram for politisk vedtak i desember 2024. I

³⁸ https://stad.kommune.no/_f/p1/i6ac91bee-5ed5-4cc6-81fb-845de700e341/samandrag-frivilligkveld-2024-2.pdf

forkant av dette blir den lagt fram til offentlig ettersyn. Dette viser at det har skjedd ei utvikling i prosessen med å utvikle den frivilligpolitiske plattformen i retning av fleire arenaer for innspel og ei meir aktiv rolle frå kommunen i å fasilitere innspelsarenaene.

Eit interessant spørsmål i studien er i kva grad iverksettinga av frivilligpolitikken har kome som eit initiativ ovanfrå eller nedanfrå, eller som ein kombinasjon av dette, jf. Offerdal (2014). Informantar frå kommunen fortel at ideane om å utvikle frivilligpolitikk kom etter at styret i frivilligsentralen i Eid kommune, som den gongen var ei ideell stifting, deltok på ein konferanse i regi av Frivillighet Norge i 2016. Styret spelte så inn forslaget om å sette i gang prosessen med ein frivilligpolitisk plattform til kommunen. På denne måten kan ein seie at iverksettinga skjedde som ei følgje av idear ovanfrå, gjennom konferansen i Frivillighet Norge. På same vis kan ein hevde at initiativet internt i kommunen kom nedanfrå, frå styret i frivilligsentralen, som igjen representerte frivilligheita. Studien min viser at både staten, KS og ikkje minst Frivillighet Norge er tydelege aktørar ovanfor kommunane i ønsket om kommunal frivilligpolitikk. Dette ser eg som eit klart teikn på iverksetting ovanfrå og ned, jf. Offerdal (2014). I prosessen med frivilligpolitisk plattform i 2021 og 2024 ser fleire av informantane iverksettinga som eit initiativ ovanfrå - frå kommuneorganisasjonen – og ikkje frå den lokale frivilligheita. Likevel peikar fleire av informantane frå både kommunen og frivilligheita på at initiativet og iverksettinga av frivilligpolitikken har kome både ovanfrå og nedanfrå.

På kva stadium av den politiske stegmodellen (Vabo et al., 2020) får så frivilligheita medverke i utviklinga av frivilligpolitisk plattform? Intervjua, observasjonane og gjennomgangen min av ulike politiske dokument gir litt ulike svar på dette. Når det gjeld *agendasetting*, som er første steget i modellen, peikar både enkelte av informantane, kommuneplanen sin samfunnsdel og den frivilligpolitiske plattformen på at det skal vere lett å ta initiativ i kommunen. Samtidig har fleire av informantane inntrykk av at det kan vere utfordrande å få løfta saker politisk eller i det heile ha nok ressursar i frivilligheita til dette. Eg meiner derfor at frivilligheita i mindre grad er med å sette politisk agenda.

Både den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 (Stad kommune, 2021), observasjonane og informantane peikar på arenaer der frivilligheita kan medverke og ta del i *politikkutforminga*. Frivilligkveldane, kartleggingsundersøkinga og utlegging av

frivilligpolitisk plattform til offentlig ettersyn er arenaer for dette. Informantane frå frivilligheita teiknar eit delt bilete av i kva grad frivilligheita får medverke i politikkkutforminga, medan informantane frå kommunen jamt over meiner kommunen er god på å invitere frivilligheita til medverknad. Funna mine tyder på at frivilligheita kan medverke i politikkkutforminga, men at kommunen kan legge endå betre til rette for dette. *Avgjerslefasen* i den politiske stegmodellen er, i følge Vabo mfl. (2020), eit steg som i all hovudsak blir gjort av dei folkevalde, og er derfor ikkje analysert i denne studien.

Det fjerde steget i modellen er *iverksetting* av politikk (ibid.). Både kommuneplanen sin samfunnsdel og den frivilligpolitiske plattformen i Stad er bygd opp rundt samfunns målet om eit samfunn der alle dreg i lag. Frivilligplattformen peikar stort sett på tiltak kommunen skal sette i verk for styrke frivillig sektor, og i liten grad på tiltak frivilligheita skal iverksette. Informantane frå både frivilligheita og kommunen gir heller ikkje eit klart svar på om frivilligheita er med å iverksette frivilligpolitikken. Er dette eit teikn på at frivilligheita ikkje er tiltenkt ei rolle som iverksettar eller at det er uklart kva som skal bli sett i verk? Handlar dette om at kommunen og frivilligheita ikkje alltid «dreg i lag»? Eller handlar det om frivilligheita si frie rolle, der organisasjonane jobbar for egne formål, og ikkje nødvendigvis for mål og tiltak som er politisk vedtatt?

Det er slått fast i den frivilligpolitisk plattformen 2022-2024 at denne skal evaluerast og rullerast (Stad kommune, 2021). Informantane frå frivilligheita kjenner likevel lite til at dei har blitt invitert til å *evaluere* frivilligpolitikken, som er det femte og siste steget i den politiske stegmodellen (Vabo et al., 2020). Informantane nemner likevel at kartleggingsundersøkinga som vart gjennomført blant frivilligheita i 2023 kan vere del av ei slik evaluering. Fleire av informantane frå kommunen meiner at innspelsrundane, gjennom frivilligkveldar og utlegging av plattformen til offentlig ettersyn, er del av evalueringa. Ein av informantane meiner også at kommunedirektøren sitt krav om at alle avdelingar i kommunen må rapportere på korleis dei følgjer opp frivilligpolitikken er sentralt i evalueringa. Funna gjennom studien min tyder på at kommunen kan jobbe meir systematisk med evaluering av frivilligpolitikken.

5 Samarbeid på nye måtar? Analyse av forskingsspørsmål 2

I dette kapittelet vil eg gjere analyse av forskingsspørsmål 2: *Kan frivilligpolitikken legge til rette for samarbeid på nye måtar mellom kommunar og frivillige organisasjonar?*

Gjennom analysen vil eg sjå det empiriske materialet mitt frå intervju, observasjon og dokumentanalyse i lys av spesielt teoriane om *fem trinn av samskaping* (Torfing et al., 2019), *tre rammer for offentleg innovasjon* (Sørensen & Torfing, 2022) og *magiske omgrep* (Pollitt & Hupe, 2011).

Eg startar med eit delkapittel der eg vil sjå på om frivilligpolitikken i kommunen legg til rette for samarbeid på nye måtar, og om den frivilligpolitiske plattforma kan vere med å legge til rette for samskaping på høgare trinn, i tråd med Torfing mfl. (2019) sine *fem trinn for samskaping*. I det neste delkapittelet ser eg nærmare på om frivilligpolitikken er med å skape *rammer for offentleg innovasjon* med frivilligheita og kommunen som aktørar. Eg går så inn i spørsmålet om samskaping og innovasjon er såkalla «*magiske omgrep*» i samband med frivilligpolitikken i kommunen. Kapittelet blir avrunda med nokre konklusjonar rundt forskingsspørsmål 2 – om frivilligpolitikken legg til rette for samarbeid på nye måtar mellom kommunen og frivillige organisasjonar.

5.1 Legg frivilligpolitikken til rette for samskaping på nye måtar?

I dette delkapittelet vil eg sjå på om frivilligpolitikken i kommunen legg til rette for samarbeid på nye måtar og kan bidra til samskaping på dei høgare trinna, jf. Torfing mfl. (2019). I kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032 (Stad kommune, 2020) er ideen om samarbeid og samskaping sentral i samfunnsmålet: «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag» (ibid., s. 8). I den same samfunnsplanen finn vi også tre overordna strategiar. Ein av desse er «Samskapande og inkluderande» (ibid., s. 30), der det står vidare at «Stad skal utvikle seg til å bli framtidens samskapingskommune» (ibid., s. 30). Men korleis blir tanken om samskaping og at «alle dreg i lag» sett om i praktisk handling gjennom frivilligpolitikken?

Torfing, Sørensen og Røiseland (2019) skildrar fem ulike trinn av samskaping som vil ligge til grunn for analysen: 1. Å myndiggjere innbyggjarane til å delta i velferdsproduksjon. 2. Å vere medprodusent av eigne velferdstenester og ta del i frivillig arbeid for å styrke

velferdstenestene. 3. Å spele inn i offentlege prosessar der oppgåver og løysingar blir utforma, gjennom t.d. digital dugnad, fokusgruppe-intervju og offentlege høyringar. 4. Gjensidig dialog mellom offentlege og private aktørar gjennom ad hoc møter, for å skape og implementere nye og betre løysingar. 5. Sivil, privat og offentleg sektor deltar på institusjonelle arenaer med mål om samarbeidande innovasjon der ein set felles agenda definerer problem, og designar, testar og koordinerer implementeringa av nye løysingar.

Eg vil i det vidare først sjå på korleis kommunen og frivilligheita samskapar på dei tre lågaste trinna, før eg ser nærmare på korleis frivilligpolitikken eventuelt er med å legge til rette for samskaping på trinn 4 og 5.

5.1.1 Samskaping på trinn 1 til 3

I kommuneplanen sin samfunnsdel er «Samskapande og inkluderande» ein overordna strategi (Stad kommune, 2020, s. 30). Dette blir mellom anna uttrykt slik: «Vi må sjå kommuneorganisasjonen som ein del av eit felles samfunn. Ved å skape saman – oppnår vi meir.» (ibid., s. 30). Eg vil i det vidare sjå på korleis tiltak frå kommuneplanen sin samfunnsdel (ibid.) og frivilligpolitisk plattform 2022-2024 (Stad kommune, 2021), utsegn frå informantar og observasjonane mine står i relasjon til dei tre lågare trinna av samskaping, jf. Torfing mfl. (2019), som handlar om å vere medprodusent av eigne velferdstenester, delta frivillig i offentleg tenesteproduksjon og spele inn i offentlege prosessar.

To av tiltaka i kommuneplanen sin samfunnsdel peikar i retning av dei lågare trinna av samskaping: «Nytte ressursar både gjennom felles innsats og ved å setje oss inn i og forstå behov og blir meir treffsikre i val av løysing og ressursbruk.» (Stad kommune, 2020, s. 31) og «Mobilisere til meir samarbeid og tiltak for skulane ilag med kommune, politi, psykisk helseteneste, folkehelse og frivillige organisasjonar.» (ibid., s. 31). Frivilligpolitisk plattform 2022-2024 (Stad kommune, 2021) har også samfunns målet «der vi alle dreg i lag» som ein visjon. Vi ser igjen ideane om samskaping på nivå 2, der frivillige kan bidra i den offentlege tenesteproduksjon, i mellom anna tiltak 15 i plattformen:

Stad kommune skal synleggjere dei satsingsområde dei ønskjer å skape meir aktivitet på. I perioden 2022 – 2024 er det:

- *Leve heile livet*
- *Mangfald og inkludering/Alle med*
- *Møteplassar*
- *Den samskapande kommunen (ibid., s. 7)*

Satsingsområda som er nemnt her handlar om offentlege tenester, som kommunen ønskjer at frivilligheita skal bidra til, innan mellom anna eldreomsorg og inkludering. Gjennom observasjonen min av gruppearbeida under frivilligkvelden i januar 2024 ser eg også at kommunen inviterer frivillige til å bidra til ein del av dei offentlege tenestene. Her er ein refleksjon frå observasjonsnotata mine:

Det slår meg at breidda av tema speglar ein tanke om at frivilligheita og kommune kan samarbeide innan mange område, både kultur og fritid, beredskap, oppvekst, helse og inkludering. Gruppene startar med eitt spørsmål der dei skal dele idear og tankar utifrå eigen organisasjon om temaet/utfordringa. Deretter skal dei svare på spørsmålet «korleis kan kommune og frivillige løyse desse utfordringane saman?» (O1)

Refleksjonen min frå møtet viser at frivilligheita blir invitert til å diskutere samarbeid om fleire av tenestene i kommunen. At det går føre seg samskaping på trinn 2, jf. Torfing mfl. (2019), kjem også tydeleg fram frå fleire av informantane. Informant F4 nemner eit prosjekt der kommunen og frivillige samskapar om stell av grøntområde i bygda som eit slikt eksempel. Informant F2 fortel at innbyggjarane i bygda er ein del av brannberedskapen i kommunen og at frivillige er invitert av kommunen til å ta del i *Leve heile livet*, som mellom anna handlar om eldre sine tenestetilbod. Informant K5 nemner middagskøyring til eldre som eit eksempel på at frivillige bidrar i kommunen sine tenester. Informant K1 skildrar samskaping på følgjande vis: «En slags kontrakt mellom det frivillige og kommunen, der de frivillige skal bidra inn i mer.. inn i kommunen sin tjenesteyting» (K1). Dette tyder på samskaping på trinn 2 der innbyggjarane tar del i frivillig arbeid for å styrke velferdstenestene, jf. Torfing mfl. (2019).

Når det gjeld samskaping på trinn 3 skildrar Torfing mfl. (2019) dette som at sivilsamfunnet får spele inn i offentlege prosessar gjennom t.d. digitale dugnader, fokusgruppe-intervju og offentlege høyringar. Empirien min viser at det blir lagt ein del til

rette for dette. Den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 slår mellom anna fast i tiltak 1 at kommunen «skal etablere tydelege kontaktpunkt og bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor» og i tiltak 13 at kommunen «skal invitere frivillige tidleg inn i arbeidet med kommunale planar og større saker – særleg utbyggingsprosjekt» (Stad kommune, 2021, s. 5 og 7). Informantane frå kommunen uttrykker stort sett stor vilje til å invitere frivilligheita inn i offentlege prosessar. Informant K4 seier at dei vil legge opp til endå breiare medverknad i samband med utviklinga av ny frivilligpolitisk plattform 2025-2027. Informant K3 fortel at det har vore god involvering av frivilligheita i samband med utvikling av dei frivilligpolitiske plattformene, både gjennom innspelsmøte og kartleggingsundersøking, men også ved å ha dørene opne for innspel gjennom heile året. Kva som skjer i praksis er utanfor mitt empiriske materiale, men intensjonane i dokument, intervju og observasjonen eg gjorde under frivilligkvelden i januar 2024 er i alle fall eintydige om eit ønske om auka involvering av frivilligheita frå kommunen si side.

Informantane frå frivillig sektor har eit meir samansett bilete av i kva grad dei får høve til å spele inn i offentlege prosessar, jf. trinn 3 på samskapingstigen. Informant F1 fortel at kommunen inviterer til å spele inn til frivilligpolitisk plattform, men er usikker på om innspela faktisk blir tatt med. Samtidig ser informanten at den frivillige organisasjonen vedkomande representerer over tid har blitt meir involvert:

Og ja, vi kommer jo med planuttaler, og nå skal det jo i gang denne her kommuneplanen for idrett og friluftsliv. Den skal jo.. skal nyrevideres nå da. [...] Så det er planprosesser da, så. Så det er for så vidt mange arenaer da, der man har med kommunen å gjøre. Og dette har blitt vesentlig bedre da, i forhold til når jeg kom inn i [namn på organisasjon]. Da hadde vi knapt noen eneste arena (F1)

Både informant F2 og F3 meiner kommunen er relativt god på å invitere inn i offentlege prosessar, medan informant F4 har erfaringar med at det tidvis kan vere vanskeleg for frivilligheita å komme inn i slike prosessar. Informant F5 meiner kommunen prøver å involvere, men at det kan vere utfordrande for frivilligheita å ha ressursar nok til å delta:

Men fra jeg-perspektiv så tenker jeg at kommunen har hatt en utstrakt hånd, til å ville involvere.. involvere oss i ulike møtepunkt. Og så er det mer snakk om en prioritering når det

*blir.. Hvis man er en engasjert i frivillig sektor, så er det ofte mange møter i seg selv. [...]
Hvorfor skal en bruke tid på det? (F5)*

Informantane viser på denne måten at dei ser at kommunen inviterer til innspel i offentlege prosessar, men at det tidvis kan vere utfordrande å nå gjennom i prosessane eller å ha tid til å delta i dei.

Studien min peikar langt på veg i retning av at det går føre seg samskaping på dei tre lågaste trinna, jf. Torfing mfl. (2019). Spesielt er det tydeleg at frivillige kan bidra inn i dei offentlege tenestene innan mange område. Det ser også ut til at frivilligheita blir invitert inn i offentlege prosessar, men her meiner enkelte av informantane frå frivillig sektor at det tidvis kan vere vanskeleg å ta del i prosessane, fordi frivilligheita kan ha avgrensa ressursar til slikt arbeid. Empirien min tyder på at kommunen langt på veg nyttar tradisjonelle kanalar, slik som innspelsmøte og offentlege høyringar, når dei inviterer til innspel i offentlege prosessar. På denne måten lukkar kanskje kommunen døra for nye samarbeidsformer og innspel frå enkelte frivillige aktørar, ved å ikkje nytte til dømes digitale innspelsplattformer, slik mellom anna Torfing og Ansell (2021) tar til orde for.

5.1.2 Samskaping på trinn 4

Torfing mfl. (2019) skildrar det fjerde trinnet av samskaping som gjensidig dialog mellom offentlege og private aktørar gjennom ad hoc møter, for å skape nye og betre løysingar og koordinere implementeringa av desse. Vi finn igjen tanken om gjensidig dialog i verdigrunnlaget i kommuneplanen sin samfunnsdel, der det står at kommunen skal vere «Nær» og «Raus» (Stad kommune, 2020, s. 13) som blir skildra på følgjande vis: «Som handlar å vere lett å nå, open, tilstades, engasjert, villig til å delta, omtenkjam og empatisk» og «Som handlar om å vere imøtekomande, vise tillit, anerkjenne kvarandre og ulike perspektiv» (ibid., s. 13). I frivilligpolisk plattform 2022-2024 står følgjande: «Frivillige og kommune skal møte kvarandre med likeverd og respekt» (Stad kommune, 2021, s. 8). Den gjensidige dialogen er noko som eg har merka meg då eg gjorde observasjon under frivilligkvelden (O1) og innbyggjartreffet (O2) i kommunen:

Etter første økta set eg igjen med inntrykket av at kommunen sine tilsette ønskjer dialog og samarbeid med frivilligheita, og at dei jobbar systematisk med frivilligpolitikken (O1)

Det er også positivt at mange frå kommuneorganisasjonen deltar på treffet. Dette gjer dialogen mellom kommunen og frivilligheita sterkare og gjer det truleg lettare å få til praktiske samarbeid. Det å møtast, bli kjent, snakke i lag, feire kvarandre og bli meir synlege er viktig for å kunne utvikle frivilligheita (O2)

Refleksjonen min etter observasjonane var dermed at kommunen sine tilsette er opptatt av å møte frivilligheita og ha god dialog. Dei fleste informantane gir også uttrykk for at dei opplever dialogen mellom kommunen og frivilligheita som gjensidig. Informant F2 og F3 nemner frivilligkveldane og innbyggjartreffet som gode arenaer for å styrke kontakten og dialogen mellom kommunen og frivilligheita, og gir uttrykk for at dei synest det er enkelt å vere i kontakt med kommunen sine tilsette. Informant F1 meiner dialogen vart mykje betre etter at organisasjonen hen representerer fekk ein fast kontaktperson i kommunen. Informant F4 har derimot erfart ein del motstand frå kommunen i samband med initiativ organisasjonen har tatt: «Men jeg føler... jeg føler det har vært tungt å være [namn på lag] mot kommunen» (F4). Informant F5 har erfaringar både med å bli invitert med «en utstrakt hånd» i nokre tilfelle, og med eit utfordrande byråkrati i andre tilfelle:

For eksempel så har vi hatt byggesaker gående hvor - flere ganger - som bare trekker ut tid, og hvor en blir møtt av mye mer.. med paragrafer istedenfor et klapp på skulderen og si «superbra initiativ. Dette her må vi jo se.. finne en løsning på» (F5)

Informantane frå kommunen er tydelege på at dei ønskjer gjensidig dialog med frivilligheita. Informant K3 skildrar dette på følgjande vis: «Altså det er jo det å invitere inn til et samarbeid, men der man stiller som likeverdige parter» (K3). Informant K2 utdjupar dette nærmare:

Det jeg ble opptatt av med samskapingen utover i det prosjektet som vi hadde nå - det var dette med likestilling her da. Og så å gå vekk i fra denne rollen som jeg har vært vant med å ha som en fast ansatt, der jeg kaller inn til møte på kommunehuset og bestemmer meg for hvem jeg ville invitere inn og setter agendaen [...] til å.. å prøve å være helt sånn åpen og tilbaketil og få initiativer utenfra [...] Men denne der likeverdigheten, synes jeg er en utfordring å få til (K2)

Dette sitatet viser at informanten er opptatt av likeverdig dialog, men tidvis synest det er utfordrande å få til dette i praksis. Dette kan tyde på ein asymmetri i maktforholdet mellom kommunen og frivilligheita. Informanten seier at det er utfordrande å finne likeverdet som hen opplever at samskapinga skal innebære. Spørsmålet er då om kommunen og frivilligheita har ein gjensidig dialog, jf. Torfing mfl. (2019) si skildring av samskaping på trinn 4?

Fleire av informantane frå kommunen peikar også på at dei ønskjer å skape nye og betre løysingar i lag med frivilligheita, og koordinere implementeringa i lag, i tråd med samskaping på trinn 4 (ibid.). Informant K6 fortel at kommunen er i ferd med å etablere eit samskapingsteam til nettopp dette:

Og det skal jo være som en sånn.. førstelinjetjeneste ut til frivilligheten og innbyggerne våre. Og så er det litt å se på.. Hvordan kan vi hjelpe engasjerte samfunnsaktører, innbyggere, frivillige organisasjoner på.. og så.. og hjelper dem å utvikle ideen sin eller tankene sine, og se hvor vi kan gjøre ting i lag da (K6)

Sitatet viser at kommunen er i gang med tiltak som kan gjere det lettare for kommunen og sivilsamfunnet å skape nye løysingar og implementere desse i lag. Informant K2 skildrar samskapinga mellom kommunen og frivilligheita på følgjande vis:

...å prøve å være helt sånn åpen og tilbaketent og få initiativer utenfra, og å ta imot de som kommer med ideer om hva de vil gjøre, eller hva de synes vi burde få til. Og så passe seg for ikke å begynne å styre dette da. At de liksom.. får beholde initiativet og styring av eierskapet. [...] Og så synes jeg og samskaping.. opplever at de frivillige er blitt mer opptatt av «hva er det kommunen trenger?» [...] Nå opplever jeg at de er på tilbudssiden. At hvis de først skal gjøre noe, så vil de at det skal være nyttig for alle (K2)

Dette sitatet viser at informanten frå kommunen har erfaring med at frivilligheita i større grad tilbyr å støtte opp om kommunen sitt arbeid. Tankane om at kommunen og frivilligheita kan skape løysingar og implementere desse i lag er også tydeleg hos informant K3: «vi må faktisk konsentrere oss om at det skal bli likeverdighet i det, da. [...] Og også at ikke vi tar over prosesser som det ikke er meningen at vi skal ta over» (K3).

Fleire av informantane frå frivillig sektor peikar også på at det blir lagt til rette for at kommunen og frivilligheita kan finne og sette i verk løysingar i lag. Informant F1 meiner at det å ha ein fast kontaktperson i kommunen har bidratt til dette. Informant F4 har god erfaring frå eit konkret prosjekt som frivillige tok initiativet til og fekk kommunen med på: «Så jeg er veldig for at det her med samskaping, og at det frivillige i lag med det offentlige, i lag med kommunen - at det kan vi innføre på mange, mange felt» (F4). Informant F2 nemner ferietilbod for unge som ei utfordring frivilligheita og kommunen i lag har funne og sett i verk løysingar på.

Nokre av informantane frå frivilligheita deler også erfaringar der kommunen har hindra moglege samarbeid. Informant F5 erfarte dette då organisasjonen tok kontakt for å bistå i samband med flyktnings situasjonen knytt til krigen i Ukraina: «Og så fikk man jo liksom: «Takk for det. Det var jo bra.» Og så var det ikke noe mer enn det» (F5). Informant F1 fortel om liknande erfaringar i samband med spørsmål om samarbeid om idrettsanlegg:

Og de virker som de har jo aldri har lest noe frivillighetspolitisk plan eller forholder seg til noe av dette her. De bare lever i sin egen verden de, og bare kjører på. [...] Så det virker som at det egentlig kommunen sliter litt her med å forankre disse holdningene som ligger til grunn i denne planen i sin egen organisasjon (F1)

Dette viser at enkelte informantar meiner kommunen står i vegen for samarbeid. Empirien min frå intervju, observasjon og dokument tyder på at kommunen ønskjer gjensidig dialog og samarbeid, men utsegn frå informantar både frå kommunen og frivilligheita viser at dette kan vere utfordrande i praksis, noko som tyder på ein viss asymmetri i maktforholdet mellom kommunen og frivillige. Empirien viser også at det finst eksempel på at kommunen og frivilligheita skaper og implementerer nye løysingar, medan enkelte informantar har erfaring med det motsette. Studien min viser på denne måten at det er ønske om å få til gjensidig dialog for å skape nye løysingar, i tråd med samskaping på trinn 4, jf. Torfing mfl. (2019), men tidvis utfordrande å få til dette i praksis.

5.1.3 Samskaping på trinn 5

Torfing mfl. (2019) skildrar samskapinga sitt øvste nivå som eit trinn der partar frå sivil og privat sektor er deltakarar på institusjonelle arenaer saman med offentleg sektor. Der blir

det lagt til rette for samarbeidande innovasjon med mål om å sette agenda, definere problem, designe og teste nye løysingar og koordinere implementeringa i lag. Forfattarane av dei fem trinna av samskaping er opne på at det kan vere vanskeleg å realisere samskapinga sitt fulle potensial (ibid.). Korleis ser så situasjonen ut i Stad kommune når det gjeld samskaping på øvste trinn?

Kommuneplanen sin samfunnsdel slår fast at «Stad skal utvikle seg til å bli framtidens samskapingkommune» (Stad kommune, 2020, s. 30). I den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 ser eg dette igjen i mellom anna tiltak 7.3 «Skapande saman med dei frivillige» (Stad kommune, 2021, s. 7). Meir konkret finn eg dette som tiltak som invitasjonar om å ta del i arbeidet med kommunale planar, å etablere tydeleg kontaktpunkt mellom kommune og frivillig sektor, eit årleg innbyggjartreff og «minst eitt årleg kontaktmøte mellom frivillige lag og politisk/administrativ leiing i kommunen» (ibid., s. 5-7).

Gjennom studien min fekk eg høve til å delta på og observere begge dei årlege treffpunkta mellom kommunen og frivilligheita, *frivilligkveld* og *innbyggjartreff*. Her er ein av refleksjonane mine etter observasjon av frivilligkvelden: «At tilsette i kommunen og representantar frå frivilligheita set seg ned i lag for å peike ut utfordringar og samarbeidspunkt er for meg eit teikn på at det går føre seg samskaping på eit høgare nivå mellom offentleg og frivillig sektor» (O1). Denne refleksjonen peikar i retning av at kommunen og frivilligheita har etablert arenaer som kan brukast til samskaping på høgare trinn. Frivilligkvelden er, i følgje informant K4, eit resultat av den første frivilligpolitiske plattformen i Eid kommune, medan innbyggjartreffet fekk eit utvida innhald som følgje av plattformen. Dei er på denne måten nye arenaer for samarbeid mellom kommune og frivilligheit som har oppstått som følgje av frivilligpolitikken.

Det årlege innbyggjartreffet og frivilligkvelden kan muligens definerast som «institusjonelle arenaer» der frivilligheita og kommunen møtest, jf. Torfing mfl. (2019). Informant K3 nemner desse to årlege møtepunkta som viktige arenaer for mellom anna innspel til frivilligpolitikken. Informant K4 nemner dei to møtepunkta i samband med spørsmålet om kommunen har arenaer der det offentlege og frivilligheita kan sette seg ned i lag og diskutere samfunnsutfordringar:

...i frivilligpolitikken, så har vi jo sagt at vi skal ha to sånne arenaer [...] i året. [...] Vi skal ha innbyggertreff der frivilligheten og kommunen og innbyggere møtes, og så skal vi ha frivilligkveld [...] der frivilligheten og kommunen møtes. [...] Så arrangerer jo kommunen innspillsrunder på forskjellige typer planer og sånn. Der en har mer bygdemøter og sånne ting. Og det er jo også arenaer der en kan sette seg ned og.. og diskutere samfunnsutfordringer (K4)

Dette sitatet tyder på at tiltak som er slått fast i den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 fungerer som såkalla «institusjonelle arenaer», jf. Torfing mfl. (2019) og at kommunen i tillegg inviterer frivilligheita til andre meir ad hoc-møter.

Fleire av informantane frå frivillig sektor nemner også innbyggjartreffet og frivilligkvelden som viktige arenaer for samarbeid mellom kommune og frivilligheita. Eit anna område fleire av informantane frå både kommunen og frivilligheita nemner er samarbeidsavtalar. Informant F1 meiner avtalen organisasjonen hen representerer har med kommunen er vesentlig for samarbeidet: «Det er et godt eksempel på at man, hvis man klarer å etterleve en sånn ting, så har man en veldig god samarbeidsarena da» (F1). Informantar frå kommunen nemner også både samarbeidsavtalar og *rolleavklaringsdokument* mellom frivillige organisasjonar og kommune som viktige for å koordinere samarbeidet. I tillegg har kommunen etablert faste kontaktpersonar for ein del organisasjonar. Både det årlege innbyggjartreffet og frivilligkvelden, samarbeidsavtalane, rolleavklaringsdokumenta og ordninga med faste kontaktpersonar kan muligens definerast som «institusjonelle arenaer», jf. trinn 5 på samskapingsstigen (Torfing et al., 2019). Spørsmålet blir då vidare om dette er arenaer for samarbeidande innovasjon der det blir sett agenda og problemdefinisjon, og der det blir designa, testa og implementert nye løysingar?

Fleire av informantane frå kommunen kjem med eksempel på det ein kan kalle «samarbeidande innovasjon», jf. Torfing mfl. (2019), der frivilligheita og kommunen har deltatt. Informant K6 fortel at dei no er i gang med eit prosjekt på eit idretts- og skuleområde, og eit anna prosjekt som handlar om skatepark. Begge prosjekta har brei involvering av både borna som brukar områda, frivilligheita, næringslivet og kommunen. Informant K1 nemner prosjekta med grønt skjøtsel av sentrumsområde som eksempel på

samarbeidande innovasjon. Informant K2 meiner det nyetablerte *samskapingsteamet* i kommunen kan spele ei rolle i innovasjonsprosessar:

Vi har jo i hvert fall medarbeidere som kan metodikken da, og som vil kunne rigge seg for det når det er aktuelt. Jeg vet at vi gjorde det i flere omganger i forbindelse med prosjektet Den samskapende kommune. Og nå er jo på en måte utfordringen å få dette til å bli en del av den daglige driften [...] vi har en ganske bra sånn verktøykoffert etter hvert (K2)

Samtidig er spørsmålet om dette reelt sett er eksempel på samarbeidande innovasjon? I følge Sørensen og Torfing (2022) er det innovasjon når det blir utvikla og implementert nye og gode løysingar som bryt med ordinær kunnskap og eksisterande praksisar innanfor ein gitt kontekst. Eksempla med skuleområde, skatepark og grøen skjøtsel som er nemnt ovanfor er muligens nye og gode løysingar i kommunen, men bryt kanskje ikkje i særleg grad med ordinær kunnskap og eksisterande praksisar. Så blir det spennande å sjå om det nye samskapingsteamet kan fungere som katalysator for samarbeidande innovasjon.

Når eg spør informantane frå frivillig sektor om dei kjenner til om kommunen og frivilligheita innoverer i lag, så svarar alle negativt på dette. Enkelte kjem likevel på eksempel på prosjekt der aktørar frå ulike sektorar har funne nye løysingar i lag og samarbeider på nye måtar, etter å ha tenkt seg om. Informant F2 nemner tiltak innan brannvern og heimebasert eldreomsorg som nye samarbeidstiltak, men er likevel usikker på om frivilligheita og kommunen innoverer i lag i samband med desse tiltaka. Informant F1 har følgjande kommentar rundt innovasjon: «de beste eksemplene føler jeg vel kanskje er tiltak som har kommet fra det.. fra frivilligheten og de private, og nødvendigvis ikke det som har vært i en kommunal strategi da» (F1). Informant F5 kjem med eit endå klarare synspunkt om dette temaet:

... jeg tror frivillig sektor har veldig mye å komme med når det gjelder innovasjon. Men at kommunen har det, det kan jeg nesten ikke tro på. Jeg tror kommunal sektor er den minst innovative sektoren du kan finne og mest tungrodd og der alt engasjementet forsvinner (F5)

Synspunkta til dei to informantane ovanfor viser ei negativ haldning til kommunen som innovatør, og kan handle om at informantane ikkje heilt ser forskjellen på offentleg

innovasjon og innovasjon i det private. I følge Sørensen og Torfing er profit den viktigaste drivaren for innovasjon i privat sektor, medan problem, og spesielt «wicked problems», er den viktigaste innovasjonsdrivaren innan offentleg sektor (2022, s. 37-38). Utsegnene om at kommunen ikkje er innovativ kan derfor muligens handle om manglande forståing for offentleg innovasjon blant enkelte av informantane.

Når det gjeld samskaping på trinn 5, jf. Torfing mfl. (2019) viser studien min at det er etablert enkelte såkalla institusjonelle arenaer der frivillig og offentleg sektor møtest, slik som dei årlege frivilligkveldane og innbyggjartreffa som vart utvikla som nye samarbeidsarenaer som følgje av frivilligpolitikken. Samarbeidsavtalar og faste kontaktpersonar for enkelte organisasjonar blir også nemnt som nye tiltak som er viktige for samarbeidet. Det ser likevel ikkje ut til at det blir lagt til rette for samarbeidande innovasjon i særleg grad på desse arenaene, med unntak av muligens nokre enkeltprosjekt. Samtidig nemner informantar frå kommunen det nyetablerte *samskapingsteamet* som eit tiltak der det framover kan bli lagt meir til rette for samarbeidande innovasjon mellom frivilligheita og kommunen. I det neste delkapittelet vil eg sjå meir på om frivilligpolitikken er med å utvide rammene for offentleg innovasjon.

5.2 Frivilligpolitikken og rammer for offentleg innovasjon

Teoriane om offentleg innovasjon som eg nyttar i studien finn vi igjen på dei øvste trinna av samskappingsstigen, jf. Torfing mfl. (2019). Eg vil i dette delkapittelet derfor sjå spesielt på om frivilligpolitikken kan vere med å legge til rette for *offentleg innovasjon*.

Sørensen og Torfing (2022) skildrar tre ulike nivå eller rammer for offentleg innovasjon: Det første nivået handlar om *innovative løysingar gjennom politiske avgjersler og reguleringar*, som fører til at offentlege tenester blir produsert på nye og betre måtar. På det andre nivået finn vi *innovative prosessar med gjensidig samhandling på tvers av sektorar og miljø*. Dette nivået heng tett saman med samarbeidande innovasjon, «design thinking» og samskaping – med involvering av sivilsamfunn, privat og offentleg sektor for å finne fram til og implementere nye løysingar på felles utfordringar. På det tredje nivået finn vi *innovative institusjonar* i form av plattformer og arenaer. *Plattformene* er relativt permanente infrastruktur, medan *arenaene* er ad hoc møtepunkt, slik som workshop,

nettverk og partnerskapsgrupper der det blir lagt til rette for samarbeidande innovasjon (ibid.). Eg vil i dei neste delkapittela sjå empirien frå studien min i lys av kvart av desse tre nivåa eller rammene for offentleg innovasjon.

5.2.1 Innovative løysingar gjennom politikk

Eg vil i denne delen først gjere ei analyse av om dei to politiske styringsdokumenta eg har nytta i studien byggjer opp under det første nivået av offentleg innovasjon, *innovative løysingar gjennom politiske avgjersler og reguleringar* (Sørensen & Torfing, 2022). I kommuneplanen sin samfunnsdel kan vi lese at kommunen skal «Bidra til livskraftige lokalsamfunn gjennom innovative, berekraftige måtar å levere velferdstenester på ved å delta i pilotordningar» (Stad kommune, 2020, s. 24). «Nyskapande og kompetent» (ibid., s. 8) er ein av dei overordna strategiane i planen, utdjupa vidare gjennom mellom anna tiltaket «Vere ein katalysator som engasjerer og mobiliserer næringsliv og innbyggjarar til felles innsats for stadig forbetring og nyskaping» (ibid., s. 32). Frivillig sektor er ikkje nemnt i samband med strategien «Nyskapande og kompetent» (ibid., s. 32-33).

Frivilligpolitisk plattform 2022-2024 har «Skapande saman med dei frivillige» som ein av verdiane (Stad kommune, 2021, s. 4). Denne verdien blir skildra på dette vis: «- vere nytenkjande, løysingsorientert, ansvarleg, strategisk og modig» (ibid., s. 4). På tiltakssida er det likevel lite som peikar i retning av nyskaping og innovasjon med kommunen og frivilligheita som aktørar. Tiltak 11 «Stad kommune skal arrangere minst eitt årleg kontaktmøte mellom frivillige lag og politisk/administrativ leiing i kommunen. Der kan frivillige setje sine viktige saker på dagsorden» (ibid., s. 7) er muligens det tiltaket i plattformen som peikar mest i retning av innovasjon.

Gjennom intervju med tilsette i kommunen får eg inntrykk av at det er gjort enkelte politiske vedtak med mål om innovasjon. Informant K1 nemner samskapingsteamet som eit konkret eksempel på eit politisk vedtak der målet er auka innovasjon. Informant K6 forklarar nærmare:

Ja, vi driver nå også tester ut nå da.. vi har etablert et.. eller jobber med å etablere et samskapingsteam da. [...] Og det skal jo være som en sånn.. førstelinjetjeneste ut til frivilligheten og innbyggerne våre. Og så er det litt å se på.. Hvordan kan vi hjelpe

engasjerte samfunnsaktører, innbyggere, frivillige organisasjoner på.. og så.. og hjelper dem å utvikle ideen sin eller tankene sine, og se hvor vi kan gjøre ting i lag da (K6)

På spørsmålet om innovasjon har blitt nytta som eit omgrep i samband med utvikling av frivilligpolitikk i kommunen svarar informantane frå kommunen negativt på dette. Informant K6 har følgjande kommentar: «Jeg.. jeg har ikke hørt så veldig mye.. innovasjonsbegrepet brukt i det» (K6). Ingen av informantane frå frivillig sektor kjenner til om det har blitt gjort politiske vedtak i kommunen som legg opp til offentleg innovasjon med frivilligheita som ein av aktørane. Kommuneplanen sin samfunnsdel og den frivilligpolitiske plattformen peikar heller ikkje i retning av å invitere frivilligheita med i offentleg innovasjonsarbeid. I intervjuet er det lite som tyder på at hensikten med frivilligpolitikken er å auke innovasjonspotensialet i samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita. Frivilligpolitikken ser dermed ikkje ut til å stimulere i særleg grad til *innovative løysingar gjennom politiske avgjersler og reguleringar*, som er det første nivået eller ramma for offentleg innovasjon, jf. Sørensen og Torfing (2022).

5.2.2 Innovative prosessar med samhandling frå ulike sektorar

I følgje Sørensen og Torfing (2022) handlar det andre nivået/ramma for offentleg innovasjon om *innovative prosessar med gjensidig samhandling på tvers av sektorar og miljø*. Der er målet å finne fram til og implementere løysingar på felles utfordringar gjennom t.d. samarbeidande innovasjon eller samskaping. Under frivilligkvelden i januar 2024 vart det gjennomført gruppearbeid med deltakarar frå frivilligheita og éin gruppeleiar frå kommunen.³⁹ Tema var mellom anna inkludering, tilbod til eldre, samarbeid med skule, beredskapsarbeid og lokale/arenaer til aktivitetar. I observasjonsnotatet mitt frå frivilligkvelden har eg notert følgjande som kan relaterast til Sørensen og Torfing (2022) si skildring av innovative prosessar:

Gruppene startar med eitt spørsmål der dei skal dele idear og tankar utifrå eigen organisasjon om temaet/utfordringa. Deretter skal dei svare på spørsmålet «korleis kan kommune og frivillige løyse desse utfordringane saman?». Gruppene startar med open

³⁹ https://stad.kommune.no/_f/p1/i6ac91bee-5ed5-4cc6-81fb-845de700e341/samandrag-frivilligkveld-2024-2.pdf

runde der alle innspel blir notert på post-it lappar og limt på plakat. Deretter skal gruppene prioritere dei tre viktigaste tiltaka innan kvart tema – først i den generelle runden og så på runden om korleis løyse utfordringar i lag (O1)

Desse gruppearbeida er eksempel på gjensidig samhandling mellom kommune og frivilligheit der ein ville finne fram til felles utfordringar og løysingar, men eg er usikker på om prosessen var innovativ, jf. Sørensen og Torfing (2022), sidan eg ikkje fekk høve til å studere gruppearbeida inngåande. På spørsmål om det går føre seg innovative prosessar nemner informant K6 prosjektet med å lage ein ny plan for eit skule- og idrettsområde:

Og da er det klart, da er både elevene inn i bildet og rektorene og idrettslag og idrettsråd, og så kommer de andre aktørene etterpå. Så er vi inne i bildet, og så er.. er det konsulenter inne i bildet og næringslivet er inne i bildet. Sånn som.. det er jo mange aktører som blir med.. for å ønske å utvikle det området til å bli det.. beste område for alle da. Så der tenker vi liksom nytt, hvordan skal vi gjøre ting? (K6)

Sitatet viser eit eksempel på det informant skildrar som ein innovativ prosess.

Informant K3 kjem med eit anna eksempel på det hen meiner er ein innovativ prosess: «Vi har jo for eksempel jobbet mye med frivillighet opp imot kjøkkenhage. Altså grønn integrering. Den biten der, det kan jo sees på som innovasjon, samfunnsmessig innovasjon for å integrere nye landsmenn [...] Da har man faktisk drevet med innovasjon i tillegg til samskaping» (K3). I følgje Sørensen og Torfing (2022, s. 37) er det innovasjon når det blir utvikla og implementert nye og gode løysingar som bryt med ordinær kunnskap og eksisterande praksisar innanfor ein gitt kontekst. Eksempla med grønn integrering og nytt skule- og idrettsområde stemmer med Sørensen og Torfing sin definisjon av innovasjon ved at det blir utvikla og implementert nye og gode løysingar, men det er meir usikkert om dette bryt med ordinær kunnskap og eksisterande praksisar.

På spørsmålet om innovasjon har blitt brukt som eit omgrep i samband med frivilligpolitikken i kommunen, svarar informant F1 at hen trur det har blitt brukt, men at det manglar konkret innhald. Hen fortel vidare at kommunen inviterte frivilligheita til tre ulike prosjekt i samband med det større prosjektet *Den samskapande kommunen*. Her var det lagt opp til innovasjonsprosessar, som i følgje informanten førte lite med seg:

... man skulle drive litt sånn brainstorming. Og da kaster man jo opp ting som gjerne kan være kjempedyrt og kjempe... Nei, det fantes ingen penger å få til noe. Det var liksom bare vi som skulle få det til.. vi.. det frivillige da. Og da gikk liksom luften litt sånn ut av den ballongen, og så tror jeg ikke det ble noe mer møter. Og så kokte alt bort i kålen (F1)

Informant F1 hevder med andre ord at forsøket frå kommunen på å få i gang ein innovativ prosess førte lite med seg. Informant F2 har eit meir positivt inntrykk av innovasjonsprosessar knytt til nokre av samskapingsprosjekta i kommunen, mellom anna innan velferdsteknologi og heimebasert omsorg. Informanten nemner også «Leve heile livet»-reforma som eit positivt samskapings- og innovasjonstiltak:

... det har jo skjedd ting som kanskje ikke ville skjedd hvis vi ikke hadde den frivilligpolitiske plattformen, og ikke minst hadde de som jobber aktivt for at den skal komme ut til organisasjonene og... Og ja, for den.. en har jo for eksempel fått til denne her.. helt konkrete tiltak som gjennom det her «leve hele livet-prosjektet» (F2)

Dei andre informantane frå frivilligheita, F3, F4 og F5, svarar alle nei på spørsmålet om dei kjenner til om kommunen og frivillige organisasjonar møtest til innovasjonsprosessar, og enkelte av desse har eit negativt inntrykk av kommunen sitt potensiale til å drive innovasjonsarbeid. Spørsmålet om frivilligpolitikken legg til rette for *innovative prosessar*, i tråd med det Sørensen og Torfing (2022) skildrar som det andre nivået/ramma av offentleg innovasjon, har dermed gitt delte svar. Eksempla frå enkelte av informantane peikar i retning av at det kan gå føre seg enkelte innovative prosessar. Samtidig er informantane frå frivillig sektor lite kjent med desse prosessane, og enkelte har eit heller negativt inntrykk av kommunen sitt innovasjonsarbeid.

5.2.3 Innovative institusjonar – plattformer og arenaer

Det tredje nivået/ramma for offentleg innovasjon er i følgje Sørensen og Torfing (2022) *innovative institusjonar*, i form av permanente *plattformer* eller ad hoc *arenaer* for samarbeidande innovasjon. Dette handlar med andre ord om institusjonalisering av nye samarbeidsformer og -arenaer mellom kommune og frivilligheita. Informant K4 fortel at kommunen inviterer frivilligheita til to årlege møtepunkt, i tråd med frivilligpolitisk

plattform 2022-2024, men at det også finst andre arenaer for å diskutere ulike samfunnsutfordringar:

... i frivilligpolitikken, så har vi jo sagt at vi skal ha to sånne arenaer i.. og eller.. sånne faste møtepunkter i året. Hmmm.. Vi skal ha innbyggertreff der frivilligheten og kommunen og innbyggere møtes, og så skal vi ha frivilligkveld [...] der frivilligheten og kommunen møtes. Men det er jo kanskje på den siste.. der at en har muligheter, kanskje sette seg ned og diskutere sånne ting. I tillegg så er.. har jo.. arrangerer jo kommunen innspillsrunder på forskjellige typer planer og sånn. Der en har mer bygdemøter og sånne ting. Og der er jo også arenaer der en kan sette seg ned og.. og diskutere samfunnsutfordringer (K4)

Informanten viser gjennom sitatet at det er etablert både faste og meir sporadiske møteplassar for å snakke i lag om ulike samfunnsutfordringar. Dei årlege frivilligkveldane oppstod som eit nytt møtepunkt for samarbeid mellom kommunen og frivilligheita, som eit resultat av den første frivilligpolitiske plattformen 2018-2021, og innbyggjartreffet fekk utvida innhald, i følgje informant K4. Spørsmålet ein då kan stille seg er om desse to møtepunktene kan bli sett på som *plattformer eller arenaer for innovasjon*, i tråd med Sørensen og Torfing (2022) si tredje ramme for offentleg innovasjon. Informant F2 skildrar dei to møteplassane som viktige kontaktpunkt mellom kommunen og frivilligheita. Informant F3 har deltatt på fleire av møtepunktene, og omtalar desse som møteplassar for samarbeid og drøfting av felles utfordringar, slik sitata nedanfor viser:

... jeg mener det siste jeg var med på så.. så snakket vi om hvilke utfordringer vi hadde og hvordan vi kunne løse det. Hva som måtte til. Hva kunne kommunen gjøre? Hva kunne bli fikset selv? Kunne vi samarbeide med andre? Og da kom det jo ned, altså veldig konkrete forslag. [...] Og på det ene møtet har vi jobbet med den ALLEMED-dugnaden som var der, og en fikk gode verktøy å jobbe med (F3)

Men du vet.. faktisk bare du gidder å komme på de møtene da, som faktisk gjør til at du.. da får du jo møte en kommunal person for å.. ja på hvert møte. For du sitter jo på bord. Det er jo en på hvert bord. Så der blir en kjent med de [...] De forteller at de er her for dere. «Vi vil gjøre det enkelt for dere. Ta kontakt med oss, så skal vi se hva løsninger vi finner, men vi kan ikke love gull og grønne skoger på alt. Men vi er her, og vi er.. vi vil bidra» (F3)

Begge sitata viser at kommunen inviterer frivilligheita til to årlege møteplassar - innbyggjartreff og frivilligkveld, i tillegg til andre sporadiske møtepunkt. Ingen av informantane knyter likevel møteplassane mot innovasjon. Fleire av informantane frå kommunen svarar likevel ja på spørsmålet om frivilligpolitikken har lagt til rette for meir samskaping og innovasjon, slik vi ser i sitata nedanfor:

Ja, men det tror jeg. Vi har faste møteplasser, sånn at vi.. vi er liksom garantert å møte.. ha kontakt med frivilligheten. Og det er.. liksom.. bare det i seg selv har gitt ringvirkninger.. [...] Og når vi møtes og tenker i lag, så har mange ideer som ja.. (K5)

... jeg er nå glad for at vi.. at Stad kommune har dette på agendaen. At.. at dette skal vi jobbe med. Og så er jeg glad for at vi har to frivilligsentraler. Det er ikke alle som har. Det er jo kjempepluss. Og så har vi folk.. som får lov å jobbe med dette her.. frivilligpolitikk og frivilligheten.. [...] Men klart, vi kan jo bli bedre. Det er ikke tvil om. Men jeg føler vi er voldsomt godt på vei (K6)

Sitata ovanfor viser at dei årleg møtepunktta som vart etablert gjennom frivilligpolitisk plattform, saman med mellom anna frivilligsentralar og det nye samskapingsteamet kan fungere som arenaer for å diskutere felles utfordringar og løysingar. Det er likevel lite som tyder på at desse møtepunktta har det Sørensen og Torfing (2022) kallar *samarbeidande innovasjon* som eit klart mål. Møtepunktta mellom kommunen og frivilligheita kan i dag truleg ikkje kallast *innovative institusjonar*, jf. Sørensen og Torfing (2022). Utsegnene frå informantane i kommunen tyder likevel på at møtepunktta mellom kommunen og frivilligheita har potensiale i seg til å bli plattformer eller arenaer for offentleg innovasjon.

5.3 Samskaping og innovasjon som magiske omgrep?

Pollitt og Hupe (2011) skriv at enkelte ord, såkalla *magic concepts* (omsett til *magiske omgrep*) har fått ei retorisk særstilling i diskursen rundt offentleg styring. Dette på grunn av orda sitt breie omfang med gjerne motstridande definisjonar, stor fleksibilitet og positive konnotasjonar, og fordi dei impliserer konsensus og har global «salsverdi» (ibid., s. 643). Dei magiske omgrepa har likevel ein del begrensingar, og når desse blir oversett kan det oppstå problem (ibid.). Omgrepa er ikkje del av ein spesifikk ideologi eller interessegruppe. Det er heller ikkje mogleg å hente ut bestemte reglar eller handlingar

frå dei, sidan dei er for abstrakte og generelle (ibid.). I følgje Pollitt og Hupe (2011) er *innovasjon* eit slikt magisk omgrep, og Torfing, Sørensen og Breimo (2022) skriv at *samskaping* er eit magisk omgrep med stor spreieing i offentleg sektor i Noreg. Eg vil i denne delen av oppgåva sjå kritisk på bruken av orda *samskaping* og *innovasjon* i samband med frivilligpolitikken i kommunen, i lys teoriane om magiske omgrep.

I Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032 (Stad kommune, 2020), møter vi ordet «samskapande» seks gongar og ordet «samskaping» to gongar. Mellom anna blir det slått fast at «Stad skal utvikle seg til å bli framtidens samskapingskommune» (ibid., s. 30). Ordet *innovasjon* er ikkje nytta direkte i planen, men det står mellom anna at kommunen skal «Bidra til livskraftige lokalsamfunn gjennom innovative, berekraftige måtar...» (ibid., s. 24) og temaet *innovasjon* er sentralt i strategi 3 «Nyskapande og kompetent» (ibid., s. 32-33). I den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 er ikkje ordet *innovasjon* nytta, medan vi finn ordet «samskapande» éin gong i relasjon til tiltak 7.3 «Skapande saman med dei frivillige» (Stad kommune, 2021, s. 7).

Gjennom intervjuet i studien bad eg alle informantane om å skildre kva dei legg i omgrepa «samskaping» og «innovasjon». Informantane frå kommunen skildra ordet «samskaping» positivt, noko mellom anna sitata nedanfor viser:

... det finnes jo 1000 definisjoner på samskaping. Men den som jeg har trykt til meg da det er at vi jobber sammen med kommunen sine innbyggere, frivillige lag og foreninger, næringsliv, slik at vi sammen kan finne og utvikle og realisere de beste løsningene i lag (K6)

Jeg har noe som jeg liker veldig godt - og det er vinn-vinn samarbeid, og det er jo samskaping. Kort og greit det (K5)

Sitata viser at informantane frå kommunen har positiv oppfatning av omgrepet *samskaping*. Fleire av informantane frå frivilligheita skildrar også *samskaping* positivt, medan enkelte meiner ordet blir brukt, men ikkje etterlevd, slik m.a. sitatet frå informant F1 viser: «Ja, det blir jo alltid brukt, men det er jo dette her å putte noe innhold i det da, noe rent konkret innhold. Er jo kanskje det som ofte mangler da» (F1).

I fokusgruppeintervju med tre tilsette i kommunen kom det fram at det har vore ein del diskusjonar om bruken av ordet «samskaping», noko sitata frå informant K2 og K1 viser:

Vi hadde noen ganske opphetede diskusjoner på dette, fordi det var noen som sa at nå var vi begynt med noe helt nytt i Stad. Folk sa at de ville ha seg frabedt at det var nytt å samarbeide og samhandle. Det hadde man alltid gjort (K2)

... når man snakker om begrep - så vi hadde jo diskusjoner også internt i kommunene. Så er det her noe nytt, eller er det noe vi har holdt på med lenge? Og hvem har eierskap til definisjonen av det ene eller det andre? [...] Og noen følte seg nok litt tråkka på tærne, i forhold til akkurat det (K1)

Sitata viser at det ikkje nødvendigvis er like stor semje om samskaping er noko nytt og kva som ligg i omgrepet. På spørsmål om kva informantane legg i omgrepet «innovasjon» kom det også fram mange like forklaringar. Samtidig meinte så og seie alle informantane at «innovasjon» ikkje var nytta i samband med frivilligpolitikken i kommunen. Dette ser vi mellom anna i sitatet frå informant K3: «Vet ikke om innovasjon har vært like langt fram i pannebrasken, men samskaping blir brukt aktivt hele veien» (K3). Eit par av informantane frå frivilligheita ytra seg også negativt om kommunen si evne til å vere innovative, slik mellom anna sitatet frå informant F5 viser: «Jeg tror kommunal sektor er den minst innovative sektoren du kan finne, og mest tungrodd og der hvor alt engasjementet forsvinner» (F5).

Kommunen brukar altså omgrepet «samskaping» aktivt i frivilligpolitikken, i retorikken som eg møter hos informantane frå kommunen og gjennom satsingar som «Den samskapende kommune»⁴⁰ og «samskapingsteam» (K2; K6). Samtidig viser utsegn frå enkelte av informantane at ordet blir ulikt oppfatta, og tidvis har skapt debatt. Dette viser at «samskaping» har blitt eit «magisk omgrep» i kommunen, sidan omgrepet impliserer konsensus, er fleksibelt og har positive konnotasjonar, men at det samtidig er eit abstrakt og upresist omgrep som det kan vere utfordrande å hente ut bestemte reglar eller handlingar frå, i tråd med det Pollitt og Hupe (2011) skriv. Informantane skildrar

⁴⁰ <https://stad.kommune.no/tenester/samfunnsutvikling/den-samskapende-kommunen-pilot/>

samskaping i positive ordelag, og gjerne med begeistring. Samtidig legg informantane ulikt praktisk innhald i omgrepet samskaping når dei skal relatere det til frivilligpolitikken. Derfor bør kommunen, etter mitt syn, bruke den positive draghjelpa samskaping kan gje, men samtidig vere klar over at magiske omgrep er ustabile og kan både forføre og skape misforståingar og skepsis. Skal samskaping vere eit berande prinsipp i frivilligpolitikken må kommunen og frivilligheita bli samde om kva omgrepet skal bety i praksis.

5.4 Legg frivilligpolitikken til rette for samskaping på nye måtar og offentleg innovasjon?

I forskingsspørsmål 2 har eg sett lys på følgjande: *Kan frivilligpolitikken legge til rette for samarbeid på nye måtar mellom kommunar og frivillige organisasjonar?* Eg har svart ut dette spørsmålet ved først å sjå på om frivilligpolitikken i kommunen har vore med å legge til rette for samskaping på nye måtar, i lys av teoriane om *fem trinn av samskaping* (Torfing et al., 2019). Eg har så sett på om frivilligpolitikken er med å legge til rette for offentleg innovasjon, med utgangspunkt i teoriane om *tre nivå eller rammer for offentleg innovasjon* (Sørensen & Torfing, 2022). Til slutt ser eg nærmare på om omgrepa «samskaping» og «innovasjon» er såkalla *magiske omgrep*, i tråd med Pollitt og Hupe (2011) sine teoriar. Eg vil i dette delkapittelet oppsummere dei funna eg har gjort rundt det andre forskingsspørsmålet.

Torfing mfl. (2019) skriv i sine teoriar om *fem trinn av samskaping* at dei tre lågaste trinna av samskapinga handlar om å vere medprodusent av eigne velferdstenester, delta frivillig i offentleg tenesteproduksjon og å spele inn i offentlege prosessar. Både intervju, observasjonane og dokumentanalysen viser at det langt på veg går føre seg samskaping mellom kommunen og frivilligheita på dei tre lågaste trinna, jf. Torfing mfl. (2019). Spesielt er det tydeleg at frivillige kan bidra inn i dei offentlege tenestene innan mange område. Dette slår både den frivilligpolitiske plattformen 2022-2024 (Stad kommune, 2021) og mange av utsegnene frå informantane fast. Det ser også ut til at frivilligheita blir invitert inn i offentlege prosessar, men her meiner enkelte av informantane frå frivillig sektor at dei kan ha avgrensa ressursar til å delta eller at innspela ikkje alltid bli følgt opp. Empirien viser også at kommunen nyttar tradisjonelle kanalar når dei inviterer frivillige til

innspel, og ikkje til dømes digitale innspelsplattformer, slik mellom anna Torfing og Ansell (2021) tar til orde for. Dette kan lukke døra for innspel frå ein del grupper.

I følgje Torfing mfl. (2019) handlar det fjerde trinnet av samskaping om gjensidig dialog mellom offentlege og private aktørar gjennom ad hoc møter, for å skape nye og betre løysingar og koordinere implementeringa av dei. Studien min viser at det er eit ønske frå informantane om gjensidig dialog mellom kommunen og frivilligheita. Både kommuneplanen sin samfunnsdel (Stad kommune, 2020) og frivilligpolitisk plattform 2022-2024 (Stad kommune, 2021) har tydelege mål om samarbeid og dialog. Studien min viser også at frivilligheita og kommunen gjennomfører ad hoc møte med mål om å skape nye og betre løysingar og koordinere implementeringa av desse, i tråd med samskaping på trinn 4 (Torfing et. al. 2019). Studien viser likevel at enkelte av informantane erfarer at det tidvis er utfordrande å få til gjensidig dialog, noko som muligens kan handle om eit asymmetrisk maktforhold mellom kommunen og frivilligheita.

Det femte og øvste trinnet på samskappingsstigen handlar, i følgje Torfing mfl. (2019), om at sivil og privat sektor er deltakarar på institusjonelle arenaer saman med offentlig sektor, der det blir lagt til rette for samarbeidande innovasjon med mål om å sette agenda, definere problem, designe og teste nye løysingar og koordinere implementeringa av desse i lag. Torfing mfl. (2019) skriv at det kan vere vanskeleg å realisere samskapinga sitt fulle potensial, men at det likevel bør vere eit mål. Når det gjeld samskaping på trinn 5 viser studien min at det i samband med frivilligpolitikken er etablert enkelte nye møtepunkt mellom kommunen og frivilligheita som kan kallast institusjonelle arenaer, slik som dei årlege frivilligkveldane og innbyggjartreffa. Samarbeidsavtalar og faste kontaktpersonar for frivillige organisasjonar blir også nemnt som nye tiltak av enkelte informantar. Gjennom dokumenta, intervju og observasjonen kjem det likevel fram at det i liten grad blir lagt til rette for samarbeidande innovasjon på desse arenaene, med unntak av nokre enkeltprosjekt. Samtidig nemner informantar frå kommunen det nyetablerte *samskapingsteamet* som eit tiltak der det framover kan bli lagt meir til rette for samarbeidande innovasjon mellom frivilligheita og kommunen.

For å sjå nærmare på spørsmålet om frivilligpolitikken kan vere med å legge til rette for offentlig innovasjon har eg nytta teoriane til Sørensen og Torfing (2022) om *tre ulike nivå*

eller rammer for offentlig innovasjon. Det første nivået handlar om *innovative løysingar gjennom politiske avgjersler og reguleringar*, som fører til at offentlege tenester blir produsert på nye og betre måtar. Verken kommuneplanen sin samfunnsdel (Stad kommune, 2020) eller den frivilligpolitiske plattformen (Stad kommune, 2021) peikar i retning av å invitere frivilligheita med i offentlig innovasjonsarbeid. Informantane frå frivillig sektor kjenner heller ikkje til at det har blitt gjort politiske vedtak som legg opp til offentlig innovasjon med frivilligheita som ein av aktørane, medan enkelte av informantane frå kommunen kjem med eksempel på slike tiltak. Det er dermed lite som tyder på at frivilligpolitikken i kommunen legg til rette for innovative løysingar gjennom politiske avgjersler og reguleringar, som er det første nivået eller ramma for offentlig innovasjon, jf. Sørensen og Torfing (2022).

På det andre nivået finn vi *innovative prosessar med gjensidig samhandling på tvers av sektorar og miljø* (ibid.). Dette nivået heng tett saman med mellom anna samarbeidande innovasjon og samskaping – med involvering av sivilsamfunn, privat og offentlig sektor for å skape og implementere nye løysingar på felles utfordringar. Studien min har gitt til dels ulike svar på om det går føre seg innovative prosessar. Eksempla frå enkelte av informantane peikar i retning av at det går føre seg enkelte slike prosessar. Samtidig er informantane frå frivillig sektor lite kjent med desse prosessane, og enkelte har eit heller negativt inntrykk av kommunen sitt innovasjonsarbeid.

På det tredje nivået finn vi *innovative institusjonar* i form av permanente plattformer og ad hoc arenaer for samarbeidande innovasjon, jf. Sørensen og Torfing (2022). Studien min viser at dei årlege møtepunkta som oppstod i samband med den første frivilligpolitiske plattformen, saman med mellom anna frivilligsentralar og det nye samskapingsteamet kan fungere som permanente plattformer eller ad hoc arenaer for å diskutere felles utfordringar og løysingar. Det er likevel lite som tyder på at desse møtepunkta har det Sørensen og Torfing (2022) kallar *samarbeidande innovasjon* som eit klart mål. Møtepunkta kan derfor truleg ikkje kallast for *innovative institusjonar*, jf. Sørensen og Torfing (2022). Utsegner frå informantar frå kommunen tyder likevel på at møtepunkta har potensiale i seg til å kunne bli plattformer eller arenaer for offentlig innovasjon.

I følge Pollitt og Hupe (2011) har enkelte ord, såkalla *magiske omgrep* fått ei retorisk særstilling i diskursen rundt offentleg styring. Orda har gjerne breitt omfang, stor fleksibilitet og positive konnotasjonar, men motstridande definisjonar kan gjere det utfordrande å hente ut bestemte reglar eller handlingar frå dei, sidan dei er for abstrakte og generelle (ibid.). Både «innovasjon» (ibid.) og «samskaping» (Torfing et al., 2022) blir rekna som magiske omgrep med stor spreiding i offentleg sektor.

Studien min viser at omgrepa samskaping og innovasjon blir nytta aktivt i kommunen sine planar, men at det berre er ordet samskaping som blir nytta i Frivilligpolitisk plattform 2022-2024 (Stad kommune, 2021). Samskaping blir nytta aktivt i retorikken til informantane frå kommunen og gjennom ulike satsingar. Utsegn frå enkelte av informantane viser likevel at ordet blir ulikt oppfatta, og tidvis har skapt debatt. Dette viser at «samskaping» har blitt eit «magisk omgrep» i kommunen, sidan omgrepet impliserer konsensus, er fleksibelt og har positive konnotasjonar, men samtidig er eit abstrakt og upresist omgrep utan bestemte reglar eller handlingar, jf. Pollitt og Hupe (2011).

Informantane skildrar samskaping i positive ordelag, og enkelte med begeistring. Samtidig legg informantane ulikt praktisk innhald i omgrepet når dei skal relatere det til frivilligpolitikken. Kommunen kan derfor bruke den positive draghjelpa samskaping gir, men må samtidig vere klar over at magiske omgrep er ustabile og kan både forføre og skape misforståingar. Kommunen og frivilligheita må bli samde om kva samskaping skal bety i praksis om det skal vere eit berande prinsipp i frivilligpolitikken.

6 Oppsummering: Frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon

Dette kapittelet er ei konkluderande oppsummering av funna mine, og eit svar på den overordna problemstillinga: *Korleis utviklar og inviterer kommunar til medverknad om lokal frivilligpolitikk, og kan frivilligpolitikken legge til rette for offentleg innovasjon og nye former for samskaping?* Eg har gjennom studien min undersøkt korleis Stad kommune har arbeidd med frivilligpolitikk, samskaping og offentleg innovasjon. I studien har eg gått i djupna på éin politikktutviklingsprosess og gjort metodetriangulering gjennom tre kvalitative teknikkar for datainnsamling: Intervju, observasjon og dokumentanalyse. Eg har i studien nytta teoriane/modellane om *iverksetting* (Offerdal, 2014), *den politiske stegmodellen* (Vabo et al., 2020), *fem trinn av samskaping* (Torfing et al., 2019), *tre rammer for offentleg innovasjon* (Sørensen & Torfing, 2022) og *magiske omgrep* (Pollitt & Hupe, 2011).

Proessen med å utvikle ein frivilligpolitisk plattform var lagt opp på nokså likt vis både i Eid kommune i perioden 2016 til 2018, og i Stad kommune i perioden 2019 til 2021 og 2023 til 2024. Frivillighet Norge spelte ei sentral rolle som fasilitator av innspelsmøta ved utviklinga av dei to første frivilligpolitiske plattformene, og har i samband med utvikling av den nye frivilligpolitiske plattforma 2025-2027 gitt ut ein rapport basert på ei kartlegging blant frivillige organisasjonar i 2023. I motsetnad til tidlegare leier kommunen sjølv innspelsmøta i samband med den nye frivilligpolitiske plattforma. På denne måten ser eg ei utvikling der det no blir lagt til rette for fleire arenaer for innspel og der kommunen spelar ei meir aktiv rolle i å fasilitere innspelsarenaene.

Eg har vidare i studien sett empirien i lys av *iverksettingsteori* (Offerdal, 2014). Studien viser at det første initiativet til å utvikle frivilligpolitikk kom frå styret i frivilligsentralen som utfordra kommunen til dette, etter å ha deltatt på ein konferanse i regi av Frivillighet Norge. På denne måten kan vi sjå iverksettinga av frivilligpolitikken som eit resultat av idear ovanfrå, frå staten, KS og Frivillighet Norge. Vi kan også sjå det som iverksetting nedanfrå, der styret i den ideelle frivilligsentralen spelte ideen om frivilligpolitikk inn til kommunen. I arbeidet med frivilligpolitisk plattform 2022-2024 og 2025-2027 blir iverksettinga i hovudsak skildra som eit initiativ ovanfrå – frå kommunen. Likevel peikar

fleire av informantane på at iverksettinga av frivilligpolitikken er ein kombinasjon av initiativ både ovanfrå – frå kommunen – og nedanfrå – frå frivilligheita.

I analysen av korleis frivilligheita får medverke i utviklinga av frivilligpolitikken har eg tatt utgangspunkt i *den politiske stegmodellen* (Vabo et al., 2020). Studien min viser at frivilligheita i mindre grad er med å *sette politisk agenda*, men er invitert til å delta i *politikkutforminga* gjennom ulike arenaer. Fleire av informantane gir likevel uttrykk for at kommunen bør legge endå betre til rette for medverknad i utforminga av frivilligpolitikk. *Avgjersle* er, i følgje Vabo mfl. (2020), eit steg som i hovudsak skjer blant dei folkevalde, og derfor ikkje analysert i studien. Dei fleste informantane gir uttrykk for at *iverksettinga* av frivilligpolitikken blir gjort av kommunen sjølv, og ikkje frivilligheita. Dette får meg til å undre over om dette handlar om manglande samhandling eller om frivilligheita si frie rolle? Studien min viser vidare at kommunen kan jobbe meir systematisk med *evaluering* av frivilligpolitikken, som er det siste steget i den politiske stegmodellen.

På spørsmålet om frivilligpolitikken legg til rette for samskaping på nye måtar har eg lagt Torfing mfl. (2019) sine *fem trinn av samskaping* til grunn. Studien viser at kommunen inviterer innbyggjarar til samskaping på dei tre lågaste trinna, som medprodusentar av velferdstenester, frivillige i offentleg tenesteproduksjon og til å spele inn i offentlege prosessar. Samtidig seier fleire av informantane at kan vere utfordrande å nå gjennom eller å ha ressursar til å delta i prosessane. Kommunen nyttar tradisjonelle kanalar når dei inviterer til innspel. At kommunen ikkje nyttar til dømes digitale innspelsplattformer kan kanskje vere med å lukke døra for nye samarbeidsformer og innspel frå frivilligheita.

Studien min viser vidare at kommunen ønskjer gjensidig dialog og samarbeid med frivilligheita, men at dette kan vere utfordrande i praksis. Dette kan tyde på ein viss asymmetri i maktforholdet mellom kommunen og frivilligheita. Studien viser også eksempel der kommunen og frivilligheita skaper og implementerer nye løysingar, men enkelte informantar har erfaring med det motsette. Studien min viser på denne måten at det er ønske om å få til gjensidig dialog for å skape nye løysingar i lag, i tråd med samskaping på trinn 4, jf. Torfing mfl. (2019), men tidvis utfordrande å få til dette i praksis.

Når det gjeld samskaping på trinn 5, jf. Torfing mfl. (2019), viser studien min at det er etablert enkelte møtepunkt som kan definerast som såkalla *institusjonelle arenaer* der kommunen og frivilligheita deltar, men at det ikkje i særleg grad blir lagt til rette for *samarbeidande innovasjon* på desse arenaene. Enkelte trekker likevel fram det nyetablerte *samskapingsteamet* som ein mulig arena for samarbeidande innovasjon.

For å sjå nærmare på spørsmålet om frivilligpolitikken kan vere med å legge til rette for offentleg innovasjon har eg nytta teoriane til Sørensen og Torfing (2022) om *tre ulike nivå eller rammer for offentleg innovasjon*. Verken dei politiske dokumenta eg har analysert eller utsegner frå informantane tyder på at kommunen gjennom frivilligpolitikken legg til rette for *innovative løysingar gjennom politiske avgjersler og reguleringar*, som er det første nivået for offentleg innovasjon (ibid.) Studien min har gitt ulike svar på om det går føre seg *innovative prosessar med gjensidig samhandling på tvers av sektorar og miljø* (ibid.). Eksempla frå enkelte informantar peikar i retning av enkelte innovative prosessar. Samtidig er informantane frå frivillig sektor lite kjent med desse prosessane, og enkelte har eit negativt inntrykk av kommunen sitt innovasjonsarbeid. På det tredje nivået finn vi *innovative institusjonar* i form av permanente plattformer eller ad hoc arenaer for samarbeidande innovasjon, jf. Sørensen og Torfing (2022). Studien min viser at møtepunktta mellom kommunen og frivilligheita truleg ikkje kan kallast *innovative institusjonar*. Utsegner frå informantar tyder likevel på at møtepunktta har potensiale i seg til å kunne bli plattformer eller arenaer for offentleg innovasjon.

Omgrepa «samskaping» og «innovasjon» blir nytta aktivt i kommunen sine planar, og då spesielt samskaping. Alle informantane kjem med litt ulike forklaringar på dei to omgrepa, men har i all hovudsak positive konnotasjonar rundt dei. Når informantane skal gje omgrepa eit meir praktisk innhald og relatere dei til frivilligpolitikken, ser både samskaping og innovasjon ut til å vere litt upresise og ustabile omgrep med ein del begrensingar, i tråd med Pollit og Hupe (2011) sine teoriar om «magiske omgrep». Kommunen kan bruke den positive draghjelpa omgrepa gir, men må samtidig vere klar over at magiske omgrep er ustabile og kan både forføre og skape misforståingar. Kommunen og frivilligheita må bli samde om kva samskaping og innovasjon skal bety i praksis om dei skal vere berande prinsipp i frivilligpolitikken.

7 Vidare forskning

Det har vore svært interessant å studere korleis Stad kommune har utvikla og invitert frivilligheita til medverknad om frivilligpolitikk, og om frivilligpolitikken legg til rette for offentleg innovasjon og samskaping på nye måtar. Gjennom delkapittelet om kunnskapsstatus i kapittel 1 synte eg fram ulike gap innan forskinga på både frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon. Det finst fleire retningar for vidare forskning innan desse områda. Nedanfor vil eg komme med nokre idear til vidare forskning.

For det første kunne det vore interessant å gjennomføre ein liknande studie i ein annan kommune, for å samanlikne resultata som gjeld utvikling og medverknad i frivilligpolitikken og om frivilligpolitikken legg til rette for offentleg innovasjon og samskaping på nye måtar. I ein komparativ studie kan ein til dømes sjå på forskjellar mellom utvikling av frivilligpolitikk i bykommunar og distriktskommunar, mellom kommunar som nyleg er samanslått og «gamle» kommunar eller mellom kommunar med god og dårleg økonomi. Det kunne også vore interessant å sjå utvikling av frivilligpolitikk og samskaping i lys av om kommunen er styrt av parti på den politiske venstre- eller høgresida eller mellom kommunar med parlamentarisme og formannskapsmodell. Ein komparativ studie av korleis ein norsk og ein dansk kommune jobbar med frivilligpolitikk og samskaping kunne også ha gitt nyttig kunnskap.

Studien min viser at både staten og KS har frivilligpolitikk og samskaping med frivilligheita som viktige politiske mål. Samtidig er det gjort lite forskning i frivilligfeltet på korleis ambisjonane om frivilligpolitikk og auka samskaping blir tatt i mot. Eit forskingsbidrag innan dette kunne ha gitt nyttige svar på korleis det offentlege kan invitere frivilligheita til samarbeid – på frivilligheita sine premissar. Det er forska lite på resultata og effektane av frivilligpolitikk og samskaping, noko forskning kunne ha bidratt med meir kunnskap om.

Studien min viser at frivilligheita i liten grad blir invitert til å delta i offentleg innovasjon. Å forske på korleis frivillige aktørar kan og vil delta i offentleg innovasjonsarbeid eller som sosiale entreprenørar kan vere eit nyttig bidrag i ei tid der ulike sektorar i større grad må finne løysingane på dei store samfunnsutfordringane i lag.

8 Litteraturliste

Bukve, O. (2021). *Forstå, forklare, forandre: om design av samfunnsvitenskaplege forskingsprosjekt* (2. utg.). Universitetsforlaget.

Egholm, L. (2014). *Videnskabsteori: perspektiver på organisationer og samfund*. Hans Reitzel.

Eimhjellen, I & Loga, J. (2017). *Nye samarbeidsrelasjoner mellom kommuner og frivillige aktører. Samskaping i nye samarbeidsforhold?* Samfunnsforskning.no. Henta 17. oktober 2024 frå <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/handle/11250/2474317>

Grønmo, S. (2015). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget

Frivillighet Norge (2024). *Stadig flere kommuner vedtar en helhetlig frivillighetspolitikk*. Frivillighet Norge. Henta 17. oktober 2024 frå <https://www.frivillighetnorge.no/verktoy/offentlige/samhandlingskoden/hvorfor-utvikle-en-kommunal-frivillighetspolitikk/stadig-flere-kommuner-vedtar-en-helhetlig-frivillighetspolitikk>

Frivillighet Norge (2019). *Innspillsmøte 26. oktober 2019. Oppsummerende rapport*. Frivillighet Norge. Henta 24. august frå https://stad.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-1462750_1_A!d-2021034893!iJncBY

Frivillighet Norge (2023). *Kartlegging av frivillige organisasjoner i Stad kommune 2023*.

Frivillighet Norge. Henta 11. august 2024, frå

<https://stad.kommune.no/f/p1/i23483a8b-2fc1-4fa6-a9c9-3c4655cc2abf/Kartlegging%20av%20frivillige%20organisasjoner%20i%20Stad%20kommune%20offentleg.pdf>

Høgskulen på Vestlandet. (2024, 21. august). *Forskingsetikk*. Høgskulen på Vestlandet.

<https://www.hvl.no/forsking/forskingsetikk/>

KS. (2018). *Sosial innovasjon i kommunene*. KS. Henta 6. oktober 2024 frå

<https://www.ks.no/fou-sok/2018/164036/>

KS. (2020, 23. april). *Innovasjonsbarometeret 2020*. KS.

<https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/innovasjonsledelse/innovasjonsbarometeret-2020/innovasjonsbarometeret-2020-metodeskriv/>

KS. (2023). *Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor*. KS.

Henta 6. oktober 2024 frå

<https://www.ks.no/contentassets/d19abaf4f3df4625bdbf455d8f836703/Plattform-for-samspill-og-samarbeid-mellom-frivillig-og-kommunal-sektor-15-.pdf>

Loga, J. (2018, 5. januar). *Sivilsamfunnets roller i velferdsstatens omstilling*. I Norsk sosiologisk Tidsskrift, Vol.2 (1), s. 58-73. Idunn.no.

<https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.2535-2512-2018-01-05>

Meld. St. 30 (2019–2020). *En innovativ offentlig sektor — Kultur, ledelse og kompetanse*.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-30-20192020/id2715113/>

Meld. St. 10 (2018–2019). *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig – Den statlege frivilligheitspolitikken*. Kultur- og likestillingsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-10-20182019/id2621384/>

Norske frivilligsentraler (2024, 7. august). *Eid frivilligsentral*. Norske frivilligsentraler.

<https://frivilligsentral.no/sentral?eid-frivilligsentral&Id=258956>

NOU 2022:10. (2022). *Inntektssystem for kommunene*. Kommunal- og distriktsdepartementet. Henta 6. oktober 2024 frå

<https://www.regjeringen.no/contentassets/b6d3b121f9884eba9755c8ccd6e1afb3/no/pdfs/nou202220220010000dddpdfs.pdf>

Offerdal, A. (2014). Iverksettingsteori - resultatene blir sjelden som planlagt – og det kan kanskje være en fordel? I H. Baldersheim & L.E Rose (Red.), *Det kommunale laboratorium. Teoretiske perspektiv på lokalpolitikk og organisering* (3. utg., s. 219-238). Fagbokforlaget.

Osborne, S. P. (2006). The New Public Governance? *Public Management Review*, 8(3), 377–387.

<https://doi.org/10.1080/14719030600853022>

Pollit, C. & Hupe, P. (2011). Talking About Government. The role of magic concept. I *Public management review*, Vol.13 (5), s. 641-658.

<https://doi.org/10.1080/14719037.2010.532963>

Røiseland, A. & Lo, C. (2019, 4. april) Samskaping – nyttig begrep for norske forskere og praktikere? *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*. Idunn.no.

<https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.1504-2936-2019-01-03>

Røiseland, A. & Vabo, S. I. (2016). *Styring og samstyring: governance på norsk* (2. utg. utg.). Fagbokforlaget

Samfunnsforskning.no (2021, 10. mai). *Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Om senteret*. Samfunnsforskning.no

<https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/om/>

Selle, P. & Strømsnes, K. (2012). *Organisasjonene og det offentlige. Har vi fått en ny frivillighetspolitikk?* Samfunnsforskning.no

<https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/handle/11250/2445370>

Selle, P.; Strømsnes, K. & Loga, J. (2018). State and civil society – A regime change? I Enjolras, B. & Strømsnes, K. (Red.), *Scandinavian Civil Society and Social Transformations*, s. 117-163. Springer Cham

<https://www.springer.com/gp/book/9783319772639>

Sikt (u.d). *Meldeskjema for personopplysninger i forskning*. Sikt. Henta 17. oktober 2024 frå

<https://sikt.no/tjenester/personverntjenester-forskning/fylle-ut-meldeskjema-personopplysninger>

Stad kommune (2020). *Stad kommune mot 2030. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032*. Stad kommune. Henta 17. oktober 2024 frå

https://stad.kommune.no/f/p1/ic63fba92-422f-45a7-bcbe-d3967cdf620f/210609_stad_kommuneplan_trykkfil_spreads_lowres.pdf

Stad kommune (2021). *Frivilligpolitisk plattform 2022-2024*. Stad kommune. Henta 11. august 2024 frå

<https://stad.kommune.no/f/p1/i55dbf446-945b-440d-a8b4-a5f773dfbd31/frivilligpolitisk-plattform-2022-2024-nettversjon.pdf>

Stad kommune (2024). *Samandrag av frivilligkveld 2024*. Stad kommune. Henta 11. august 2024 frå

<https://stad.kommune.no/f/p1/i6ac91bee-5ed5-4cc6-81fb-845de700e341/samandrag-frivilligkveld-2024-2.pdf>

- Stad kommune (2021). *Saksframlegg og vedlegg, sak 21/172, kommunestyret 16.12.2021– Frivilligpolitisk plattform 2022-2024 for Stad kommune*. Stad kommune. Henta 24. august 2024, frå https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/#/details/m-3dd15a26_96f4_4d7d_a998_45a817cb090e-145!rzsL0c
- Sørensen, E. & Torfing, J. (2022). The Three Orders of Public Innovation: Implication for Research and Practice. I *Nordic Journal og Innovation in the Public Sector*, Vol. 1, s. 35-52. Idunn.no. <https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/njips.1.1.3>
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder* (5. utg.). Fagbokforlaget
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Torfing, J; Sørensen, E & Røiseland, A. (2016). *Samskapelse er bedre og billigere*. I *Stat & Styling*, Vol.30 (4), s. 31-35. Idunn.no. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/ISSN0809-750X-2020-04-10>
- Torfing, J.; Sørensen, E. & Røiseland, A. (2019) *Transforming the Public Sector Into an Arena for Co-Creation: Barriers, Drivers, Benefits, and Ways Forward*. I *Administration & society*, 51(5), s. 795-825. <https://doi.org/10.1177/0095399716680057>
- Torfing, J; Sørensen, E & Røiseland, A. (2020). *Samskaping - frå ide til strategi*. I *Stat & Styling*, Vol.30 (4), s. 28-30. Idunn.no. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/ISSN0809-750X-2020-04-09>
- Torfing, J. & Ansell, C. (2021). *Co-creation: the new kid on the block in public governance*. I *Policy and Politics*, 49(2), s. 211-230. <https://doi.org/10.1332/030557321x16115951196045>

Torring, J.; Sørensen, E. & Breimo, J. P. (2022) *When Norway met co-creation: the import, diffusion, and onboarding of a magic concept in public administration*. I International Public Management Journal, 26(5), s. 1-20.

<https://doi.org/10.1080/10967494.2022.2128127>

Trætteberg, H. S.; Eimhjellen, I.; Ervik, R., Enjolras, B. & Skiple, J. K. (2020). *Kommunal frivillighetspolitikk og lokale organisasjoner*. Samfunnsforskning.no.

<https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2638301/Kommunal%2bfrivillighetspolitikk.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Vabo, S. I., Klausen, J. E. & Askim, J. (2020). *Offentlig politikk*. Universitetsforlaget.

Vestland fylkeskommune (2024). *Kunnskapsgrunnlag frivillig sektor i Vestland*.

Vestland fylkeskommune. Henta 17. oktober 2024 frå

<https://vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/kultur-og-idrett/kunnskapsgrunnlag-frivillig-sektor-i-vestland.pdf>

Yin, R.K. (2018). *Case study research and applications: Design and Methods* (6. utg.).

SAGE.

9 Vedlegg

9.1 Vedlegg 1: Informasjonsskriv

Vil du delta i forskingsprosjektet «utvikling av frivilligpolitikk i kommunar»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt. I dette skrivet finn du informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil innebære for deg.

Føremålet med prosjektet

Føremålet med prosjektet er å finne meir ut av korleis kommunar kan utvikle frivilligpolitikk i samarbeid med frivilligheita, og om frivilligpolitikken kan legge til rette for samskaping og innovasjon. Eg vil intervju representantar i kommunen med ansvar for frivilligheita og representantar frå frivillige organisasjonar.

Eg er student på masterprogrammet i organisasjon og leiing ved Høgskulen på Vestlandet og forskingsprosjektet er knytt til masteroppgåva mi.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Eg ønskjer å intervju tilsette i kommunen med ansvar for å følgje opp og samarbeide med frivilligheita i kommunen. Eg ønskjer også å intervju representantar frå frivillige kultur- og fritidsorganisasjonar i kommunen.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Åge Avedal, student ved Høgskulen på Vestland, er ansvarleg for prosjektet. Professor og fagleg leiar Jill Merethe Loga frå Høgskulen på Vestlandet, Institutt for økonomi og administrasjon, er rettleiar. Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap, Institutt for samfunnsvitskap er ansvarleg for personopplysingane som blir behandla i prosjektet.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Det vil ikkje føre til negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta, eller om du seinare ber om å få opplysingane dine sletta.

Kva inneber det for deg å delta?

Du blir invitert til å delta i eit videointervju som vil ta mellom 45 og 60 minutt. Intervjua vil bli gjennomført enkeltvis eller i gruppe på to til fire personar (fokusgruppeintervju). Det blir tatt opptak og skrive notat under intervjuet. Eg vil òg be om å få tilgang til eventuelle aktuelle planar, strategiar og styringsdokument for din kommune.

Kort om personvern

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar personopplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Du kan lese meir om personvern under.

Venleg helsing

Jill. M. Loga
(professor/rettleiar)

Åge Avedal
(student)

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og brukar opplysningane dine

Eg vil bruke opplysningane du gjev til føremåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Dei som har tilgang til data vil vere rettleiar og student.
- Namnet og kontaktopplysningane dine vil bli erstatta med ein kode som blir lagra på ei eiga namneliste åtskilt frå andre data. Datamaterialet blir lagra på Høgskulen på Vestlandet sin forskingsserver.
- I den publiserte masteroppgåva vil deltakarane bli omtalt anonymisert og personopplysningar vil ikkje vere mogleg å spore.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på samtykket ditt, og fordi forskingsprosjektet er vurdert å vere av allmenn interesse. På oppdrag frå Høgskulen på Vestland har personverntenestene ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør, vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet vil skje i samsvar med personvernregelverket.

Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til å protestere, be om innsyn, og til retting og sletting av opplysningar som vi behandlar om deg. Du vil då høyre frå oss innan ein måned. Vi vil gje deg ei grunngjeving dersom vi meiner at du ikkje kan identifiserast, eller at rettane ikkje kan utøvast. Du har også rett til å klage til Datatilsynet på korleis vi behandlar personopplysningane dine.

Kva skjer med personopplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttast innan 31.12.2024. Kodelista med namnet ditt og nummer vert då destruert og data vil bli oppbevart i anonymisert form i passordbeskytta eining som berre eg har tilgang til.

Spørsmål

Dersom du har spørsmål eller vil utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Student: Åge Avedal, age.avedal@eninvest.net, tlf. 970 72 734.
- Rettleiar: Jill Merethe Loga, jill.merethe.loga@hvl.no, tlf. 55 58 75 03
- Personvernombod ved Høgskulen på Vestlandet: Trine.Anniken.Larsen@hvl.no, tlf. 55 58 76 82

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga frå Sikt sine personverntenester, kan du ta kontakt på e-post: personverntjenester@sikt.no, eller på tlf. 73 98 40 40.

9.2 Vedlegg 2: Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet "Utvikling av frivilligpolitikk i kommunar", og har fått høve til å stille spørsmål.

Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at intervjuet blir tatt opp
- at funna frå studien kan publiserst i anonymisert form i mi masteroppgåve
- at data frå intervjuet kan brukast etter prosjektslutt i anonymisert form

Eg samtykker til at opplysingane mine blir behandla fram til prosjektslutt,
31.12.2024

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

9.3 Vedlegg 3: Intervjuguide

Intervjuguide – frivilligpolitikk, samskaping og innovasjon

Introduksjon før intervjuet

- Kva er målet med intervjuet.
- Gjere informanten merksam på forhold knytt til teieplikt og anonymitet, samt høve til å kunne trekke seg når som helst i prosessen.
- Intervjuet blir tatt opp og det som blir sagt vil bli transkribert og lagra trygt.
- Sikre at informanten er inneforstått med info frå informasjonsskriv og rettar knytt til personvern.
- Be intervjudeltakar kort fortelje om bakgrunn og kva rolle hen har i kommunen eller frivilligheita.

Tema 1: Utvikling av frivilligpolitikk

1. På kva måte vart frivilligheita invitert til å delta og medverke i arbeidet med å utvikle frivilligpolitikken i kommunen, før den vart vedtatt politisk (av kommunestyret)?
2. Har frivilligheita, etter ditt syn, fått god sjanse til å vere med å utforme frivilligpolitikken? Forklar.
3. Korleis har frivilligheita blitt tatt med i arbeidet med å oppfylle / sette i verk måla og tiltaka i frivilligpolitikken, etter at den vart vedtatt?
4. Har kommunen og frivilligheita gjort evalueringar av frivilligpolitikken etter den vart vedtatt?
5. Er arbeidet med frivilligpolitikk eit initiativ som har kome frå kommunen eller frivilligheita?

Tema 2: Magiske omgrep

1. Stad kommune har deltatt i prosjektet «Den samskapande kommune». Kva legg du i omgrepet samskaping?
2. Kva legg du i omgrepet innovasjon?
3. Har du erfaring med at «samskaping» har blitt nytta som omgrep i arbeidet med å utvikle frivilligpolitikk i kommunen? På kva måte i så fall?
4. Har du erfaring med at «innovasjon» har blitt nytta som omgrep i arbeidet med å utvikle frivilligpolitikk i kommunen? På kva måte i så fall?

Tema 3: Samskaping

1. Kan du skildre korleis samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita går føre seg?
2. På kva ulike måtar føregår kontakten mellom frivillige organisasjonar og kommunen? (Faste formelle møteplassar, uformelle møteplassar, økonomisk støtte, lån av lokale etc.).
3. Har det oppstått nye kontaktar mellom kommunen og frivilligheita som følge av frivilligpolitikken? I så fall – kan du skildre dette?
4. Korleis opplever du dialogen og samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita om felles oppgåver og utfordringar i lokalsamfunnet?
5. Har kommunen og frivillige organisasjonar systematiske og faste møtearenaer for å diskutere korleis ein kan løyse utfordringar i lokalsamfunnet i lag? Skildre i så fall desse.

Tema 4: Nye former for samskaping og innovasjon

1. Møtest frivilligheita og kommunen for å finne fram til og teste ut nye løysingar på ulike utfordringar i kommunen, det vi kan kalle innovasjon? Skildre i så fall dette.
2. Har du erfaringar med at frivilligheita og kommunen samarbeider om nye tiltak som de ikkje gjorde tidlegare? Skildre i så fall korleis dette samarbeidet blir koordinert.
3. Blir det lagt opp til innovasjonsprosessar i kommunen der frivilligheita og andre blir invitert til å løyse samfunnsoppgåver i lag? Skildre i så fall dette.
4. Har frivilligpolitikken i Stad kommune ført til auka samskaping og innovasjon mellom kommunen og frivilligheita, etter ditt syn? I så fall på kva måte?

Avslutning: Takk for intervju. Kan eg ta kontakt med deg igjen om eg har fleire spørsmål knytt til temaet?

9.4 Vedlegg 4: Kodegruppering

Gruppering av kodar, masteroppgåve

Nr.	Kodegruppa sitt innhald
X	Forkasta kodar
1	Frivilligplan er initiativ ovanfrå - frå staten eller kommunen (iverksettingsteori)
2	Initiativet til frivilligpolitikk har kome som eit samarbeid mellom kommune og frivilligheita (iverksettingsteori)
3	Frivilligheita har blitt involvert i utvikling av frivilligpolitikk og plan. Ein del frivillige har kanskje ikkje vore så bevisst på det. Spørjeundersøking sentralt. Frivilligpolitikk får det inn i ordna former (Stegmodell, samskaping?)
4	Frivilligheita er positive til å sette i verk tiltak i frivilligplan. Kommunen kunne invitert frivilligheita meir til medverknad og iverksetting – og må stå klar når frivilligheita tar initiativ (Stegmodell)
5	Frivilligheita kjenner ikkje til om dei har blitt invitert til å evaluere frivilligpolitikken. Muligens i samband med spørjeundersøking (stegmodell)
6	Kommunen har ikkje forankra og følgjer ikkje opp eigne planar i sin daglege i kontakt med frivilligheita – og står tidvis i vegen for initiativ frå frivilligheita. Usikker på effekt av frivilligpolitikk (stegmodell, samskaping)
7	Frivilligpolitisk plattform og måla for frivillig sektor er godt forankra i administrasjonen og har ført til betre struktur, meir kontakt og høve til samarbeid (stegmodell, samskaping)
8	Kommunen kan invitere til praktisk samarbeid og kan kompensere frivilligheita for oppgåver, men må ikkje pålegge oppgåver eller ta over oppgåver. Må skje på dei frivillige sine premisser (samskaping, stegmodell)
9	Kommunen informerer og inviterer oftare til samarbeid, møtepunkt og innspelsmøte til ulike planar. Positive arenaer for innspel og samarbeid (samskaping, innovasjon, stegmodell)
10	Samskaping er å jobbe og skape synergjar i lag mot felles mål med felles forståing av situasjonen – offentlig, privatpersonar, organisasjonar, næringsliv. Er meir forpliktande og partane skal vere likestilte (kontrakt). Blir viktigare framover. (samskaping, magiske omgrep)
11	Samskaping og innovasjon er ord som manglar innhald og ikkje så relevante for frivilligheita og frivilligpolitikken? (magiske omgrep)
12	Kommunen brukar samskappingsordet aktivt og har prosjekt og (nye) tiltak rundt dette. Samskapingsteam (samskaping, magiske omgrep)
13	Samskaping er eigentleg ikkje nytt, ein har gjort det heile tida (samskaping, magiske omgrep)
14	Innovasjon er nytenking, nyskaping, å løyse problem på nye måtar og skape verdi. Nytt, nyttig, nyttiggjort. Frivillige kan bidra til innovasjon, men blir invitert inn for sjeldan. Ordet blir ikkje så mykje brukt (innovasjon, samskaping, magiske omgrep)
15	Det er etablert t.d. fast kontaktperson, samarbeidsavtale og tettare kontakt med adm. og politikarar for idrettsrådet og enkelte andre grupper. Etablert frivilligråd. Bør formalisere samarbeidet for endå fleire (samskaping)
16	Kommunen har ikkje systematiske møtepunkt med frivilligheita for å innovere, drøfte og sette i verk løysingar på samfunnsutfordringar – men er på veg mot dette? (samskaping, innovasjon)
17	Frivilligpolitikken har ført til auka samskaping og innovasjon (samskaping, innovasjon)
18	Praktiske verktøy og samarbeid: Frivilligsentralar, utlån av off. lokale, BUA, tilskotsordningar, foreiningsportal m.m. er viktige og til god hjelp for dei frivillige organisasjonane
19	Kommunen har betre kontakt og er betre organisert ovanfor frivilligheita enn tilfelle er i nabokommune
20	Samarbeidet mellom kommune og frivilligheit varierer frå bygd til bygd. Kommunen kunne reist meir ut i bygdene for å få innspel og samarbeid

9.5 Vedlegg 5: SIKT: Vurdering av behandling av personopplysninger



Vurdering av behandling av personopplysninger

Referansenummer
536162

Vurderingstype
Standard

Dato
21.12.2023

Tittel

Utvikling av frivilligpolitikk i kommunar - frå samskaping til samarbeidande innovasjon?

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap / Institutt for samfunnsvitenskap

Prosjektansvarlig

Jill Merethe Loga

Student

Åge Avedal

Prosjektperiode

01.01.2024 - 31.12.2024

Kategorier personopplysninger

Alminnelige

Lovlig grunnlag

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 31.12.2024.

[Meldeskjema](#)

Kommentar

OM VURDERINGEN

Sikt har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket. Vi har nå vurdert at du har lovlig grunnlag til å behandle personopplysningene.

KOMMENTAR TIL INFORMASJONSSKRIVET

Informasjonsskrivet ditt er litt tvetydig hva gjelder behandlingsgrunnlaget for behandling av personopplysninger, da det er oppgitt både samtykke og forskning i allmennhetens interesse. Vi forutsetter at prosjektet bruker samtykke som behandlingsgrunnlag, og ber om at du presiserer dette før du gir skrevet til forskningsdeltakerne dine. Du trenger ikke å laste opp den oppdaterte versjonen i meldeskjemaet:

Ta gjerne en titt på våre nettsider for hjelp til formuleringer: <https://sikt.no/informasjon-til-deltakarane-i-forskningsprosjekt>

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Det er institusjonen du er ansatt/student ved som avgjør hvordan du må lagre og sikre data i ditt prosjekt og hvilke databehandlere du kan bruke. Husk å bruke leverandører som din institusjon har avtale med (f.eks. ved skylagring, nettspørreskjema, videosamtale el.).

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Se våre nettsider om hvilke endringer du må melde: <https://sikt.no/melde-endringer-i-meldeskjema>

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!